

Frå Teutoburgerskogen til Illerup Ådal: Endringar i Germania i tidleg romersk jarnalder, 0-200 e.Kr.



Masteroppgåve i historie

Markus Rønneberg

AHKR: Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Våren 2022

Forord

Å arbeide med ei masteroppgåve har til tider vore den største glede, og neste dag ein kjelde til frustrasjon. Trass høge toppar og mellomdjupe dalar har dei to siste åra gått som eit skot, og eg kjenner no på slutten av semesteret på ein vemodig kjensle. Det synast som ei livstid sidan at eg avtalte eit møte med professor og historikar Eivind Heldaas Seland og hadde ein god samtale om fleire aspekt ved det å skrive ei masteroppgåve ved UiB, og eg fortalte allereie den gong då at eg var svært interessert i å undersøke eit eller anna aspekt kring temaet Romarriket og Nord-Europa. Sjølv om vegen har vore lang, enda det overordna tema opp med å vere det same som eg ønskja den gong då – sjølv om tankane i byrjinga krinsa kring det å vende blikket mot områda lenger nord.

Eg vil først og fremst rette den største og djupaste takk til min rettleiar Eivind Heldaas Seland, som har vore oppmuntrande og positiv frå dag éin. Uansett kva spørsmål og kva tid på døgnet og året dei har kome har han stilt opp, i tillegg har han vore ei uvurderleg hjelpekjelde i form av litteraturtips, praktiske løysingar og ein god samtalepartner gjennom mange og informative rettleiingar. Tusen hjarteleg takk skal du ha, denne avhandlinga hadde sett svært annleis ut hadde det ikkje vore for di rettleiing.

I tillegg vil eg takke Ingvar Brandvik Mæhle og resten av seminargruppa i antikkens historie. Diskusjonane har vore mange og gode, og spørsmål og tilbakemeldingar har vore til stor hjelp for å rette opp i både større og mindre feil. Ein annan gjeng som har vore der for meg gjennom arbeidet med masteroppgåva er dei på Åsane VGS – både kollegaer, tilsette og elevar – der eg har vore så heldig å få arbeide som historielærar det siste året. Det å ha så mange kjekke, joviale og jordnære menneske rundt seg kvar arbeidsdag har gjort det å kome seg ut av døra til noko eg verkeleg har sett fram til. Ein spesiell takk må rettast til alle kollegaer på kontor 3004 og elevane i 3PBb, som gjennom uendelege mange samtalar har følgd meg opp og spurta korleis arbeidet går, i tillegg til gode samtalar om større og mindre emne elles i liv og arbeidsliv. Tusen takk for eit fantastisk skuleår.

Avslutningsvis vil eg takke sambuaren min og familien min på Sunnmøre, samt mine gode venar og medstudentar Thomas, Stein Erik og Truls for gode filosofiske diskusjonar og hjelpsame tilbakemeldingar på ymse utkast. Alle resterande feil er sjølvsagt – eine og åleine – mine.

Markus Rønneberg, mai 2021.

Abstract

From the Teutoburg Forest to Illerup Ådal: *Amidst forests and marshes – changes in Germania during the Roman Iron Age, ca. 0-200 A.D.*

This thesis examines changes in the Germanic society during the early Roman Iron Age, from approximately 0 to 200 A.D. This is viewed through the lens of two case studies – the Battle of the Teutoburg Forest and the weapon deposits in Illerup Ådal on the west coast of Jutland, dating from 200-500 A.D. My primary argument is that the Germanic society underwent both social, political and to an extent local, economic changes, and that these would later lead to the creation of larger and more powerful confederations of warriors and tribes. The first chapter explores the roman ethnographic tradition and its source material. It examines how the authors of the ancient world viewed the untamed North (*Ultima Thule*), the very term *German* – in opposition to romans – as well as how the Germanic society might have looked like in the period spanning from Gaius Julius Caesar to Publius Cornelius Tacitus (ca. 50 B.C. - 100 A.D.). I also touch upon the topic of *Romanization*, a much debated term in this day and time. The second and third chapter respectively deal with the two case studies.

These cases have previously not been examined thoroughly side by side. Therefore, by utilizing these two areas of research as case studies, my intention is to show that modern archaeology may work as a window into the past, which is partly independent of the roman ethnographic tradition. In all three chapters I critically examine the available source material. This include both the classic roman literary texts, a wide variety of archaeological material and relevant excavation reports. I include modern interpretations and aim to give an overview of the current state of affairs within the field of research. Firstly, I examine how the picture of Germanic society – evoked from the roman literary sources – upholds when faced with modern archaeology. Here I build upon recent academic discourses and developments, including the material and the ethnographic, while also including new perspectives on the *northern barbarians* of the Roman Iron Age. Secondly, I ask what changes we can observe in the Germanic society when faced with Rome in the context of the aforementioned case studies; the battle of the Teutoburg Forest and the bog deposits in Illerup Ådal. My aim in doing so is to track changes and developments in Germania further back than previously emphasized. I hope this study will be a helpful addition to current debates.

Innhaldsliste

<i>Innleiing</i>	<i>1</i>
<i>Tidlegare forsking, avgrensing og problemstilling.....</i>	<i>2</i>
<i>Metode og metodiske betraktingar</i>	<i>5</i>
Skriftlege kjelder.....	7
Innsamling av forskings- og kjeldemateriale.....	8
Kjeldekritikk	9
<i>Teori og perspektiv.....</i>	<i>10</i>
<i>1.0 Dei romerske etnografiske kjeldene</i>	<i>12</i>
1.1 Ultima Thule: det ukjende nord	12
1.2 Kven var germanarane? [Barbar]Omgrepet i det romerske medvitet	15
1.3 Germania og germanarane: Korleis såg samfunnet ut?.....	20
1.3.1 Eit lite stykke romanisering – ein moderne debatt	25
<i>Kapittelkonklusjon.....</i>	<i>26</i>
<i>2.0 Teutoburgerskogen som casestudie – vendepunktet og endringar</i>	<i>28</i>

2.1 Kjelder om slaget - litterære og arkeologiske (kva sei dei?)	29
2.1.1 Introduksjon og historiografi	29
2.2 Litterære kjelder om slaget i Teutoburgerskogen – kva sei dei og kva skilnadar finn vi?	30
Introduksjon; dei følgjande månadane	30
2.3 Velleius Paterculus	31
2.4 Tacitus	37
2.5 Suetonius	41
2.6 Florus	46
2.7 Cassius Dio	49
2.7.1 Cassius Dio: Kjelder, bakgrunn og tillegg	54
Kapittelkonklusjon	57
2.8 Utvikling: spor i det arkeologiske materialet	58
2.8.1 Slagstaden – oppdaging og diskusjon	59
2.8.2 Fleire arkeologiske oppdagingar og deira betyding	61
2.8.3 Etter slaget - Interaksjon og forandring	64
Kapittelkonklusjon	68
3.0 Illerupfunnet – eit bindeledd til det ukjende nord	69
3.0.1 Introduksjon	69
3.1 Kva bestod Illerupfunnet av?	69
3.2 Kva sei antikke kjelder om myrofringar? Analyse og diskusjon	82
3.2.1 Orosius	83
3.3 Tidlegare teoriar og tolkingar kring nord-europeiske myrfunn (historisk bakgrunn) 87	
3.3.1 Ei alternative tolkingsramme	90
3.3.2 [Eit utval] andre tolkingar	98
Oppsummering	105
Konklusjon	107
Bibliografi	110
Primærkjelder	110
Sekundær litteratur	112
Bileteliste	119

Innleiing

Seint på året 2021 vart det tilfeldigvis avdekka ein gullskatt på omrent ein kilo ved Vindelev, nær Jelling i Danmark. Gullet såg truleg dagsljos for første gong på 1500 år, og av motiva på objekta mistenker forskarar at ein kan sjå referansar til guden Odin og motiv av keisar Konstantin (285-337 e.Kr.). Ein teori er at gullskatten har vore grave ned av ein høvding, som har hatt sitt maktsete i det jyllandske området ein gong på 450-500-talet e.Kr. Slik utgravinga poengterer, så er det fantastisk at gullet – og den fascinerande reisa det må ha hatt – kan fortelje oss om eit europeisk kontinent som allereie i jernalderen var bunde nært saman av handel og krig (Vejlemuseerne, 2021). Det arbeidast vidare med å forske på funnet, men denne typen funn føyer seg inn i linja blant titusenvis av liknande funn gjort over store delar av Nord-Europa som stammar frå den romerske jernalderen og tida som følgde. Aktiviteten og kontakta mellom romarane og dei nordlege germanske stammene kring starten på vår tidsrekning og utviklinga som skjer den følgjande tida er både omfattande og fascinerande.

Eg vil i denne oppgåva undersøke korleis germanske samfunn endra seg i møte med Romarriket i perioden frå starten av vår tidsrekning fram til tidleg 200-tal. Kva samfunn levde desse menneska i, som la ned eller ofra forskjellege typar materiale og gjenstandar? Kvifor ofra dei myntar, som attpåtil var pryda med motiv av ein romersk keisar som hadde regjert omrent 200 år i forkant, i myrer, våtmark eller grov det ned? Korleis vart samfunn i det sørlege Skandinavia forma gjennom kontakt med romarane? Utviklingstendensar på 300- og 400-talet (sjå blant anna Heather, 2006; Fosse, 2008) er dei som har fått mest merksemd i forskinga, men romersk kontakt med barbarane i nord går mykje lenger tilbake – det er denne tidlege fasen eg vil undersøke her.

Måten eg har velt å gå fram på er tredelt, og dei følgjande hovuddelane i oppgåva er: I. Dei romerske etnografiske skildringane av germanarane, II. Teutoburgerslaget i år 9 e.Kr. og III. Illerupfunnet, datert til tidleg 200-tal. Desse casane er ikkje stilt opp side om side i ein samanlikningsundersøking tidlegare, og ein slik analyse kan vise at utviklingane blant dei germanske stammene byrja tidlegare enn det forskinga har fokusert på. Med all historieskriving er det sjølvsagt mykje ein må utelate av omsyn til plass og omfang, og det er mange aspekt med dei germanske samfunna eg ikkje kan yte rettferd, men her gjev arkeologien og desse to hendingane eit vindauge inn i fortida, som er delvis uavhengig av den romerske etnografiske tradisjonen. Samstundes må det nemnast at vår tolking er sterkt influert av det tilgjengelege

kjeldematerialet, då særleg Orosius har hatt svært mykje å seie for moderne tolkingar når det gjeld myrfunn. Dette vert diskutert grundigare i kapittelet om Illerup Ådal.

I denne oppgåva har Teutoburgerskogen gjort krav på ei omfattande analyse av dei litterære kjeldene, for å få til eit mest mogleg solid grunnlag før arkeologien og potensielle endringar blant dei kringliggende germanske stammane blir undersøkt. Det same gjeld Illerupfunnet, då det er snakk om omtrent 15 000 gjenstandar, og ein omfattande historiografisk bakgrunn i form av kjeldemateriale, analyser og ulike tolkingar. Desse bitane utgjer hovudbolken av masteroppgåva, i tillegg undersøker eg i første kapittel det ukjende nord i det romerske medvitet, germanaromgrepet, det germanske samfunnet og romaniseringssdebatten. Meininga med ein analyse og diskusjon kring dei romerske etnografiske kjeldene er å gje innblikk, samt kontekst for casestudiane som følg. Tidsramma for oppgåva er sett frå år 0 til 200 e.Kr., men den er ikkje mekanisk, dermed kan ting før og etter verte inkludert om det er nødvendig.

Tidlegare forsking, avgrensing og problemstilling

Forskinga på *barbarane i nord* (og barbarar generelt) er ikkje noko nytt fenomen. Den kjende historikaren Edward Gibbon (f. 1737 - d. 1794) (1999) meinte at germanske stammar frå utsida av grensene til imperiet i samband med tap av borgarleg dygd var ein av hovudårsakene til at det vestlege Romarriket bukka under. I same tidsrommet, på 1700-talet, stod tyskaren Johann Gottfried Herder i bresjen for idéen om tyskarane sine antikke, germanske forfedrarar, som må forståast i samband med at kongeriket Preussen og det austrikske monarkiet var i ein svært sterk posisjon på den tida (Janson, 2017: 27-28). Dette førte til at den generelle oppfatninga var at tyskarar høyrdde saman og danna eitt folk, og denne ideen stod sterkt også gjennom størsteparten av 1800-talet.

Forskinga på dei nordlege barbarane endra seg med arkeologien, men fell i første halvdel av 1900-talet inn under kategorien vi kan kalle kulturhistorisk teori, der arkeologiske funn vart sett på som uttrykk for germanske folkegrupper som gjerne vart forbunde med nasjonal identitet: Ein gjekk ut frå at ein materiell kultur var synonymt med gruppeidentitet. I Tyskland var dette tilfellet særleg utprega fordi germanarane vart knytt nært opp mot tysk nasjonalisme og seinare nasjonalsosialisme – *Germanarane* frå antikken og samtidige tyskarar vart identifiserte som det same folket på to forskjellege augeblikk i historia (Krebs, 2011: 81;

157-164). Omgrepene *germansk* og *germanarar* – samt alle ideala dei antikke germanarane var innehavar av (ifølge romerske litterære kjelder) – var potente verkemiddel for nazistane på byrjinga av 1900-talet, og før utbrotet av andre verdskrig (Janson, 2017: 37-44). Raselæra slo fast at tyskarar høyrd til dei germanske folka og var dermed rasemessig overlegne alle andre menneske – ein idé som blant anna vart utleidd av Tacitus (*Germ.* 2).

Etter andre verdskrig I 1979 publiserte Herwig Wolfram sitt verk *Geschichte der Goten* (History of the Goths), eit verk som presenterer seg sjølv som eit døme på historisk etnografi, og var sentral i å knyte etnisitet og etnogenese opp mot romarane sine nordlege naboor. Likeins tek også Allan A. Lund (1993) føre seg fleire aspekt av barbardiskusjonen, eit inntrykk ein får av tittelen på verket hans: *De etnografiske kilder til nordens tidlige historie*, og også Lund diskuterer etnisitet og etnogenese. Desse perspektiva er relativt nye tilskot til forskingsfeltet, og Goffart (2006: 267) understrekar passande nok i ei fotnote at “Only rather recently has it been applied to the northern barbarians.” Den gamle hypotesen om at den germanske identiteten er der, men etnogenese handlar om korleis identitet dannast i møte med andre, som var eit skifte i fokus i forhold til tidlegare.

Dei siste åra har nye retningar innan forskinga, som oftast i kombinasjon med andre fagdisiplinar, fortsett å utvikle seg og sette fokus på andre element (sjå blant anna Terrenato, 2005). Dei nordlege stammane har vore sett på og definert som barbarar og ville opprørarar, men også som modige, ville krigarar som ytte motstand i møtet med den imperialistisk-politisk stormakta. Desse endringane i syn og perspektiv har sett eit skifte, då ein i staden for å sjå på dei forskjellelege stammane i Nord-Europa som barbarar, heller anerkjenner at det er snakk om fleire forskjellege folk eller grupperingar med forskjellege og komplekse kulturar og samfunn. Dei etnografiske framstillingane frå antikken er som oftast av førstnemnde kategori, då barbarane som regel blir sett opp som dei andre og det som er annleis, sjølv om det finst unntak. Ein gjennomgang av dei relevante kjeldene følg i dei respektive delane. Det å skifte fokus frå å sjå på barbarane som *reine barbarar* til motstandskjemparar heng saman med det ein kan omtale som eit postkolonialt perspektiv, der ein blant anna fokuserer på det overordna biletet og både sidene av ei sak, heller enn å utelukkande fokusere på ein part (Melve, 2010: 230-32; 237-39). Såleis må det hevast fram at ein gjekk over til å få ei meir kritisk haldning til dei antikke kjeldene og ei auka vekt på materiell kultur¹.

¹ “Materialitetsforskere understrekker at materielle og kulturelle aspekter ved verden vi lever i, ikke står i motsetning til hverandre, men avhenger av hverandre og ikke gir mening uavhengig av hverandre.” (Seland, 2018: 151-53; 169) – Ting, natur og kultur er avhengige av kvarandre, påverkar kvarandre og kan ikkje forståast uavhengig av kvarandre.

Eit gjennomgåande perspektiv eg undersøker er korleis arkeologien kan vise potensielle endringar i dei germanske samfunna (sjå blant anna Wells, 2003; Jørgensen, Storgaard og Thomsen, 2003; Kershaw, 2019; James og Krmnicek, 2020), og direkte knytt opp mot det, kvifor omgrepet *romanisering* kan vere problematisk. Ifølgje antropolog Peter S. Wells (2003: 212) kan ein gjennom det første hundreåret e.Kr. sjå omfattande endringar blant dei germanske samfunna i form av større, meir komplekse og meir sosialt differensierte samfunn, samt at sigrar i kamp bana veg for ein sosial og økonomisk akselarasjon. Ifølgje Ferdinand Addis (2018: 180-181) er det tydeleg at germanarane, som ein gang hadde vore så enkle og ufarlege, hadde utvikla seg til å bli organiserte og farlege, og at dette kjem klart til syne i siste halvdel av 100-talet e.Kr., under Markomannerkrigane (166-180 e.Kr.). Hans Jürgen Eggars gav i 1951 ut eit massivt undersøkingsverk der forfattaren tok føre seg romersk import i frie Germania, og sidan har svært få teke på seg eit prosjekt av slike proporsjonar, enkelt og greitt fordi mengda kjeldemateriale har blitt enormt. I staden har fleire lokale og regionale studiar vorte gjennomført, som tek føre seg ulike emne, og i den samanhengen er særleg arkeolog Thomas Grane vital, då hans hovudfokus er på Skandinavia i romersk jarnalder, særleg dagens Danmark, og korleis møtet med Romarriket påverka og forma det nordlegaste delane av Europa (Grane, 2007; 2016) – noko som vert viktig i samband med Illerupfunnet. Eit nemneverdig tilskot som vart produsert for å utforske dei mange romerske funna i det sørlege Skandinavia i samband med det militære aspektet i romersk jarnalder, er antologien *The Spoils of Victory – The North in the Shadow of the Roman Empire*, utarbeidd av Jørgensen, Storgaard og Thomsen (2003). Verket vart til som eit resultat av ei utstilling med same namn, og det er ein katalog bestående av 25 vitskapelege artiklar (Grane, 2017: 91-2), som eg nyttar i stor grad gjennom teksten.

Eit anna perspektiv i samband med Romarriket og Nord-Europa er lagt fram av historikar Walter Goffart (2006), då han blant anna problematiserer germanar- og barbaromgrep, samt at forfattaren argumenterer for at ein må sjå på *folk* – kven dei var og korleis dei bevega på seg – for å forstå korleis eksotiske objekt og idear bevegde seg fram og tilbake, ikkje at det berre var kultur- og vareutveksling frå romersk hald. Goffart legg også til grunn at ein del av utviklinga blant dei germanske stammene i den romerske jarnalderen kan forklarast ut ifrå byrjande bevegelsar i det første hundreåret e.Kr. Eit anna sentralt aspekt er framveksten av etnisitet og etnogenese (jf. Wolfram og Lund, s. 3), og korleis germanarane har vorte framstilt på nye måtar i ljós av desse perspektiva.

Historikar Peter Heather har også forska mykje på romarane sine nordlege naboar, og forfattaren (2009: xiv-xvi; 12) forsøker også å lausrive seg frå det etablerte narrativet om eit Europa i forandring, då han blant anna legg fram at konsensusen har skifta i løpet av den siste generasjonen: Den etablerte forklaringa om store folkevandringar, særleg i seinantikken, er for enkle, og gjev eit feilaktig bilet som ikkje tek høgde for mindre grupper som flytta på seg, i samband med påfølgjande interne økonomiske, sosiale og politiske forandringar. Dette korrelerer også i stor grad med det Goffart (sjå førre avsnitt) arbeider med, og kombinert kan dette vere med på å nyansere framstillinga av og synet på dei nord-europeiske stammene i romersk jarnalder, samt at ein utvidar søkeljoset for å undersøke om endringar og vandringar byrja tidlegare enn mange tidlegare har gått ut frå.

Dette arbeidet er særleg inspirert av Goffart og Heather sine fokus på eit mangfaldig og differensiert kulturelt landskap i Nord-Europa i den antikke perioden og det tek sikte på å undersøke korleis desse samfunna utvikla seg i møte med Romarriket. Korleis endra det germanske stammesamfunnet seg i møte med romarane? Finn vi teikn på kontinuitet? Dette er den overordna problemstillinga eg har arbeidd ut frå, og framgangsmåten eg har nytta for å få eit innblikk i dette er todelt: For det første, korleis toler biletet av det germanske samfunnet som vert gjeve i dei romerske kjeldene, møtet med arkeologien? For det andre, kva endringar kan vi sjå i det germanske samfunnet i møtet med det romerske, om vi tek føre oss casestudiane Teutoburgerslaget og det arkeologiske materialet slik det framstår i Illerup Ådal? Eg bygg på nye perspektiv og ein nyare forskingstradisjon som ser på *barbarane* som fleire folk med forskjellelege og komplekse kulturar og samfunn, samt at eg tek høgde for fleire relevante vendingar innan historiefaget (sjå neste avsnitt; Metode). Eg meiner at vi kan spore utviklingstrekk lenger tilbake enn det som er framheva tidlegare, og håpet med teksten er å danne eit tilskot i debatten om Romarriket og Nord-Europa, samt at oppgåva kan vere hjelpende i forskingsfeltet.

Metode og metodiske betraktnigar

Min metode er tradisjonell historisk kjeldekritikk, litteraturstudiar, samt at eg har gjort utstrekkt bruk av eit stort arkeologisk materiale, hovudsakleg i form av arkeologisk faglitteratur og utgravingsrapportar. Eg har nytta relevante romerske litterære kjelder, og i samband med dette er det ei rekke metodiske og teoretiske problem som vert handsama undervegs. Ved å vektlegge desse tilnærmingane har eg hatt moglegheit til å ta inn betraktnigar om forfattaren sin ståstad

i tid og rom. Eg har også teke stilling til fleire nyare vendingar innan historiefaget, blant anna den etnografiske vendinga (jf. Tidlegare forsking, s. 2-5), kor ein har gått frå å sjå på tekstane som historiske dokument til meir å vise litterære framstillingar som har eit tent formål. For det andre har den materielle vendinga vore vital for mitt arbeid, kor ein har gått frå å sjå gjenstandar som direkte uttrykk for kultur eller identitet til ein integrert del av ein sosial verkelegheit. Dette perspektivet vaks fram i samfunns- og kulturforskinga frå 1980-talet, og Historikar Eivind Heldaas Seland (2018: 151) understrekar at om ein ikkje tek omsyn til gjenstandar og stadar så står ein i fare for å “miste hele dimensjoner av menneskelivet i sine forsøk på å rekonstruere samfunn i samtid og fortid.”. Sjølv om den materielle vendinga berre fekk begrensa innverknad på historiefaget, er den likevel openbart viktig i ei oppgåva av denne typen.

I meir moderne tid har forskinga på germanarane vore særleg påverka av nasjonalsosialismen som vaks fram i Europa tidleg på 1900-talet, og også den postkoloniale vendinga etter andre verdskrig har påverka forskingsprosessen (Melve, 2010: 237-39), samt synet på stammar og aktørar som ytte motstand mot Roma og romarane sin frammarsj. Forsking på etnisitet var nesten ikkje-eksisterande før 1960-, 70- og 80-talet (Krogstad, 2005: 56) men då skifta fokuset, som gjorde at forskinga på germanarane fekk eit løft i form av den antropologiske vendinga (Melve, 2010: 213-15). Eit av mange nye aspekt var då at ein byrja å sjå på identitet, samt at det oppstod nye globale perspektiv. Desse vendingane, samt dei skildra i førre avsnitt, og nye perspektiv må på mange måtar sjåast i samband med kvarandre, i tillegg til einskilde bevegelsar som kan handterast separat.

Eit anna moment som må klargjerast, er perspektiv. Det å ta føre seg ein eller fleire spesifikke hendingar eller utviklingstrekk i ein del av verda i antikken, kan i somme tilfelle føre til eit for snevert syn på saka. Det er viktig å hugse på at mykje heng saman på måtar som kanskje ikkje er heilt klare eller til og med ukjende for oss, og sjølv om det er krevjande å forsøke å løyse opp i eit kaotisk nett av kjelder og materiale, er det ei overhengande og viktig oppgåve historikaren har. Eit døme på dette er nettopp det overordna tema for denne oppgåva; Romarriket og Nord-Europa. Om ein tek føre seg utvikling langs dei romerske grensene (*limes*) som etter kvart vaks fram i Sentral-Europa og Germania sin posisjon i hundreåra e.Kr., må ein ha i bakhovudet at mykje av det som skjedde ved dei austlege grensene til imperiet, særleg med tanke på det turbulente forholdet romarane hadde med Persarriket i same tidsrom, kan ha hatt påverknadskraft. Dermed kan det av og til vere hensiktsmessig å løfte blikket, eller i alle fall å reflektere kring det faktum at utvikling eller faktorar i eit hjørne av verda, kan vere påverka av

endringar eller hendingar andre stadar i verda, anten nært eller fjernt – og ved å reflektere over dette kan ein forhåpentlegvis lettare finne fram til og sjå dei store samanhengane.

Skriftlege kjelder

Når det gjeld skriftlege kjelder er det å stille det grunnleggande spørsmålet om kvifor ein spesifikk tekst vart til særleg viktig i arbeidet med kjeldemateriale og forskingslitteratur av typen som omhandlar ulike stammar i Nord-Europa i møtet med Romarriket. Såleis må en spørje seg kvifor verket originalt vart til, og korleis det har vorte nytta seinare, spesielt med tanke på at 1800- og 1900-talet såg framveksten av både nasjonalistiske og radikale sosiopolitiske forhold i Europa, samt at fleire vendingar påverka historiefaget på 1960-, 70-, 80- og 90-talet (jf. førre del; Metode og metodiske betraktnigar). Dermed er det, som nemnd, ei overhengande fare at mykje av litteraturen og forskinga kan vere farga av omstende: Tekst, og særleg historisk tekst, er ikkje uavhengig av kontekst (Ryymin, 2018: 53-56). Denne oppgåva tek ikkje sikte på ein enkelt tilnærming til dei skriftlege kjeldene, men eg undersøker dei romerske kjeldene på fleire måtar, blant anna gjennom representasjons- og diskursanalyse.

Kristoffer Krebs (2011) sitt verk med tittelen *A Most Dangerous Book: Tacitus's Germania from the Roman Empire to the Third Reich* er eit praktdøme på nettopp korleis eit historisk narrativ har vorte både brukt og misbrukt, mykje avhengig av kontekst og mål, både på individuelt og på kollektivt plan. Mykje av forskinga frå seit 1800- og tidleg 1900-tal er farga av samtida, og *Germania* av Tacitus har blant anna vorte nytta i samband med skapingslegenda om eit samla tysk folk med kontinuitet tilbake til antikken. Dette er noko ein må vere oppmerksam på i ein metodologisk samanheng. Dei skriftlege kjeldene vert behandla i eit eige kapittel om den romerske etnografiske tradisjonen, og gir viktig kontekst for dei to kapitela som handlar om slaget i Teutoburgerskogen og Illerupfunnet.

Arkeologi

Eit sentralt element ved denne oppgåva er romarar og germanske stammar. Frå dei førstnemnde har vi skriftlege kjelder, historiske monument, inskripsjonar, myntar og variert arkeologisk materiale, berre for å nemne eit knippe utvalde døme. Frå dei nordlege stammebefolkningane eksisterer det mykje mindre. Det er for det meste snakk om arkeologisk materiale, og det er fleire faktorar ein må tenkje over og ta omsyn til når ein arbeider med denne typen kjeldemateriale. Den mest openberre er det faktum at arkeologiske gjenstandar er stumme leivningar frå fortida; dei er avhengig av ei moderne tolking. Dei teoriar og tolkingar som blir fremma av ein eller fleire i eit gjeve forskingsmiljø kan vere feil, i større eller mindre grad.

Noko som er grunnleggande i samband med arkeologiske kjelder er å forsøke å skape meinings og betydning ved å plassere dei i ein større kontekst (Ødegaard, 2000:169-71). På den måten har ein betre grunnlag for å forsøke å fatte dei mest riktige konklusjonar, og ikkje isolere enkeltmateriale slik at slutningane ein trekk og dei påstandane ein sett fram blir feil eller anakronistisk.

Likeins er ei svært relevant problemstilling knytt til arkeologi i kontekst av Roma og Nord-Europa, det at eit eller fleire arkeologiske funn kan vere av forskjellig natur: det kan vere snakk om gåver i samband med diplomati, til dømes frå høgtståande romerske aktørar til ein krigarhøvding i uavhengige område for å sikre samarbeid og potensiell støtte, eller det kan vere snakk om krigsbytte, anten frå den eine eller den andre sida. Eit tredje alternativ er at det kan ha gått føre seg handel eller bytte. Denne typen tolkings- og kontekstspørsmål heng saman med det førra avsnittet, men det er viktig å understreke utfordringar ein møter på i arbeidet med denne typen komplekse emne. I samband med funn frå blant anna Illerup Ådal og liknande myrfunn kan innskrifter på arkeologiske objekt på den eine sida ha eit forteljande innhald som gjev moglegheiter for visse typar tolking, eller på den andre sida gjere tolkingsprosessen endå meir innfløkt. Eit anna døme er korleis best mogleg tolke ein slagstad: Både funn gjort der slaget truleg har stått, men òg det ein ikkje finn; påverkar dette eventuelle tolkingsforsøk og vår forståing av feltet, samt problemstillinga i sin heilskap? Slike spørsmål og potensielle fallgruver krev fokus og oppmerksemd.

Eldre arkeologi har i større grad vore prega av å vere kulturhistorisk, at fokuset låg på samanheng mellom gjenstandsmateriale og etnisitet. Kjeldematerialet har blant anna vorte forsøkt nytta for å konstruere storlagne fortellingar som bestemte og klare beretningar om fortida, basert på den kanoniske statusen til klassisk kunnskap, samt den antekne *objektiviteten* til den vitskapelege forfølginga (Hingley, 2005: 3-4). Moderne antropologisk-orientert arkeologi er meir oppteken av praksis, ikkje gjenstandar og materiale som uttrykk for noko anna. Eitt av dei viktigaste aspekta ein må hugse på i slikt arbeid er å ta arkeologien på sine eigne premiss, samt at kvar generasjon tolkar og rekontekstualiserer fagfeltet på nytt, noko som gjer at ein må vere oppmerksam på den då- og noverande konteksten. Det å skildre fortida kan ikkje sleppe unna konteksten av tida dei er produsert i, sjølv i dag.

Innsamling av forskings- og kjeldemateriale

Når det gjeld innsamling av forskings- og kjeldemateriale, både primær- og sekundær litteratur, har det gått i innsamling og undersøking, samt oppdaging av ny forskingslitteratur. Eg nytta

for det meste Oria, universitetsbiblioteket sin søkemotor, kombinert med enkle søk på både Google og Google Scholar med svært breie søkeord. Dette gav meg eit startpunkt, og frå dette punktet kunne eg gå grundigare til verks og finne meir spesialiserte verk, som tok føre seg mindre og meir spesifikke tema.

Sekundær litteraturen eg har nytta kan definerast som variert, og den er funne via strategiske søk i Oria, Google scholar og Academia.edu. Mesteparten har teke føre seg germanarane/dei nordlege barbarane og ulike funn som blant anna Illerup Ådal, men eg har også undersøkt det ukjende nord i det romerske medvitet, ulike nord-europeiske grupper i seinantikken og i kor stor grad barbarane var involverte i vest-Romerrikets fall på 400-talet. Gjennom å undersøke såpass mange forskjellelege felt, med sine respektive fokus, har eg undersøkt både bøker, artiklar, videoar og podkastar. Det er interessant å reflektere kring forskjellen på desse forskjellege produksjonane, og korleis ein stiller seg til desse. Å nytte ei bok som kjelde er som oftast det klassiske å gjere innan forsking i historiefaget, men ei bok som er utgjeve relativt nyleg kan allereie vere utdatert eller bevist feil etter kort tid.

Ei bok som kjelde er ein ting, men kva så med nyare forsking som kjelde? Når det kjem til artiklar er mykje nyare forsking formidla på denne måten, og det er eit godt tillegg til bøker og andre typar litterære kjelder. Ved å nytte nyare forskingsartiklar kan ein nyansere biletet av det ein undersøker, og i mange tilfelle er fleire nyare forskingsartiklar basert på eit eller eit utval originale verk. Eit godt døme på dette er Illerup Ådal: Jørgen Ilkjær forfatta bøker og bind om det storslagne funnet (norsk utgåve utgjeve i år 2000), der han blant anna fokuserer på krigarkoplingar til dagens Noreg. I 2007 publiserte Lars Morten Fuglevik ein artikkel basert på si hovudoppgåve, der han meinte premisset for Ilkjær sine slutningar måtte gjenoppfriskast, gjerast klarare og moglegens revurderast, for å unngå tvitydigskap i ljós av funnet og det rådande narrativ. Dette er naturlegvis berre eit relevant døme i eit hav av tolking og forsking på forskjellege tema, men til sjuande og sist er det poenget med forsking å finne fram til ny kunnskap, både forsking i sin reine definisjon, og måten det er skildra på her i dette underkapittelet.

Kjeldekritikk

Som nemnd er den tradisjonelle kjeldekritikken uunnverleg i denne oppgåva, og når ein nytter litterære kjelder frå antikken er det naturlegvis kjeldekritikken som ligg som ein urokkeleg grunnpilar for alt ein tek føre seg i form av analyse, tolking og vitskapeleg arbeid. Dette har mykje å gjøre med at det meste av historieskrivinga frå antikken er tapt, som gjer at vi sitt igjen

med brotstykke og fragment. I tillegg er ofte forfattarane håplaust ueinige med kvarandre, samt som regel sparsame med å identifisere kjeldene dei har nytta (Schreiner, 2000: 40). I tillegg til å vere eit gjennomgåande tema i heile teksten, er det kjeldekritiske aspektet ilagd ekstra tyngde i kapitelet som handlar om romerske kjelder kring nederlaget i Teutoburgerskogen og våpenofringar, dette fordi analyse og diskusjon av litterære kjelder krev ein meir direkte og streng inngrisen grunna ei utanforståande [etisk] skildring av andre sine skikkar og tradisjonar.

Historikaren Millar (1964: 8) skildrar denne problemstillinga på ein god og ikkje minst treffande måte, då “we do not know enough about how ancient historians worked. We have no grounds for general assumptions about what an ancient historians would do when using one or more existing works as sources of material, or how he would redeploy that material in composing his own narrative.” Dette er eit godt poeng, men av å lese det får ein samtidig inntrykk av at moderne historieforsking ender opp i ein umogleg situasjon: Vi kan ikkje vite, og det gjer at vi ikkje kan utarbeide våre eigne narrativ. Dette står i strid med det grunnleggande målet med moderne forsking i historiefaget, som er å bygge vidare på andre sine resultat for å danne tolkingar som kan munne ut i nye narrativ – så sjølv om oppgåva til tider kan virke umogleg, er det ein veg ein må forsøke å gå rettast mogleg samt at ein må sette pris på utfordringane ein møter i arbeidet med å forsøke å få alt til å gje mening. Nært knytt opp mot kjeldekritikken er hermeneutikk og den kringliggende metodologien eit viktig element i arbeidet med historiske kjelder. Korleis kan ein tolke gamle tekstar på best mogleg måte? Kva ligg til grunn for ei viss tolking? Reflekterer ikkje skriftlege kjelder nesten utelukkande forfattaren sine eigne fortolkingar og minner? I samband med denne oppgåva er det særleg snakk om antikke litterære tekstar og arkeologisk kjeldemateriale, men rammeverket for tolking deler mange likskapar, sjølv om framgangsmåtane kan vere forskjellege.

Eg bygg på eit betydeleg utval litterære kjelder i form av omsettingar og arkeologisk materiale i form av material på den eine sida, og utgravingsrapportar på den andre. Forskinga dei siste åra har gjort det tydeleg at ein ikkje kan sjå på desse kjeldene som direkte rapportar om fortida, men noko som må forståast på sine eigne premiss. Dette er eit gjennomgåande tema gjennom oppgåva, som attpåtil har presedens når det gjeld kjeldekritikk og arkeologien som metodisk felt.

Teori og perspektiv

I denne oppgåva ser eg materialet i ljos av nyare teoretiske tendensar, utviklingar som til dømes ser på dei litterære kjeldene som funksjonsbestemt i si samtid og ser på politiske organisasjonar

(både romerske og germanske forbund), som nettverk, heller enn som lukka etniske grupper. Det er klart og tydeleg at ting ikkje var svart og kvitt; det gjekk føre seg kontakt over fleire forskjellege flater, på mange måtar, til forskjellege tider. Grunnlaget er dermed ikkje knytt til éin teori, heller opp mot kva perspektiv som informerer arbeidet mitt. Blant anna understrekast det at dei antikke litterære kjeldene (til dømes Tacitus), som hadde kraftig og djuptgåande effekt på det germansk-talande medvitet på 1800- og 1900-talet, i dag vert teke på sine eigne premiss og dermed som funksjonsbestemt, og kan med det ikkje sjåast på som direkte rapportar og skildringar for korleis tilstandane faktisk var i antikkens Europa. Ein nemneverdig kontrast er forsøket på å knyte direkte band tilbake til antikken, slik nasjonalsosialistane forsøkte å gjere i første halvdel av 1900-talet, noko som er gjort på eit neste ikkje-eksisterande grunnlag (Krebs, 2011).

Walter Goffart (2006) kritiserer moderne historieforsking som tek føre seg dei nord-europeiske stammene i møte med romarriket, og meiner at sjølv ikkje A. H. M. Jones var fullstendig oppmerksam på endringane som gjekk føre seg blant germanarane. “Developments in barbaricum *contradict* the belief that conditions there remained essentially the same from Arioistus to Alaric.” (Goffart, 2006: 25). Ifølgje Goffart (*ibid.*, 1) er 1900-talets forsking på det romerske riket farga av innmarsjen av etnisitet og entogenese, og at vendinga mot etnisitet er slåande. Dette er eit perspektiv eg tek føre meg å undersøke i første kapittel.

Emisk og etisk er eit omgrepsspar som har fått auka merksemd, særleg dei siste åra, og er eit sentralt element i denne oppgåva. Den amerikanske lingvisten Kenneth L. Pike formaliserte konseptet på midten av 1950-talet, og han definerte dei to omgrepene som “two basic standpoints from which a human observer can describe human behaviour, each of them valuable for certain specific purposes” (Pike, 1954: 8). Omgrepssparet var seinare plassert innan den antropologiske forskingstradisjonen, og var svært mykje brukt mellom 1960 og 1980 (Mostowlansky og Rota, 2020). Sidan då har det vore debattert kring omgrepssparet, men trass det har dei fått ein passande plass innan dei humanistiske faga, særleg antropologien og etnologien. Den emiske synsvinkelen inneber at ein ser på ein kultur innanifrå; sagt på ein annan måte så er den kulturspesifikk. Ein etisk synsvinkel vil på andre sida seie å observere ein kultur frå utsida, og synsvinkelen er dermed kulturavhengig. I og med at dei litterære kjeldene er stort sett utarbeidd av og meint for romrarar, er dette perspektiv som er både relevante og nyttige.

1.0 Dei romerske etnografiske kjeldene

1.1 Ultima Thule: det ukjende nord

“... the northern coast of Germany, the upper reaches of the Nile, and the mysterious island of Thule located vaguely in the North Atlantic. Beyond these, [moreover], they imagined other lands, as yet unnamed and undiscovered which seemed to beckon Rome with the promise of unceasing geographic expansion.” (Romm, 1992: 123)

Omgrepet *Ultima Thule* har – frå sitt opphav i antikken – gjeve inntrykk av noko ukjend, mystisk og fjernt; sjølve grensa for den kjende verda. Det var nettopp dette omgrepet skulle reflektere, ifølgje dei gamle romerske forfattarane, poetane og filosofane, til dømes Seneca og Vergil (Cunliffe, 2003: 116). Kva slags syn hadde antikke skribentar på dei ukjende områda mot nord? Korleis blir det ukjende skildra, og forsøkt formidla til lesarane? I dei komande avsnitta er nettopp dette hovudspørsmålet; kva sei antikke kjelder om det ukjende nord? Fleire forfattarar vert nemnd, men hovudfokuset er retta mot Pytheas frå Massalia og eit utval romerske forfattarar. Først og fremst må det påpeikast at her er kjeldekritikk noko sjølv sagt; den antikke litteraturen må takast som det den er, då den ofte inneheldt både overnaturlige element og forklaringar som vi i dag veit kan vere vridd til forfattaren sin fordel eller direkte feil. Dette er nært knytt til det faktum at *geographia* var meir ein litterær sjanger heller enn ei naturvitenskapleg grein for dei gamle grekarane, og til ei viss grad romarane (Romm, 1992: 3). Dette aspektet går igjen i mange litterære kjelder, og er også noko som er mykje vektlagd og diskutert seinare i oppgåva.

Fleire verk frå antikken har truleg teke føre seg dei nordlege delane av Europa, men svært lite av dette har overlevd og er kjend for oss i dag. Heldigvis har vi noko kunnskap, så å seie utelukkande gjennom siteringar og fragment av seinare forfattarar som kan ha hatt tilgang til det originale verket, eller nytta avskrifter eller kopiar. Ein av dei første forfattarane vi veit om som skildrar dei nordlege delane av Europa, var grekaren Pytheas. Han hadde sitt opphav frå den greske kolonien Massalia (i dag Marseille, Sør-Frankrike), og var geograf, etnograf, astronom og oppdagar. I 325 f.Kr. reiste han frå Massalia med kurs nordover for å utforske Nord-Europa, og for å forsøke å avklare kvar hen handels- og byttevarene tinn, gull og rav hadde sine opphav frå. Reisa tok han “to the far north where the dense sea mists and the freezing ocean seemed to merge.” (Cunliffe, 2003: vii). Basert på erfaringane og reisene forfatta Pytheas ei bok, som truleg hadde tittelen *På sjøen* (On the Ocean; Peri tou Okeanou). Dette verket og forfattaren vart i sam- og ettertid hylla av somme som eksepsjonelt vitenskapleg, men som rein løgn av andre.

Mykje av tvilen kom av at det fanst relativt lite kunnskap om dei nordlege delane av Europa i antikken. Eit anna svært viktig aspekt er dei ukjende folka, *barbarane* i grekarane sine auge, som fanst i desse ukjende områda. Pytheas var den første grekaren vi veit om som reiste blant desse barbarane til grensa av den busette verda, i tillegg til å gje ut ein noktern skildring av kva han såg (Cunliffe, 2003: viii). Ifølgje Cunliffe vart Pytheas sine skildringar lest med vantru, og at det forfattaren formidla ikkje samsvara med den etablerte forståinga av dei ukjende nordlege områda. Pytheas var unik i si tid, og av delar av verket hans som er bevart gjennom verka til andre forfattarar, får vi dei tidlegaste skildringar av dei britiske øyane og dei austlege delane av Nordsjøen – i tillegg til at det rår stor usemje om kva stadar Pytheas faktisk besøkte på reisa si. Det finst tre rådande tankeskular: dei som trur Pytheas skildrar Island, dei som trur det er snakk om Noreg og dei som argumenterer for at det er snakk om Shetland. Cunliffe (*ibid.*, 131-32) gjer det klart og tydeleg at han meiner det er snakk om Island, då han hevdar at “to me, the evidence seems unassailable”; blant anna Pytheas si skildra reiserute frå dei Britiske øyane (nord, ikkje nordaust), døgna på 22/23 timer, den arktiske sirkel kombinert med midnattssol og til slutt den frosne sjøen. Det er større og mindre grad av bevis for alle tre stadane, avhengig av korleis ein vel å tolke kjeldene.

Ein ting så å seie alle kan einast om, er at Pytheas sitt verk vart motteke med blanda kjensler og meldingar, som nemnd tidlegare. Særleg geografen Strabon var skeptisk til Pytheas sine reiseskildringar, og ved to anledningar i sitt verk *Geografi* (Str. *Geo.* 2.4.1; 3.2.11) kjem han til dømes med nedverdigande kommentarar mot Pytheas, og utsegna kan defineraast som hånande merknadar og forsøk på å blankt avvise ei framlagd skildring av det ukjende. Strabon hadde eit særegent syn på den geografiske sjangeren (Cunliffe, 2003: 168; Roller, 2018), då det skulle vere eit tillegg til historia; ein bakgrunn for den kultivert lesar og ei nødvendig kjelde for relevant informasjon, då med hovudvekt på det romersk militære og det administrative. Dette medførte at Strabon berre såg på den bebudde verda som relevant, og at det var meiningslaust å spekulere eller forsøke å skildre det ukjende (Str. *Geo.* 2.5.34). Det overordna problemet var at nokre av Pytheas sine observasjonar kolliderte med Strabon sine eige oppfatningars av geografien, og dermed meinte Strabon bastant at alle observasjonar gjort og formulert av Pytheas måtte avvisast som løgn og spekulasjon.

Den fulle beretninga til Pytheas og hans verk er skildra av Cunliffe (2003), og dermed ikkje nødvendig å attgje i detalj her, men det er verd å merke seg nokre sentrale, seinare forfattarar i antikken som nytta Pytheas som ei kjelde, samt kva som skjedde med verket *På sjøen* (On the Ocean) etter kvart. Grekaren Polybios, fødd kring år 200 f.Kr., fekk truleg

kjennskap til Pytheas sitt verk under eit besøk til biblioteket i Alexandria ein stad mellom 145 og 135. Såleis er det høgst sannsynleg at Pobybius oppdaga at nokon hadde kome han i forkjøpet om å gje ut eit omfattande verk som tok føre seg Atlanteren, då Polybius sjølv i 146 hadde utført ei oppdagingsferd, men som etter oppdaginga av Pytheas hamna i skuggen. Cunliffe skildrar oppdaginga som sjokkerande, og at “His [Polybius] venomous attack on Pytheas’s veracity has all the hallmarks of intense academic jealousy.” (Cunliffe, 2003: 166).

Åtaket på Pytheas sitt omdømme var effektivt og grundig, og haldningane vart vidareført av Strabon, som allereie er skildra. I tillegg til Strabon har vi kjennskap til eit par andre antikke forfattarar som nytta Pytheas (eller referansar til verket hans); Aëtius, Cleomedes og Plinius den eldre. Plinius skal i omfattande grad ha nytta Pytheas i tre av hans 37 bøker som utgjorde hans *Naturalis Historia*. Cunliffe (2003: 171) hevdar at Plinius ikkje visste om Strabon sitt verk *Geografi* (Geography), og at sjølv om Plinius truleg hadde kjennskap til Polybius, vart Pytheas nytta som ein påliteleg observerer. Etter dette forsvinn Pytheas frå det historiske søkerjaset, då verda var i stadig endring og andre, meir presserande saker, vart prioritert. Eit unntak var ein og annan referanse av bysantinske akademikarar på 600- og 700-talet e.Kr., men dette var stort sett grunna antikvariske føremål.

Mykje tyder på at Pytheas var ein vitskapsmann som først og fremst var lokka mot det ukjende i søkeren etter svar på det ukjende samt at han ville forsøke å rette opp utryggleiken og tvilen om det ukjende nord lagt fram av andre, tidlegare forfattarar, som til dømes Herodot. Samstundes er det ikkje utenkeleg at det må ha eksistert ei eller anna form for kommersielt motiv bak ferda. Trass kritikken og dei mange meiningsane vert Pytheas sine førstehandsskildringar i dag heidra som nøkterne og pålitelege av dei aller fleste (Cunliffe, 2003; Cary og Warmington, 1929), medan andre har stilt seg på sida til Polybius og Strabon (Stefanson, 1942). Til sjuande og sist er den generelle konsensusen at Pytheas og hans verk er overvegande korrekt og sannferdig.

Ein seinare romersk historikar, Publius Cornelius Tacitus, skildrar også det ukjende nord, meir spesifikt Nord-Atlanteren og Nordsjøen, som ein sann erobringshorisont. Allereie heilt i byrjinga av *Germania* (2.1) får vi eit inntrykk av dei ukjende hav og kyster i det romerske medvitet, då “... in former times, it was not by land but on shipboard that those who sought to emigrate would arrive; and the boundless and, so to speak, hostile ocean beyond us, is seldom entered by a sail from our world.” Biletet måla av Tacitus er at Nordsjøen er skild frå *oikumene*, den bebudde verda, eit bilet som vert ytterlegare forsterka når Tacitus (*Germ.* 3.3) hevdar at

Odyssevs sjølv segla i dei germanske farvatna; “... Ulysses too, is believed by some ... to have found his way into this ocean, and , having visited German soil...” På den måten framkallast eit bilet av eit personifisert, krigarsk, surrealistisk område med parallellar til dei kjende legendene samt Tacitus sitt utvalde emne.

Trass det faktum at romarane oppnådde suksess på så å seie alle frontar, kan det ut fra Tacitus sjå ut som om at dei er nekta åtgang til dei nordlege hava. Passande nok brukar ikkje Tacitus omgrepet *hav* i nokon andre tilfelle, berre når forfattaren viser til desse farvatna, som om “å reservere den mystiske auraen til det namnet for regionen som er mest fortjent det.” (Romm, 1992: 145). Romm viser til eitt enkelt unntak (Tac. *Ann.* 15.37), men legg fram at dette på den eine sida kan vere snakk om importerte dyr *abusque Oceano* – truleg frå eit generelt hav, eller eit anna, framand område – heller enn Nordsjøen spesifikt. På den andre sida kan det vere gjort som ein bevisst framandgjeringstaktikk for å få Nero til å virke knytt til fjerntiggande og framande farvatn. Dei nordliggende områda nære Atlanterhavet og Nordsjøen, samt sjølve hava, får av Tacitus ein status som eit sete for eit guddommeleg sentrert siste *stopp*, der romarane med sitt nyleg oppretta verdsomfattande imperium, endeleg er bestemt til å få eit opprykk – der den nemnde personifiseringa av havet står fram som ein fiende som må overvinnast. Om ein inkluderer den politiske konteksten er det tydeleg at Tacitus var lei inkompotent keisarar og den generelle stemninga under *principatet*, at han helst ville ha romarane ut i verda igjen for å fokusere på ekspansjon og militær ære (Thomas, 2009: 64-5; Røeggen; 2021: 88-92) – og kva hadde då vore eit betre strategisk mål for Roma å klare å få kontroll over enn havet, som grensa til og var sjølve symbolet på det ukjende.

1.2 Kven var germanarane? [Barbar]Omgrepet i det romerske medvitet

Kven germanarane, dei nordlege barbarane, var, har vore diskutert lenge og det kjem stadig ny litteratur og forsking kring dette spørsmålet – særleg har generasjonane etter andre verdskrig løfta forskinga og vår forståing av både det Romerske imperiet samt området ofte omtala som *Barbaricum*; “the land of barbarians” (Heather, 2006: xiii). Dei eldste referansane vi har til menneska som oppheld seg i dei vestlege og sentrale delane av Europa, kjem frå dei gamle grekarane, og deira omgrep for denne noko ukjende og grovt definerte folkegruppa var *Keltoi*, keltarar (Todd, 2004: 1). Grekarane kalla dei fleste ukjende folkegruppe barbararar, *barbaroi*, grunna annleise språk og uforståelege talemåtar. Germanarane etterlet ikkje noko skriftleg materiale, derimot har arkeologien vore sentral i forsøk på å utforske og kartlegge sentrale

aspekt av deira liv og samfunn. Ifølgje Malcolm Todd (2004: 8-9) kan ein akseptere at forfedrane til germanarane vi kjenner frå dei tidlegaste historiske skildringane vi har kjennskap til, kan sporast tilbake til midten av 100-talet f.Kr., perioden då Jastorfkulturen var utbreidd i Sentral-Europa. I tillegg har lingvistikk vore eit viktig forskingsgrunnlag, men det er ikkje vektlagt i denne teksten, då det fort blir for omfattande. Dei skriftlege kjeldene vi har som skildrar dei som oppheld seg i dagens Sentral-Europa, er romerske (og utanforståande), noko som gjer det krevjande om ein skal forsøke å ta føre seg ein stamme og/eller eit samfunn på sine eigne premiss. (Jf. emisk/etisk, s. 11)

Omgrepet germanar er på mange måtar eit omdiskutert og til dels problematisk omgrep, og likeins er barbar eit krevjande omgrep å nytte av fleire grunnar. Young (2015) nyttar til dømes omgrepa “Germanic barbarians” og “northern barbarians” om kvarandre, i tillegg til andre former. I denne oppgåva vert fleire variasjonar av omgrepa nytta, men òg diskutert, dette fordi eit mål med dette delkapittelet er å vise til omfanget av omgrevsbruken. *Dei nordlege barbarane* kan også sjå ut til å tyde alle barbarane nord for eit gjeve punkt, men her er det hovudsakleg snakk om dei som er omtala som germanarar. Om eg kjem inn på eller trekk inn andre grupper i form av analogiar vert dette spesifisert. Forskingsfeltet og litteraturen som tek føre seg denne problematikken er innhaldsrik og stadig aukande, difor kjem ikkje gjennomgangen til å bli uttømmande: Med tanke på omfanget til oppgåva må det til med visse avgrensingar.

Kvar omgrepet *germanar* stammar frå, eller kva meining som først var pålagd det, er ikkje heilt sikkert. Somme akademikarar meiner grekaren Poseidonios av Apamea nytta omgrepet for å skildre ein spesifikk stamme med namnet *Germani*, og at dette etter kvart spreidde seg til “alle andre germanske stammar” (Grane, 2003: 130), og at det til slutt utvikla seg til å bli eit samla omgrep for store delar av stammebusetnadane i Nord-Europa. Kva er det då som gjer desse stammene til “germanske”; er det så enkelt som at dei budde i nærleiken av *germani*-stamma? Dette har lenge vore eit sentralt spørsmål, men få har kome opp med tilfredsstillande svar. Arkeolog Thomas Grane (ibid., 127-131) legg fram at Poseidonios sine originale verk ikkje er bevart, men at fleire fragment er kjend for oss gjennom andre greske skribentar, som til dømes Athanaeus. Guy Halsall (2007: 22-25) meiner blant anna at germanaromgrepet bør fjernast frå den moderne diskursen, noko eg kjem tilbake til på side 20.

Arkeolog Malcolm Todd (2004: 2) skildrar også Poseidonios, og at han er den første vi kjenner til som skilde germanarane frå keltarane og skytarane: Ifølgje Todd (ibid.) er det klart

at Poseidonios besøkte Gallia og Nord-Italia, men at det på den andre sida er openbart at den antikke skribenten ikkje hadde førstehands kunnskap om områda og menneska som haldt til lenger nord: “Vi kan berre gjette på kva kjelder Poseidonios kan ha nytta, men vi kan ikkje gå ut ifrå at dei var særleg velinformerte”. Kanskje kan det vere snakk om geografar som har gått tapt. Eg kan sjå for meg at det i stor grad kanskje kan ha vore personar knytt til handel og varebyte, då det gjev meining at rykte og uoffisielle rapportar om ukjende område og nye folkegrupper sirkulerte og vart spreidd gjennom denne typen aktørar som var på reisefot og kanskje hadde større eller mindre kjennskap til dei omtala områda. Ifølgje Grane (2007: 7) er slike døme kjend, blant anna frå forteljinga om ein romerske medlem av ryttarklassen (*equites*) som fekk i oppgåve å kjøpe rav for keisar Nero² (Pli. *Nat.* 37.44-46), sjølv om dette var noko seinare enn Poseidonios si tid.

Ein tidleg distinksjon mellom dei ulike befolkningsgruppene var som nemnd mellom keltarar og skytarar, der skillelinja grovt sett var mellom Aust- og Vest-Europa. Dei første historiske skildringane vi har av germanarane stammar frå Cæsar sitt verk *Gallerkrigen* (De Bello Gallico), som vart utarbeidd medan han og dei romerske legionane var på felttog (sjå Kraus, 2009: 159-74). Allereie i første kapittel (*Gall.* 1) vert vi fortald at germanarane bur på den andre sida av Rhinen, motsett av gallarane. Her er det snakk om ei oppdeling; ikkje på ein etnologisk basis, men på eit reint geografisk grunnlag. Store elvar fungerte i mange tilfelle som naturlege grenser for romarane, og i dette tilfellet også som ei skillelinje mellom dei ulike folkeslaga. Omgrepet *germanar* skulle seinare utvikla seg til eit paraplyomgrep som dekte dei fleste stammene som grovt sett budde nord for Alpane og mellom dei store elvane Rhinen og Donau, omtrentleg rekna som dagens Tyskland, Danmark, Polen, Slovakia, Tsjekkia og delar av Ungarn og Austerrike. Lingvist Tore Janson (2017: 56-57) legg til grunn at det felles språket var det som gjorde at Cæsar gav barbarane nemninga germanar. Dagens moderne grenser kan påverke vårt syn på saka, og det fanst truleg “germanske” stammar som budde og oppheld seg utanfor områda definert av dei antikke romerske forfattarane, då det er usemje om kor dei antikke forfattarane sette skillelinja, særleg mot aust. Eit døme på dette er at Tacitus, i sitt verk *Germania*, ikkje har mykje informasjon å by på når det kjem til kven som oppheld seg mot nordaust, med unntak av nokre få stammar (Tac. *Germ.* 46). Det kan sjå ut til at det overnaturlige og mystiske trer sterkare fram i skildringane av stammar jo lenger vekk ein kjem, noko som gjev meining om det er mindre reelle element å skrive om (sjå Grane, 2007).

² Grane (2007: 7) legg fram at “... the descriptions provided by these merchants could be problematic or untrustworthy, according to several ancient sources.”

Allan A. Lund (1993: 87) peikar på at omgrepet *germanar* er kulturelt og geografisk: Dei usiviliserte barbarane i Germania vart skild frå gallarane av elva Rhinen, som ifølgje Cæsar sine framstillingar funka som ei kulturell og etnisk grense. Dette er ei skildring frå utsida (jf. emisk/etisk, s. 11), og det er usikkert om nemningane svara til dåtidas individuelle subjektive etnisitet. Denne kulturelle differensieringa kjem igjen i sjette bok av *Gallerkrigen* (*Gall.* 6.11-23) då Cæsar byrjar med å fortelje at han “På dette sted finder [jeg] det passende at skildre skik og brug i Gallien og Germanien samt hvorledes disse to befolkningsgrupper indbyrdes er forskellige.” (Cæs. *Gall.* 6.11.1, i Lund, 1993: 88). Ved å peike på forskjellar, samt å nytte dei forskjellelege omgropa som han gjer, ser ein tendensar hjå Cæsar som minner om etniske overomgrep, *kategoriar*, som skal vere skildrande for ei heil befolkning innanfor eit gjeve område. Noko som er interessant i samband med dette er at Strabon (*Geo.* 7.1.2) går ut frå at romarane fann på (i antikk forstand) omgrepet germanar for å kunne skilje mellom germanarar og *gallarar* (keltarar), då den eine av dei to vart sett på som “dei ekte”. Lund (ibid., 88; 93) legg fram at det etter hans mening er romarane som har gjeve germanarane nemninga for å omtala dei som “ekte gallarar”, då *Germani* tydar “dei ekte” på latin, og såleis at det er stor grunn til å hevde at den overordna inndelinga av germanarar, er ei reinspikka romersk handling (som dei igjen tok til seg frå grekarane/*hellenarane* før dei, men la meir vekt på det kulturelle heller enn det lingvistiske aspektet).

Historikar Christopher Krebs (2011: 18) har ei velformulert nemning på kor hen grensene til germanarane gjekk i det romerske medvitet, då han meiner at “To the Romans following the trail of their general Gaius Julius Caesar, they were the unruly northern people east of the Rhine, roaming an area enclosed by the Baltic Sea to the north, the Alps to the south and (usually) the Vistula River to the east.” Med det er det viktig å understreke at dette er det romerske synet på dei nordlege områda og dei menneska som oppheld seg i det området: Vi veit ikkje om germanarane følte seg som germanarar eller følte tilknyting til denne nemninga – i og med at det er snakk om ein romersk merkelapp, er det heller lite truleg (jf. førre avsnitt). I tillegg er det verdt å merke seg at dei fleste av dei antikke forfattarane som skildra og viste til germanarane for det meste ikkje hadde førstehandskunnskap om dei som vart skildra, samt at dei ofte skreiv og forfatta innan ein klart definert etnografisk tradisjon, der det nesten kan hevdast at forfattarar hadde eit slags overordna *rammeverk* å følgje, der mentaliteten mellom “oss” og “dei andre” stod sterkt. Ifølgje Todd (2004: 5) vart grensene for det skildra emnet

ikkje berre lidenskapleg akademisk, men også av moralsk og kulturell vurdering³ – det er dermed krevjande å argumentere for analytisk og personleg objektivitet i den samanhengen.

Såleis ser ein at germanaromgrepet er problematisk. Heather (2006: 6) hevdar at

“When we talk of Germanic Europe, therefore, we are really talking about Germanic-dominated Europe, and there is no reason to suppose that the entire population if this truly vast area – some of it militarily subdued in the fairly recent past – was culturally homogenous in terms of belief systems or social practices, or even that it necessarily spoke the same language.”

Dette er eit utmerkt poeng, samt at Heather eksplisitt nemner fleire moment ein må vurdere i samband med germanaromgrepet og det romerske synet på dei nordlege barbarane. Særleg nemneverdig er trussystem og sosiale praksisar, då desse kan vere like samlande som splittande, og med det ei verdifull kjelde for å undersøke korleis det germanske samfunnet såg ut i tida før år 0 og i den etterfølgjande perioden.

Historikar Walter Goffart diskuterer problemstillinga *germanar* versus *barbar*. Forøvrig legg også Goffart (2006: 3) på bordet at “The very term ‘German’ was Roman”, og eit av hovudmåla hans er å lausne barbarane (med hovudvekt på seinantikken) frå dei “Germanske” omgjevnadane dei ofte er plassert i. Forfattaren meiner at omgrepet “German” ikkje høyrer heime i anna enn språkleg diskurs om dette emnet, og han meiner at bruken av omgrepet på dei nordlege barbarane er innvia ved nesten uminneleg bruk. Forskjellane mellom dei nordlege barbarane frå Augustus til Theoderik si tid er ikkje mykje strida om, det som utgjer forskjellen er korleis ein fyller det tomme kronologiske og geografiske rommet mellom fakta og korleis diskontinuitetane er tappa over med varm retorikk (Ibid., 37). Såleis er Goffart sitt forsøk på å utfordre eit sentralt narrativ når det kjem til germanarane absolutt relevant, og det er interessant å merke seg at forfattaren klart og tydeleg meiner at mykje av den moderne forskinga, særleg Demandt (1984) sitt synspunkt er utdatert og negativt farga. Allan A. Lund (1993: 9) nyttar omgrepet etnosentrisk synsvinkel for å skildre både den antikke (og den moderne) mentaliteten kring *oss* og *dei andre*: Ifølgje forfattaren er kontrasten mellom gruppa ein sjølv høyrer til (in-group) og ei framand gruppe på utsida (out-group) ein nødvendig føresetnad for forståinga av eigen kulturell og etniske identitet. Såleis vert den typen kontrastar gjort på bakgrunn av ei eiga *in-group*, noko som igjen fører til at andre, utanforståande grupper

³ Dette er for så vidt ei velkjend trope innan romersk historieskriving, og er noko ein må ta omsyn til i det meste av arbeid med antikke litterære kjelder (det kjem blant anna sterkt igjen i Kap. 2: Teutoburgerskogen)

vert sett i eit mindre flatterande ljós, noko som i stor grad kan seiast om romarane sine skildringar av sine nordlege naboor.

Historikar Guy Halsall sin argumentasjon deler mange likskapar med Goffart sin, då Halsall (2007: 22) blant anna understrekar at “To lump all Germanic-speaking tribes together is simply to repeat the assumptions of Roman ethnographers of the politically contingent Germanic interpretations of the nineteenth and early twentieth centuries.” Sjølv om eg i denne oppgåva gjer bruk av både omgrepet *germanar* og *barbar* om kvarandre, posisjonerer eg meg med Goffart og Halsall på desse utsegna: Det er viktig å tydeleggjere at om ein nyttar omgrepet *germanar* (eller *germani*) så er det snakk om stammebusetnadane i antikkens Sentral-Europa, særleg med tanke på det språklege, som kan gje inntrykk av ein historisk kontinuitet mellom antikken og vår tid, men det er absolutt ikkje tilfellet. Halsall (*ibid.*) legg fram at både historikarar på 1800-talet, nazistar og deira fiendar tilnærma seg det historiske narrativet på denne måten, noko også Krebs (2011) viser til i si bok. Sjølv om Frisarane i vest og Gotarane i aust prata germanske språk skapar ikkje det ein grunnleggande eining blant dei. Til samanlikning kan vi ikkje behandle folk frå Portugal og Romania om kvarandre sjølv om dei pratar romanske språk. Ved første augekast ser desse innstrammingane openberre ut, men ifølgje Halsall (*ibid.*, 22-23) behandlar ofte moderne historikarar og arkeologar dei forskjelle ge germanskalande gruppene som om dei delar ein slags samlande etos, noko som høgst sannsynleg ikkje var tilfellet.

1.3 Germania og germanarane: Korleis såg samfunnet ut?

Denne komande delen tek føre seg å utforske korleis det germanske samfunnet såg ut i tida frå Cæsar til Tacitus, kring 50 f.Kr., til 100 e.Kr. Eg nyttar både dei klassiske litterære kjeldene og moderne arkeologi. Tida frå kring 100-200 e.Kr. vert behandla i samband med Illerupfunnet og den tilhøyrande diskusjonen. Ei undersøking av denne typen er naudsynt for å ha eit utgangspunktet, som gjer det lettare å forstå dei endringane som gjekk føre seg blant dei germanske stammene frå slaget i Teutoburgerskogen til våpenofringane vart deponerte i Illerup Ådal.

Når ein skal forsøke å danne eit overblikk over korleis eit samfunn har sett ut på eit tidspunkt eller over ei gjeve periode, er det nødvendig å klargjere premiss for høgfrekvente omgrep. For det første har vi å gjere med omgrepet “peoples”, som blant andre Malcolm Todd (2004) nyttar. Ordrett oversett er dette *folkeslag*, som jo er eit godt omgrep å nytte i ein tekst

som tek føre seg germanarane, då eit folkeslag er ei gruppe menneske med visse sosiale og/eller kulturelle fellestrek⁴. Samstundes har omgrepa folk og folkeslag visse negative assosiasjonar, då særleg med tanke på den nasjonalsosialistiske rørsla i Tyskland på 1900-talet (Janson, 2017: 74; Krebs, 2011). Vidare er det vanleg å lese skildringar av germanarane som ei felles eining; eit stammesamfunn. Er det riktig? På den eine sida fører bruken av dette omgrepet til at ulike grupper vert trekt under ein og same kam (forøvrig gjeld dette også det mykje nytta omgrepet *barbar*). Om ein så skal problematisere omgrepet stammesamfunn i denne konteksten kan ein legge til grunn at germanarane ikkje var nokon homogen, einsarta gruppe med like verdiar, tradisjonar og kulturelle grunnlag; truleg har det vore både større og mindre forskjellar og ulikskap. På den andre sida nyttar Todd (2004: 28) også *tribal society*, stammesamfunn, då han legg dei antikke kjeldene til grunn og såleis hevder at dei måler eit bilete av tidlege germanske stammesamfunn, og at bruken av omgrepet dermed er både rett og rettferdigjort i ein relevant kontekst.

Ifølgje Halsall er det ikkje så lett når det kjem til å omtale germanarane som eit folkeslag. Innvendinga hans er hovudsakleg retta mot den einsarta materielle kulturen når det gjeld gravlegging av døde og byggsskikkjar, då “The diverse peoples who inhabited the region between the Rhine and the Baltic differed little from one another; most practised fairly similar burial rites. This does not mean that ‘Germans is Germans’. ” (Halsall, 2007: 22). To døme vert trekt fram for å bygge opp under denne argumentasjonen, dei nemnde gravrituala og byggskikkjar. Møblerte gravritual som inneholdt våpen har vorte identifiserte som *germanske*, trass det faktum at desse gruppene ikkje hadde praktisert denne tradisjonen tidlegare: Ved å basere seg på eit generelt tilfelle av denne skikken i det enorme området frå Nordsjøen til Ukraina, vart skikken tilskrive alle stammar i Germania, og dermed vart det ein “germansk tradisjon”. Likeins har ein viss type bygning vorte assosiert med germanske folkeslag, på grunnlag av at bygningstypen har vore oppført andre stadar i Germania, som igjen fører til at bygningstypen er “germansk”. Det vert implisitt i denne typen tolkingar at alle *germanske folk* deler ein felles mentalitet. Halsall (*ibid.*, 22-23) hevdar at denne typen tolking er eit døme på *reductio ad absurdum* av tradisjonelle føresetnadar, og vidare at det er det fordi desse meiningsane er fundamentalt absurde. Forfattaren unngår å nytte omgrepet *germansk* i sin tekst anna enn når forfattaren viser til språklege element eller når det er snakk om tidlegare historiske eller arkeologiske synspunkt, og sjølv om eg nyttar både omgrepa *germanar* og *barbar*, som

⁴ Det norske akademisk ordbok, s.v. “folkeslag”. 22. April 2022. <https://naob.no/ordbok/folkegruppe>

jo begge klart og tydeleg er omdiskuterte med tung bagasje (sjå kapittel 1.2), er håpet at diskusjonar av denne sorten skal klargjere omgrevsbruken i min tekst.

Cæsar kontrasterer Gallia og Germania, og skissa han teiknar av det germanske samfunnet og den politiske organiseringa er utført med korte og dristige pennestrøk. Det kan utan tvil argumenterast for at dette er blant dei første samanhengande bileta vi har av det germanske samfunnet i antikken, men på den andre sida er det tydeleg at Cæsar har teke utgangspunkt i ein liten del av Germania, truleg dei delane generalen såg sjølv i Rhindalen og i dei nærmaste austlege områda som var kjend for romarane under felttoget. Ikkje berre var jorda betre og meir fruktbar i Gallia, men germanarane var villare og farlegare, og dei førte stadig krig mot gallarane (Cae. *Gall.* 1.1). Biletet *Gallerkrigen* målar av germanarane er kynisk og todelt. På den eine sida var dei svært forskjelle fra gallarane, sjølv om både gruppene er røffe og krigerske, men gallarane var meir mottakelege for det siviliserte liv. Germanarane var på den andre sida primitive, og håplause då dei ikkje i det heile teke hadde muligkeit til å endre seg i møte med, eller ta imot, sivilisasjonen. Attpåtil alt dette utgjorde dei ein trussel mot Gallia (som romarane var interesserte i å kontrollere som ein stabil provins), samt at minna om vandringane til Kimbrarane og Teutonarane på 100-talet f.Kr. (Kershaw, 2019: 175-81) var eit minne som ikkje hadde bleikna i det romerske medvitet.

Ifølgje Terry Jones (2009: 102-3), som baserer argumentasjonen sin på Tacitus, eksisterte det ingen byliknande busetnad i Germania, berre spreidde og isolerte busetnad, og husa var ikkje noko verd å merke seg. Stammebusetnadane haldt angiveleg ikkje kveg i stor skala, men dei vart nytta som trekkdyr, og borna i dei enkelte husstandane vaks opp nakne og i därlege kår, sjølv om dette ikkje nødvendigvis var negativt då det skaffa dei germanske borna dei grovlemma kroppane som romarane beundra (Tac. *Germ.* 20). Det er interessant at romarane beundra germanarane sine sterke kropper, ifølgje Tacitus, og om vi inkluderer ein annan romerske forfattar, arkitekten Vitruvius, skildrar han i sitt verk *On Architecture* (De architectura) kvifor det var slik. Vitruvius (*Arc.* 6.1.3-5) skildrar soneinndelingsteorien, utan å gje eit spesifikt namn til den. Grunna forskjellelege tempererte soner utvikla menneske utsjånad og karaktertrekk grunna klimaet i sona dei oppheld seg i: Romarane opphaldt seg i den midste sona med perfekt temperatur, noko som gjorde at blodet hadde fin temperatur og flaut fritt, medan individua som budde og oppheld seg i Nord-Europa, og særleg då i Germania, fekk store kropper, stridt raudblondt hår, blå øye og kropper fulle av blod som følge av for mykje væske. Kombinasjonen av eit hardt og brutal klima, i samband med sola og mengda fuktigheit i kroppen gav dermed germanarane deira noko fryktinngytande utsjånad. Vitruvius (*Arc.* 6.1.10)

meiner også at dei som var fødd i dei kalde regionane var meir innstilt på våpenkamp, då dei “are much more ready for the clash of arms and are endowed with boundless, fearless bravery,” sjølv om dette førte til at dei ofte handla utan å tenke.

Ei vital litterær kjelde som har skapt mykje av grunnlaget for moderne forståing av og forsking kring germanarane og deira opphaldsområde er *Germania* av Tacitus. Dette korte etnografiske verket av den romerske historikaren og skribenten har vore diskutert sidan det vart oppdaga i renessansen, og den har ei turbulent historie (sjå blant anna Krebs, 2011). Eit gjennomgåande tema i dette verket er fridom: Germanarane er eit fritt folk, som ikkje vil eller klarer å la seg undertrykke av ein eller fleire herskarar (det finst unntak, som kjem fram seinare i teksten). Konseptet fridom er nært knytt saman med styresett, og noko som er særleg vektlagd er det faktum at dei fleste germanske grupper ikkje hadde nokon *reges*, konge med uavgrensa eller eineveldig makt, men at folket (for det meste frie menn) uttrykte sine meningar ved å skramle med våpena og slå kraftig mot skjolda sine under tingsamlingar (Tac. *Germ.* 11). Tore Janson (2017: 16) legg fram ei viktig innvending, då dette ikkje nødvendigvis innebar at alle germanarar hadde like mykje å seie, og at ein “øyner et idealbilde av et aristokratisk styre der noen har større grad av frihet enn andre.” Fri og kjempande menn, samt dei som satt med mindre eller større grad av makt, samlast dermed i råd der dei tok viktige avgjersler. Skildringa gjenspeglar truleg også eit av Tacitus sine motiv bak teksten, då han skriv at nokre stammar er styrt av kongar utan at fridommen deira er i fare (Tac. *Germ.* 44), som dermed kanskje kan symbolisere korleis forfattaren meiner Roma burde utvikle seg (sjå blant anna Thomas, 2009: 63-4).

Stammen var mest sannsynleg ikkje ein låst og uoppløyseleg eining, og dei varierte i storlek og betyding. Ifølgje Todd (2004: 102) er det tydeleg at “Germanic society was dominated by warlike elites rather than rulers endowed with permanent power”. Den styrande eliten i *Barbaricum* vert nytta for å forklare dei meir luksuriøse eksportvarene i Germania frå 0 til 200-talet e.Kr. I tillegg til ei auke av romerske varer som drikkebeger, praktfulle glasvarer, matvarer, myntar og meir⁵, ser ein også politiske endringar tidleg i dette tidsrommet (50 f.Kr.-50 e.Kr.), som Andrew T. Young (2015) påpeiker. Forfattaren (*ibid.*, 370) argumenterer for at dei “germanske barbarane” vart utsett for nye kjelder til rikdom og opplevde større knappleik på landområde som følgje av Cæsars erobring av Gallia: Det romerske inngrepet i Vest-Europa skapte incentiv for å allokkere ressursar vekk frå pastoralisme og rette dei mot (a) stillesittande

⁵ Sjå Todd, 2004: 88-102 for ei meir fullstendig oversikt over romersk import, då lista er lang.

jordbruk og (b) raid over grensa. Konstitusjonelle utviklingar i Germania som følgje av romersk ekspansjon vart gjensidig fordelaktig for både adelen og frie menn. Frå Cæsar til Tacitus skjedde det gradvise endringar, samt at “germanske barbarar” gjev eit sjeldant døme på sjølvstyre på tvers av ulike sosiale grupper.

I samband med det styrande aristokratiet får vi særleg to opplysingar frå Tacitus som er relevante og viktige i samband med det germanske samfunnet, og det er sosiopolitiske institusjonar. Hirden (følgjet, *comitatus*) og tinget (folkeforsamlinga, *consilium*). Folkeforsamlinga “... assemble, except in the case of a sudden emergency, on certain fixed days, either at new or at full moon;” (Tac. *Germ.* 11). Ein negativ konsekvens av denne framgangsmåten er at opptil to eller tre dagar kunne sløsast vekk grunna rot og kaos (Tac. *Ibid.*). Folkeforsamlinga var stammen sitt sentrale organ med besluttande myndigkeit i felles stammesaker. Hedeager (2001: 104) diskuterer dette, og legg fram at den leiande høvdingen og følgjet utgjorde “en institusjon som hadde sin opprinnelse på tinget og som hadde en “offentlig” funksjon – i den forstand at det ivaretok felles stammeanleggander som jurisdiksjon og krig.” Leiaren, eller stormannen, måtte veljast av folkeforsamlinga, men ein føresetnad for dette var at ein hørde til adelen. Eit interessant aspekt i samband med råd og makt er straff ved større og mindre saker: Høvdingen dømde ved mindre saker, men om brotsverket var alvorleg var det prestane som dømde, eller rettare sagt gudane sjølv gjennom deira jordiske representantar. Arkeologisk sett stemmer dette godt overeins med det Tacitus hevdar, då det er gjort fleire funn av menneskeleivningar i myrer med greiner over (sjå Giles, 2020). Dette er med på å vise kor sterkt det religiøse aspektet må ha vore. Avslutningsvis må det nemnast, som Lund (1993: 56) legg fram, at alle skildringane skjer utelukkande på romersk terminologi, sidan vi som nemnd ikkje har skriftlege kjelder frå Germania.

Kva livnæra dei fleste seg av? Lotte Hedeager og Henrik Tvarnø (2001: 19) forklarer i si bok at livsgrunnlaget for den galliske befolkninga var kveg og korn, slik det for det meste elles var i Mellom- og Nord-Europa. Tilstandane i Germania vert definert som eit “tradisjonelt stammesamfunn” (*ibid.*, 82), så eit bondesamfunn kan i stor grad vere dekkande: “Den germanske befolkningen ernærte seg med sikkerhet som bønder, de dyrket jorden og hadde kveg på båsen.” (*Ibid.*, 108). Ifølgje Tacitus var husdyrhald, hovudsakleg kveg, det viktigaste, noko som vert bekrefta av dei innanlandske germanske busetnadane samt det arkeologiske materialet i form av dyrerestar. Todd (2004: 76-8) meiner det var likt over store delar av Europa, også i dei sørlege delane av Skandinavia, då kveghald var det mest utbreidde, etterfølgd av sau og geit og deretter gris. Ein nemneverdig kontrast til det er at det ser ut til at

hovudvekta låg på grisehald heller enn kveg ved eit villakompleks ved Borg i Saarland i dagens Vest-Tyskland, vest for elva Rhinen og som i antikken låg innanfor den romerske provinsgrensa. Ved eit anna arkeologisk utgravingsprosjekt, eit villakompleks ved Feddersen Wierde, i dagens Nord-Tyskland, stod kveg truleg for omtrent halvparten av husdyrhaldet (Wells, 2001: 244-45; Todd, 2004: 77-8). Dermed ser ein forskjell på dyrehaldet mellom dei romerske provinsområda og *Barbaricum* – hovudtyngda låg på kvegdrift, som litterære kjelder også bekreftar. I nærleiken av kysten kan fiske ha vore eit supplement, men totalt sett ser det ikkje ut til at fiske og jakt har hatt så mykje å seie (Hedeager, 2001: 108; Krogstad, 2005: 55, 75).

Dyrking av forskjellelege kornsortar var viktig for dei fleste busetnadane i Germania, og sjølv om utvalet varierte i form av fysisk naturalia og i dei litterære kjeldene, har arkeologien bekrefta fleire forskjellelege typar. I form av pollenspekter og funn av frø og mindre planterestar i forskjellege funnkontekstar ser det ut til at dei mest utbreidde typane var bygg (frå 200/100 f.Kr.), havre⁶, kveite, rug og hirse. Dei mest vanlege dyrka og tilgjengelege grønsakene kan ha vore erter og bønner, og forskjellege viltveksande saker kan også ha vore sanka, som spinat, selleri, løvetann, reddikar og liknande (Todd, 2004: 79). Hedeager og Tvarnø (2001: 87-8) føreslår at auka kontakt med romarane allereie frå første århundre e.Kr. gjorde at befolkninga i Germania vart tvungen til å produsere for ein marknad – den romerske, då romarane føretrakk kveite som kunne nyttast til å bake brød, og at romarane søkte til område utafor provinsgrensene for handel. Auka matproduksjon er ein grunnleggande faktor for folkeauke, og såleis hevdar Stephen P. Kershaw (2019: 307) at det germanske samfunnet var “on an upward trajectory”. Denne utviklingstrenden må sjåast i samband med import av romerske varer, og når varer byrja å bevege seg følgde kulturell utveksling og påverknad som oftast hakk i hel (Sjå blant anna Wells, 2001: 122-48; Grane, 2016).

1.3.1 Eit lite stykke *romanisering* – ein moderne debatt

Denne typen påverknad mellom romarar og utanforståande har fått eit stempel; *romanisering*. Dette omgrepet og ein inneberande implikasjon om korleis best mogleg forstå Roma og den materielle kulturen har særleg dei siste tre tiåra ikkje berre vore i hardt vær, men også gjennomgått det mange vil omtale som eit paradigmeskifte (Woolf, 2014: 2). Dette er eine sida av mynten, og den andre er at romaniseringsdebatten ser ut til å stoppe opp ved “romarar og innfødde”, særleg innan engelsktalande arkeologi, og debatten om korleis best mogleg forstå

⁶ Paleobotaniske undersøkingar frå Nederland viser at kveite kom til Nord-Europa i løpet av 100-200 e.Kr., og at det deretter vart planta som ein ny kornsort (Hedeager, 2001: 87)

og konseptualisere Roma stoppar dermed opp. Det er forståeleg at omgrepet romanisering har fått eit såpass djuptgåande fotfeste, då det arkeologiske materialet indikerer at det germanske samfunnet i stor grad tok til seg fleire aspekt av den romerske livsstilen, då dette er uteidd frå vin, drikkekar og beger, samt runer (sjå Wells, 2001: 224-27; Grane, 2016). Som Jørgensen (2003: 14) formulerer det, så tok “The Germanic elite [takes] over or copies Roman power symbols, ideology, and to some extent also behaviour.”⁷

Eit problematisk aspekt ved romaniseringaspektet er at det ikkje berre er fleire debattar, men også fleire debattar innan romersk historie og arkeologi som i stor grad handlar om romanisering, men berre implisitt (Woolf, 2014: 3-4). Dermed må ein vere merksam på at det ikkje er ein generell, overordna debatt, men det kan også vere snakk om ein mykje større, internasjonal diskusjon. Innan britisk og nederlandsk antikkforskning har dei tilhøyrande fagmiljøa nådd ein konsensus, nemleg at ein bør kvitte seg med romanisering. Omgrepet bør ikkje nyttast meir, då det potensielt kan styre analyser mot tolkingar innan det gamle og fordømde paradigmet som ser på Roma som noko utelukkande positivt (*ibid.*, 4). Richard Hingley (2005: 14) meiner at romaniseringsteoriane er forenkla og for snevre, då ideane om og synet på identitet og sosial forandring er for grove og for konkrete – blant anna ved å fokusere mest på eliten. Romanisering har blitt gjenoppfunne i fleire tidsaldrar for å reflektere kring den dåverande situasjonen, og det er viktig å anerkjenne at det er ein sosial konstruksjon og ikkje ein sjølvinnlysande eining. Hedeager og Tvarnø (2001: 78-9) har lagt fram omgrepet *germanisering* som eit tilskot i debatten, då den romerske hæren etterkvart vart avhengig av germanske leigesoldatar, og at denne samansmeltinga som vart eit resultat av den politikken som vart ført, utvikla seg i siste instans til mellomalderens foydalstruktur. Romanisering er dermed eit kontroversielt omgrep, samt at prosessen som har fått namnet aldri var nokon enkel prosess som gjekk føre seg oversiktleg frå toppen og ned, men skjedde på forskjellelege stadar i varierande grad, og gjekk også på kryss og tvers av det sosiale hierarkiet.

Kapittelkonklusjon:

Eg har i dette kapittelet undersøkt det ukjende nord i det romerske medvit, germanaromgrepet, korleis det germanske samfunnet kan ha sett ut i tidleg romersk jarnalder samt vore kjapt innom debatten kring *romanisering*. Biletet måla av dei romerske litterære kjeldene kan på den eine

⁷ Wells (2001: 212) hevdar også at “Elites had more options than others, and they used the material symbols of ‘Romanization’ as means of expressing their status.”


sida omtalast som sprikande, men på den andre sida er det fleire element som stemmer overeins med arkeologien, som gjer at et klarare bilet av antikkens nordeuropearar trer fram. Frå Pytheas sine tidlege reiseberetningar til dei romerske forfattarane får vi eit breiare bilet av den antikke geografiske forståingshorisonten (slik den vert framstilt i kjeldene) og av synet på og tankane om germanarane i Nord-Europa. I meir moderne tid er både germanaromgrep og konseptet romanisering mykje diskutert, og sjølv om det står fram som etablerte konsept som nyttast i det meste av forskinga, samt at etnisitet og dekkande omgrep er problematiske og mykje diskuterte premiss, er det dei omgrepene som har vore brukte og er tilgjengelege for oss i dag. Fleire meiner ein må ta vidare forsking på desse emna i ei ny retning (jf. Goffart og Halsall). Desse innvendingane er rettkomne, då skildringane vi har av Germania er frå romersk hald, og det meste av dei antikke forklaringane skjer utelukkande på romersk terminologi.

Med konteksten sett er det no på tide å undersøke eit av dei mest kjende møta mellom romarane og germanarane, slaget i Teutoburgerskogen, samt om, og i kor stor grad, denne hendinga har vore av betyding for utviklinga i Germania i tida etter år 0. Som Lars Jørgensen (2003: 13) så elegant har lagt fram, så markerer “The clash between Romans and Germani in the forests at Kalkriese [marks] just one of the many cases where the path of the Roman Empire crossed that of the Germanic populations ...». Kor betydeleg den romerske innverknaden var på den germanske befolkninga, skal undersøkast grundigare i dei komande kapitela.

2.0 Teutoburgerskogen som casestudie – vendepunktet og endringar

“Quinctilius Varus, give me back my legions!” (Suet. Aug. 23)

Slaget i Teutoburgerskogen, ved Kalkriese i dagens Osnabrück i Tyskland, er omtala av mange som eit vendepunkt i romersk ekspansjonspolitikk i Nord-Europa. Det er vanleg å lese at slaget var ei hending som fundamentalt forandra europeisk historie. I september 9 e.Kr. marsjerte tre legionar gjennom eit ulendt og ukjend terrenget, på veg tilbake til vinterleir. Romarane var uvitande om at fiendtlege krigarar låg på lur og venta, uvitande om eit utfall som skulle sende kraftige etterdønningar til sjølve hjartet av imperiet. I denne delen skal eg ta føre meg slaget i Teutoburgerskogen i 9 evt., som ein casestudie, samt sjå på kva hendingar og faktorar som førte til endringar for dei germanske stammesamfunna i tida før slaget og kva arkeologien kan fortelje oss om moglege endringar i ettertid av slaget. Eg kjem til å nytte litterære kjelder som omtalar slaget og tida etter, samt relevant sekundærhistorie og til slutt undersøke det arkeologiske aspektet – og kva den moderne arkeologien kan seie i ljós av denne hendinga i Teutoburgerskogen.



Figur 1. Oversikt over slaget i Teutoburgerskogen. (Skaalr, Twitter)

2.1 Kjelder om slaget - litterære og arkeologiske (kva sei dei?)

2.1.1 Introduksjon og historiografi

Vi har ingen skriftlege kjelder eller overleveringar frå sjølve slaget. Alt vi har av tilgjengeleg litterært kjeldemateriale vart skrive ned i ettertid, og slaget var så å seie gløymt gjennom store delar av mellomalderen. I renessansen, då gresk og romersk litteratur vart gjenoppdaga, vart slaget i Teutoburgerskogen kjend og diskutert igjen. Gjennom store delar av 1400- og 1500-talet auka interessa kraftig for dei nordlege befolkningsgruppene som vart omtala som germanarar, og særleg den historiske karakteren Arminius (Wells, 2003: 30). Dette var grunna oppdaging og publisering av Tacitus sine gløymde verk, deriblant *Agricola* og *Germania*, som vart funne i form av manuskript i eit kloster i Tyskland. Publiseringa av *Germania* i Sentral-Europa skjedde samtidig som trykkpressa vart utvikla, noko som gjorde at verket kunne spreast fortare og over større avstandar. Seinare vart også Tacitus sine *Annaler* distribuert. Fleire fekk tilgang til verka, og effekten desse klenodia frå antikken hadde på det germansk-talande medvitet var djuptgåande og intens. Tacitus si skildring av dei nordlege germanarane gav lesarane ein motpart til Gallarane, skildra av Cæsar i hans *De Bello Gallico* (Gallerkrigen), samt romarane, som endå var vidkjende trass det faktum at det vestlege imperiet hadde gått til grunne 1000 år tidlegare (ibid., 32). I ei tid der ei nasjonal sjølvkjensle var på veg opp og fram, var Tacitus sine historier eit høveleg og potent verkemiddel, og Arminius vart opphøgd av mange som ein slags mytisk, nasjonalistisk heltefigur.

Grunnen til at slaget i Teutoburgerskogen er via eit eige delkapittel er fordi ved å nytte slaget som ein casestudie er målet å kunne undersøke moglege endringar blant dei germanske stammesamfunna i tida etter slaget. Julius Cæsar sine inntog i Gallia kring 50 f.Kr. er første gongen vi får eit ordentleg møte med den germanske krigarkulturen gjennom litterært kjeldemateriale, som fleire forfattarar hevdar tok til å utvikle seg for fullt etter desse konfrontasjonane. Det er eit inkludert aspekt i dette kapittelet. Vidare er ein gjennomgang av sjølve slaget nødvendig, og såleis kva antikke litterære kjelder fortel om det, samt skal eg undersøke om kjeldene skil seg frå kvarandre. Ikkje alt for mange litterære kjelder nemner hendinga, og så å seie alle er skrive ned i ettertid, så fokuset er retta mot Paterculus, Tacitus, Florus, Suetonius og Cassius Dio. Grunnen til dette er det tilgjengelege utvalet, samt at det rådande historiske narrativet kring Teutoburgerskogen har vore knytt opp mot desse kjeldene, dermed er det naturleg å granske dei i kontekst av denne oppgåva.

Gjennom å analysere dei forskjellege verka skal eg undersøke kva informasjon det er mogleg å hente ut som handlar om germanarane og deira samfunn. Til slutt tek eg føre meg den moderne arkeologien kring slaget, og om den eventuelt har kunne gjeve oss nye svar i samband med denne mykje diskuterte historiske hendinga og teikn på forandring i etterkant. I tillegg får ein verdifull innsikt i ein kjend trope innan romersk historieskriving av å ta føre seg slaget i Teutoburgerskogen, då inntrykket er at dei nordlege barbarane, “dei andre”, vart sett på og skulle framstillast som eit spegelbilete av det siviliserte keisarlege Middelhavet (Heather, 2009: xiv), noko som kan hevdast å vere representabelt i samband med framstillinga av hendinga i Teutoburgerskogen.

2.2 Litterære kjelder om slaget i Teutoburgerskogen – kva sei dei og kva skilnadar finn vi?

Introduksjon; dei følgjande månadane

Seint på året i år 9 e.Kr., vart tre romerske legionar overraska av ein germansk konføderasjon av germanske soldatar. Dei germanske massane var leidd av Arminius, ein prins frå Cheruski-stammen, som hadde tenestegjort i den romerske hæren. Medan dei verka vi har tilgjengeleg i dag som nemner slaget i Teutoburgerskogen er skrive ned nokre tiår seinare, og resten på enda seinare tidspunkt, finn vi referansar til hendinga frå romerske side relativt kort tid etter slaget. I og med at dei nemner hendinga, er dei inkludert i denne introduksjonen, men dei er ikkje med i hovudanalysen. I ein passasje i verket *Tristia* skrive av Ovid (*Tri. 3.12.45-48*), er slaget nemnd. Dette verket vart forfatta våren 10 e.Kr., berre månadar etter at dei romerske legionane hadde blitt slakta i Nord-Europa, og det er den første referansen vi veit om som eksplisitt nemner samanstøyten mellom den germanske koalisjonen og dei romerske legionane. I same verk, men i ein annan passasje, finn vi ein referanse til Arminius, leiaren for koalisjonen av dei germanske styrkane (Ovi. *Tri. 4.2.31-46*).

Ein annan samtidig poet, Marcus Manilius, nemner også slaget i sitt verk *Astronomica*. Forfattaren skriv om opprør og forræderi, og skildrar korleis dei barbariske germanarane “stakk av” med kommandøren Varus og farga bakken raud med blodet frå soldatane i dei tre romerske legionane (Mar. *Ast. 1.898-903*). Det kan omtalast som noko ironisk, som Wells (2003: 37) legg fram, at dei romerske poetane skildrar dei germanske handlingane som forrædarske, medan dei germanske stammene truleg forsøkte å forsvare seg sjølv mot romersk invasjon og

det som kunne oppfattast som etterfølgjande undertrykking. Dette blir sjølvsagt spekulasjon i og med at vi ikkje har handfaste litterære kjelder frå germansk side, men det er ikkje usannsynleg med tanke på grunnleggande menneskeleg tankegang når ein part står ovanfor ein invaderande fiende, samt at dei verdsette fridomen sin høgt, som nemnd tidlegare. Allereie frå Cæsar sitt møte med dei germanske stammebefolkningane, i 58 f.Kr. var forholdet mellom romarane og germanarane mykje prega av konflikt.

Sjølv om kjeldegrunnlaget er svært tynt, ser ein teikn på at hendinga var dramatisk og viktig allereie i samtid, då diktatar tok tak i nyhendene om det som hadde skjedd og skildra den utenkelege ulykka som hadde råka romerske soldatar, svikaren Arminius og germansk opprør og forræderi. Det er verd å merke seg at vi ikkje har fleire samtidige kjelder som nemner hendinga, men det kan vere fleire grunnar til dette: statleg sensur kan ha hatt noko å seie i samtid, at ei hending av denne typen ikkje var lov å skrive ordrett om, eller at kjeldene som eventuelt kan ha skildra hendinga ikkje har overlevd til i dag. For det første er det ikkje mykje grunnlag i forskinga for å hevde at statleg sensur kan ha hatt mykje å seie (sjå Rudich, 2006), og for det andre er det vanskeleg å seie om fleire kjelder om slaget har overlevd, då det er mogleg (som i fleire tilfelle) at vi har kjennskap til ein gjeve forfattar eller eit verk gjennom andre forfattarar.

2.3 Velleius Paterculus

I 1515 vart eit manuskript lokalisert i eit benediktinarkloster i Murbach, Alsace (Wells, 2003: 33). Verket hadde tittelen *Velleii Paterculi historiae Romanae ad Marcum Vinicium libri duo* (Velleius Paterculus' romerske historie i to bøker dedikert til Marcus Vinicius), og det var forfatta av Gaius (eller Marcus) Velleius Paterculus (20/19 f.Kr.- etter 30 e.Kr.). Det interessante med denne kjelda er det faktum at Paterculus levde samtidig som massakren i Teutoburgerskogen fann stad, og det er sannsynleg at han visste kven Varus og Arminius var, kanskje kjende han dei også personleg. Paterculus er den kjelda vi har som nemner slaget meir detaljrikt, i tillegg til at det er skrive ned nært sjølve hendinga i tid; truleg kring 30 e.Kr., berre to tiår etterpå. Verket hans, med den engelske tittelen *The Roman History*, legg dermed grunnlaget for denne analysen av dei litterære kjeldene, då eg kjem til å bruke den som eit startpunkt for dei etterfølgjande kjeldene, og sjå på kva informasjon som vart lagt til i dei romerske narrativa og om det er mogleg å finne ut av kor denne informasjonen kom frå – nytta

dei romerske historikarane samtidige og etterfølgjande kjelder, eller er det i hovudsak snakk om retorisk utbrodering? I tillegg, korleis skil kjeldene seg frå kvarandre?

Velleius Paterculus var ikkje sjølv ein del av hendinga i dei germanske skogane, men han var involvert i det romerske militærret: I år 6 e.Kr. vart han blant anna utropa til embetet *kvestor*, og vinteren 7-8 fekk han kommandoen over ein romersk vinterleir ved Siscia på Balkan. Her oppheld Paterculus og hans medkommandant, Lepidus, seg fram til 9 e.Kr., då styrkane deira slutta seg til Tiberius og hans styrker i Dalmatia (Pat. *Hist.* 2.115). Etter det følgde han Tiberius på det to år lange felttoget i dei germanske områda, i kjølvatnet av det romerske nederlaget i Teutoburgerskogen (Persson og Rasmussen, 2010: 9-10). Dermed er det ikkje usannsynleg å gå ut i frå at Paterculus kjende til fleire høgtståande militære aktørar, deriblant Publius Quintilius Varus. Etter Augustus sin død vart Paterculus utnemnd til *pretor* (Pat. *Hist.* 2.123-25).

Grunna den sentrale rolla det romerske nederlaget hadde i både det romerske medvitet under den siste delen av keisar Augustus sitt styre samt Paterculus sitt eige narrativ, har forfattaren gjeve ei kort skildring av Varus og hans bakgrunn. Quintilius Varus kom frå ein familie som var meir kjend enn anerkjend, og han var ein mild karakter med ei avslappa haldning både i kropp og sinn (Pat. *Hist.* 2.117). Ifølgje Paterculus var Varus meir vand med livet i ein roleg leir, heller enn slagmarka og den larmen som følgde, og av måten forfattaren skildrar Varus sitt forhold til pengar på, får vi eit visst inntrykk av korleis synet på kommandanten var: Publius Quintilius Varus forakta ikkje pengar på nokon som helst slags måte, dette hadde kome klart fram av hans tid som romersk guvernør i Syria – der han angjeveleg kom til eit rikt område som ein fattig mann, og reiste frå eit fattig område som ein rik mann. Desse to stikka kan vere med på å illustrere at haldningane til Paterculus er sterkt påverka, kanskje til ei viss grad av hendingane i 9 e.Kr., då Paterculus sitt verk, som nemnd tidlegare, truleg er forfatta på eit seinare tidspunkt – kva tid nøyaktig rår det usemje om, kanskje er det forfatta over ein lengre tidsperiode.

Då Varus vart tildelt stillinga som kommandant for dei germanske proto-provinsane, hadde han det føre seg at germanarane var eit folkeslag med kroppar og stemmer som vanlege menneske, men at dei kunne temmast ved bruk av lovar og reglar, om og når han ikkje kunne tvinge dei til ro med sverd og våpen (Pat. *Hist.* 2.117). Med denne haldninga marsjerte dei romerske styrkane inn i Germania, med den tru om at dei germanske stammene og innbyggjarane var takknemlege for freden som herska på den tida. Den første tida gjekk ifølgje

Paterculus med på å innføre den romerske administrasjonen, og med det handheve lovar og føre rettslege prosessar med Varus i front som dommar (ibid.). Det er interessant at forfattaren påpeiker at Varus såg på germanarane som “eit slags menneske, som hadde menneskelege kroppar og stemmer”. Dette stammar sannsynlegvis frå typiske romerske haldningar ovanfor framande og utanforståande, men kor hadde Paterculus denne informasjonen frå?

Ifølgje omsettarane av den moderne utgåva, Persson og Rasmussen (2010: 12-13), er det militære aspektet knytt nært opp mot skapinga av verket. Då manuset vart funne i 1515 (jf. Første avsnitt, s. 31) bar det tittelen *Velleii Patriculi historiae Romanae ad Marcum Vinicium libri duo* (“Velleius Paterculus’ romerske historie i to bøker dedikert til Marcus Vinicius”). Vi kan sjølv sagt ikkje vite heilt sikkert om dette var den originale tittelen, men av tittelen vi kjenner får vi eit inntrykk av den sentrale rolla Marcus Vinicius hadde for Paterculus. Slektene Velleius og Vinicius hadde same sosiale bakgrunn (*equites*), og ifølgje Tacitus hadde begge slektene opphav frå byen Cales, i Campania (Tac. *Ann.* 6.15.1). Persson og Rasmusson (ibid., 11) meiner at begge slektene nytte godt av dei sosiopolitiske omveltingane som skjedde under Julius Cæsar og Augustus, då det gav nye moglegheiter og sjansar til individ og familiar som ikkje hadde band til patrisiske slekter. Marcus Vinicius sin farfar var *homo novus*, ein ny mann i politikken, og den første av si slekt til å bli utnemnd til konsulembetet. Det at slekter frå provinsane utan patrisiske band fekk moglegheita til å påverke og ta del i politikken var nytt i Roma som følgje av omkalfatringane frå republikk til keisarstyre (seinare omtala som *principatet*) – Paterculus tenestegjorde blant anna som militærtribun under Publius Vinicius, som var ein av Augustus sine feltherrar samt far til Marcus Vinicius (Pat. *Hist.* 2.101).

Marcus Vinicius var dermed i ein god posisjon, og han kunne yte god hjelp til Paterculus i arbeidet med utforminga av hans *kortfatta romerske verdenshistorie*. Persson og Rasmussen (2010: 11) fortel oss at Velleius sannsynlegvis fekk privilegert åtgang til dokument, i tillegg til sin eigen sekretær som kunne assistere i arbeidet, og dermed hadde Velleius eit nokså solid kjeldegrunnlag for å utarbeide verket sitt. Vidare hevdar forfattarane (ibid.) at Paterculus var kring 50 år då verket vart til (som nemnd tidlegare rår det usemje om verket vart forfatta over ei kortare eller lengre tidsperiode), men den siste referansen i verket gjer at det er konsensus om at det er publisert kring eller like etter 30 e.Kr. Med det veit vi at han har hatt privilegert tilgang til dokument, som med ein gong aukar pålitsgraden til verket. Vi får klart inntrykk av at Paterculus hadde visse ideologiske synspunkt og haldningar ovanfor den rådande autoritetten i Roma på den tida verket truleg vart utarbeidd; Tiberius. I denne analysen blir ikkje hans andre ideologiske synspunkt hovudfokus, då det er sjølve kjelda som dannar utgangspunkt

for vidare diskusjon av seinare kjelder som nemner slaget i Teutoburgerskogen, men det kan nemnast at han var tilhengar av Tiberius.

Det er diverre slik at vi i dag ikkje har mykje kunnskap om korleis dei antikke historikarane/forfattarane arbeidde. Vi veit at det å skrive historie var ein aktivitet som rike og velståande ofte fikla med attåt andre aktivitetar, men når det kjem til å referere til nytta verk, kan ikkje dei antikke skribentane akkurat hyllast for dette. I nokre ytst få tilfelle kan vi lese kva verk forfattaren har nytta (Livius sitt verk om byens grunnlegging, *Ab Urbe Condita*, er nemnd av fleire), men det kan ikkje seiast at vi har eit solid nok grunnlag for generelle godtakingar når det er snakk om kva antikke historikarar gjorde når dei nytta eit eller fleire verk av andre forfattarar, anten tidlegare eller samtidige. Kor mykje som er kopiert direkte i eit gjeve narrativ, og kor mykje som kan vere retorisk utbrodering, er difor vanskeleg å seie sikkert. Attpåtil dette er det vanskeleg å vite kor mykje av eit verk som har overlevd til oss i dag. Persson og Rasmussen (2010: 16) har eit godt døme på dette, då dei i første del av omsettinga si inkluderer eit tabell som viser kor mykje av Velleius Paterculus sitt verk som truleg ikkje har overlevd til i dag:

Manglande delar	Bevarte delar
Tittel og forfattarnamn	
Dedikert til, framlegging av mål og metode	
Byrjinga fram til dei greske heltars heimtur frå Troja, kring 1180 f.Kr.	
	Ca. 1180 f.Kr., til Sabinerane sitt byte, 700-talet f.Kr.
700-talet f.Kr., til tredje Makedonske Krig, ca. 170 f.Kr.	
	170 f.Kr., til 30 e.Kr., der det brytast av i ein avsluttande bøn
Avslutning	

Tabell 1, som viser manglande og bevarte delar av Velleius Paterculus si *kortfatta romerske verdshistorie* (Persson og Rasmussen, 2010: 16)

Vegen frå eit lokalisert manuskript i 1515 til i dag er lang, og det er kopiert fleire gongar, som kan ha ført til ytterlegare feil og misforståingar. Persson og Rasmussen (2010: 15) meiner dei

bevarte delane av verket har bestått av to bokrullar, tilsvarande første og andre bok, men at det diverre vitast lite om omfanget av dei tapte delane (jf. Tabell 1 for ei grov skisse). Noko som på den andre sida er verdt å diskutere, er det faktum at Velleius Paterculus sitt forfattarskap i nokon grad skil seg i frå dei andre romerske litterære kjeldene vi har frå antikken. Vi veit ikkje om Velleius fekk noko formell utdanning innan dei klassiske faga filosofi, retorikk og juss. I tillegg til dette hadde han ikkje mange års erfaring frå politikken eller statsadministrasjon, og han var heller ikkje velståande *nok* til å sette av mykje tid til det som kan omtalast som intellektuelle sysler (*ibid.*, 12), sidan han ikkje hadde patrisiske slektskap som strekte seg tilbake fleire generasjonar. Velleius Paterculus var ein mann involvert i den romerske hæren, og fekk mest sannsynleg den grunnleggande skulegangen som gjorde han i stand til å sette saman eit verk av denne typen – om han hadde hjelp av ytterlegare kjenningar eller andre aktørar, veit vi ikkje. Det einaste vi veit, er som nemnd at han fekk ein sekretær til rådigheit samt privilegert tilgang til dokument. Den retoriske stilens hans kan opplevast som noko kortfatta, særleg i forhold til andre litterære kjelder, men det er likevel i stor grad ei god kjelde med overraskande innfallsvinklar, som også blandar inn informasjon om forfattaren si slekt, som kan vere av interessant for moderne lesarar, og særleg moderne historikarar og akademikarar.

Paterculus (*Hist.* 2.118) omtalar germanarane som snedige og løgnaktige, i tillegg til deira umåtelege villskap. I det eine augeblikket skulda dei urettmessig på kvarandre såleis at det førte til stridigheter, men i det andre var dei brått takknemlege for at romersk rett sette ein stoppar for dette – villskapen vart kultivert av ein ny ukjend disiplin, og det som før vart avgjort av kamp, vart no avgjort i retten. Vi veit som nemnd tidlegare ikkje nøyaktig kva tid verket var forfatta, men av dette korte dømet kjem det fram at Paterculus var innehavar av negative haldningar ovanfor dei germanske stammebefolkningane. I dei litterære kjeldene er det vanleg å lese om romerske forfattarar som skildrar germanarane som blant anna ville og usiviliserte, og om ein skal legge lit til Paterculus sjølv tok han del i Tiberius sine “straffeekspedisjonar” i dei germanske områda i tida etter hendinga i Teutoburgerskogen. Basert på dette er det stor grunn til å tru at dette har påverka hans syn på og haldningar ovanfor dei germanske stammene – det er sjølvsagt ikkje mogleg å bekrefte dette, men likevel er det slik at framstillingane er i tråd med det eit klassisk romersk syn på dei nordlege barbarane.

På den andre sida er det er mykje takka vere Paterculus at vi i dag har kjennskap til nøyaktig kor mange legionar som vart utsletta i Teutoburgerskogen i 9 e.Kr.; tre legionar, tre kavalerieiningar samt seks infanterikohortar (*Pat. Hist.* 2.117). Paterculus gjev ei skildring av

Arminius og hans planar, og meiner klart og tydeleg at det hovudsakleg er Varus sin feil at ulukka råka dei romerske legionane: Varus blir framstilt som ein inkompetent leiar av to særskilde grunnar. For det første hadde han ikkje nok kjennskap til dei germanske stammene og dei germanske områda, noko som gjorde at han pressa dei germanske stammene for hardt når det kom til politikken han planla å påleggje områda. For det andre gjekk han faktisk i ei felle, og når han eigentleg skulle møte utfordringa med hovudet heva, valde han å ta sitt eige liv. Kombinert gjer desse skuldingane at Varus blir måla i eit ganske därleg ljós. I tillegg er det via Paterculus vi har kjennskap til fleire detaljar kring slaget og fleire sentrale aktørar, då han blant anna skildrar at Arminius hadde gjort teneste i den romerske hæren, at han hadde fått romersk statsborgarskap samt at han hadde fått tildelt ranken *equites*

Publius Quintilius Varus sin angjevelege inkompetanse, Arminius sitt svik samt den lite gunstige slagplassen som bestod av myrer og skogar er dei kombinerte faktorane som låg bak det romerske nederlaget, ifølgje Paterculus. Såleis gjev forfattaren oss viktige opplysningar når det kjem til viten om slaget i Teutoburgerskogen, og det hadde vore meir om tilleggsverket til Paterculus hadde blitt produsert og/eller overlevd: “Detaljerne i den forfærdelige katastrofe vil jeg i lighed med andre forfattere forsøge at beskrive i et værk af den rette størrelse.” (Pat. *Hist.* 2.119). Om verket nokon gong vart produsert veit vi diverre ikkje. I så fall har det ikkje overlevd til i dag. Paterculus skildrar også Varus sitt sjølvsmord då slaget virka tapt, halshogginga av liket hans, samt at forfattaren skildrar at hovudet til Varus vart sendt rundt om til leiarar av germanske grupper i sørlege og søraustlege områder, før det til slutt vart sendt til Augustus i Roma. Etter å ha blitt sjokkert både over det romerske tapet i Germania samt at Varus sitt avkappa hovud vart sendt til keisarens palass i Roma, plasserte Augustus det til slutt i Varus-familien sitt mausoleum (Pat. *Hist.* 2.119).

Informasjon om hendinga i Teutoburgerskogen i Paterculus sitt verk er kjærkomen i den rette samanhengen, sjølv om verket i sin heilskap typisk har vore sett ned på. Velleius Paterculus har ikkje hatt ein sentral plass i moderne forsking når det kjem til romersk historieskriving, då hans kompendium kan hevdast å mangle reell historisk innsikt. På den andre sida er hans forskjellege utsegn om enkelte og individuelle fakta generelt pålitelege. Dette, kombinert med verkets plassering i tid og rom, gjer kjelda viktig når ein tek føre seg det romerske nederlaget i Teutoburgerskogen i 9 e.Kr.

2.4 Tacitus

I 1505 vart eit manuskript som inneheld Tacitus sine *Annalar* (Church og Brodribb, 2009) oppdaga i eit kloster i Corvey i Tyskland. I eit avsnitt i *Annalane* får vi ei skildring av den romerske generalen Germanicus som oppdagar slagmarka seks år etter at slaget fann stad

“61. ... In the centre of the field were the whitening bones of men, as they had fled, or stood their ground, strewn everywhere or piled in heaps. Near, lay fragments of weapons and limbs of horses, and also human heads, prominently nailed to the trunks of trees. In the adjacent groves were the barbarous altars, on which they had immolated tribunes and first-rank centurions. ... 62. And so the Roman army now on the spot, six years after the disaster, in grief and anger, began to bury the bones of the three legions, not a soldier knowing whether he was interring the relics of a relative or a stranger, but looking on all as kinsfolk and of their own blood, while their wrath rose higher than ever against the foe.”

(Tac. *Ann.* 1.61-62).

Denne skildringa er blant dei einaste vi kjenner til som gjev ei skildring av sjølve slagplassen og ein omtrentleg plassering, nær elvane Ems og Lippe, i det nordaustlege Tyskland, området som Tacitus kallar *saltus Teutoburgensis*; Teutoburgerskogen (Wells, 2003: 35). Tacitus sitt verk blir dermed eit sentral kjeldegrunnlag når det kjem til slaget og kunnskapen om kva som skjedde i etertid, då den antikke forfattaren både gjev oss viktige opplysingar om Arminius si historie i åra før slaget, omtrentleg plassering av staden der slaget stod samt at han har gjeve oss den einaste etnografiske skildringa av dei germanske stammene og samfunnet deira i antikken (gjennom *Annalane* og *Germania*). Dette gjer at vi har eit nokså unikt romersk perspektiv på hendingsrekken og andre viktige aspekt.

Tacitus har nytta arkiv i Roma då han samla stoff og materiale til verka sine (Syme, 1982: 73). Han skildrar ikkje sjølve slaget, men som nemnd i førre avsnitt, gjev han lesaren eit bilet av tida etter slaget. Vi får blant anna vite at ein romersk general med namn Stertinus fann igjen ein av dei tapte romerske ørnestandarane til Legion 19, seks år etter slaget (Tac. *Ann.* 1.60). Ørna, som i utgangspunktet var plassert på toppen av ein standard, vart angiveleg funne blant utstyr som var etterleie av Bructeristamma, etter ei væpna konflikt med romerske styrker. Ifølgje Tacitus er det funnet av den tapte romerske standarden som gjer at Germanicus vil besøke staden der Varus og dei tre legionane vart angripe. Vidare skildrar Tacitus då Germanicus og hans menn besøker slagstaden, 6 år etter (sjå sitat frå førre avsnitt). Her blir ting ein smule forvirrande, då vi kan lese at Germanicus og følgjet hans finn det Tacitus skildrar som “Varus sin første leir” (Tac. *Ann.* 1.61). Om forfattaren meiner at det var snakk om ein

baseleir der Varus og legionane heldt til, eller om det er snakk om ein midlertidig leir som vart sett opp etter eit av åtaka, er usikkert (slaget gjekk føre seg over fleire dagar, sjå blant anna Clunn, 2013: 223-250). Tacitus skildrar vidare at romarane finn "... the partially fallen rampart" (Tac. *Ann.* 1.61), der ein kunne sjå restane av staden der soldatar i dei tapte romerske legionane forsvara seg til siste slutt. Eit noko uklart aspekt her er det romlege forholdet mellom dei nemnde leirane: Var den andre lokalisiert inne i den første leiren, eller var det snakk om avstand mellom dei to? Dette er blant anna eit problematisk og uklart aspekt ved å nytte Tacitus som kjelde (jf. Metodekapittel: Antikke forfattarar kan ofte oppfattast som vase i skildringane sine).

Tacitus skildrar Arminius; både at han tenestegjorde i den romerske hæren som leiari for germanske hjelptroppar og at han beherska det latinske språket (Tac. *Ann.* 2.10.3). Av *Annalane* (1.55) hevdar forfattaren at Varus vart gjort oppmerksam på det komande komplottet mot dei romerske legionane. Personen som angjeveleg forsøkte å åtvare Varus og romarane var ein germansk stammeleiari med namn Segestes, som var Arminius sin *ufrivillige* svigerfar⁸ – dei hadde begge opphav frå Cheruski-stamma. I etterpåklokskapens ljos er det lett å skulde på enkeltpersonar for å ikkje ha gjort nok eller å ha gjort for mykje, men kor fekk Tacitus denne informasjonen frå? Forfattaren levde frå kring 56-120 e.Kr., og han er ofte omtala som ein av dei mest berømte romerske historieskrivarane. Tacitus arbeidde med *Annalane* i etterkant av å ha ferdigstilt sine mindre *Historier* (*Agricola*, *Germania* og *Dialogus*), kring 100-110 e.Kr., og *Annalane* var truleg komplett under keisar Trajan sitt styre, seinast i 116 (Church og Brodribb, 2009: xii). Tacitus hadde som nemnd tidlegare moglegheit til å nytte arkivmateriale i Roma (Syme, 1982: 73-75), dette er utan noko han har gjort for å få i stand sine omfattande verk. Av brevkorrespondanse veit vi også at Tacitus og Plinius den yngre (kring 60-113 e.Kr.), var vener, og vi får innblikk i samtalen mellom dei to i brev der eit av samtaleemna var Vesuv sitt vulkanutbrot i år 79, med ein implikasjon om at Tacitus arbeidde med eit historieverk då korrespondansen fann stad.

Church og Brodribb (2009: xiv) bygg på tidlegare forsking – særleg Ronald Syme – og legg fram at Tacitus vart leidd av dei tilgjengelege kjeldene i arbeidet sitt. Startpunktet for hans mindre historiske verk er år 69, då det vart utropt fire keisarar (Seland, 2020: 167), og dette var mykje fordi Vespasian og hans slekt spelte ei viktig rolle etter dette året, både i Roma og i Tacitus sitt narrativ som skildrar den følgjande perioden. *Annalane* startar i år 14, og avsluttar med overgangen 68/69 e.Kr., og den originale intensjonen var truleg at verka skulle

⁸ Arminius og Thusnelda – Segestes si dotter – ville gifte seg, men faren nekta dei. Paret stakk av og trasssa Segestes, noko som førte til därleg stemning (Sheldon, 2020: 1012).

avløyse kvarandre, og dermed skape eit slags fortsettande historisk narrativ frå Tacitus si side – med noko forskjellege fokus. Det sentrale i denne samanhengen er det faktum at Tacitus hadde anledning til å prate med fleire overlevande personar som hadde opplevd hendingar i tiåra før 100 e.Kr., deriblant Verginius Rufus (død i 97 e.Kr.), Spurinna, Frontinius og andre. Den kanskje viktigaste informasjonen som Church og Brodribb (2009: xiv) legg på bordet i denne samanhengen, er det at den tidlegare historikaren Plinius den Eldre truleg la mykje av grunnlaget som Tacitus bygde sitt eige narrativ på. Dette kjem ikkje direkte fram i verka, men i Plinius sine verk fann Tacitus mykje han kunne omarbeide (ibid.)

Kva kjelder kan Tacitus ha nytta seg av i arbeidet med å skrive om hendinga i Teutoburgerskogen og dei etterfølgjande åra? Om ein ser på kronologien ovanfor, hadde det gått nesten 100 år frå dei romerske legionane vart lurt inn i ei felle, til Tacitus noterte ned informasjonen og forma det narrativet vi kan lese i *Annalane* i dag. Utgangspunktet for å undersøke dette er passasje der Tacitus skildrar Germanicus og slagstaden i år 15 e.Kr. (sjå første avsnitt, s. 37). Her blir vi fortalt at Germanicus finn staden der slaget stod, og at han ser kvite bein og restar av dei romerske soldatane som kjempa mot dei germanske styrkane seks år tidlegare. Stemmer dette, og i så fall, korleis har Tacitus funne fram til denne informasjonen? Truleg har Tacitus teke forskjellege delar av informasjon og passande språklege og litterære verkemiddel frå andre forfattarar og kombinert det for å forsøke å måle eit dramatisk og poetisk bilet for lesaren. Woodman (2009: 4-5) legg fram at Tacitus si skildring av slettene der dei kvite knoklane etter slaget ligg strødd kring er inspirert av delar av verket *Aeneiden* av den romerske poeten Vergil. I ein passasje nemner Vergil ein leir og ei slette (*Aen.* 9.230), og i ein annan passasje (*Aen.* 12.36) skildrast det at slettene var kvite av bein. Vidare meiner Woodman (ibid.) at det er usannsynleg at Tacitus hadde noko slags form for konkrete bevis for dette synet, og at forfattaren har inkorporert ein tilsynelatande sakleg detalj i sitt narrativ, som i realiteten er teke frå Vergil – dette for å gje dramatisk substans og tyngde til Tacitus sitt eige narrativ.

Ein møter også på eit paradoks om ein fortsett i denne retninga når det gjeld Tacitus og spørsmålet om kjeldene han har nytta. I år 17 e.Kr. kan vi lese om Arminius og Maroboduus, og at Arminius utvekslar fornærmingar med leiaren av dei markomanniske stammene: Maroboduus var ein flyktning, uerfaren i kamp, ein som var beskytta av *redet sitt* i Hercynia, samt at han svikta fedrelandet sitt og var ein satellitt av den romerske keisaren (Tac. *Ann.* 2.45). Woodman (2009: 1) fortel oss at Arminius meistra det latinske språket, noko vi får vite av blant andre Tacitus, men det er likevel usannsynleg at ein germansk krigar kunne ha såpass god kjennskap til Vergil og hans *Georgica* at han kunne samanlikne motstandaren sin med ein

slange beskytta av redet sitt, på nøyaktig same måte som Vergil skildrar ein slags slu slange (*Geor.* 3.544-5). Allsidigkeit og truverd er ikkje å forvente frå talar levert av barbarar i romerske historiske verk, i dei fleste tilfelle har forfattaren teke inspirasjon eller henta ut relevante delar frå andre historiske verk eller liknande talar han har vore vitne til sjølv. Det er også oppsiktsvekkande at Paterculus, som levde samtidig som både Arminius og Maroboduus, eksplisitt samanliknar den germanske høvdingen Maroboduus med ein slange (*Pat. Comp.* 2.129.3).

Det å samanlikne nokon med ein slange i negativ forstand kan hevdast å ha vore utbreidd i antikk litteratur, men i samband med desse forfattarane og deira verk er det rimeleg å spørje om dette kan vere teikn på eit utbreidd historiografisk fenomen. Det er liten tvil om at Tacitus har nytta Paterculus som ei kjelde, men ein kan med sikkerheit seie at det er i relativt lita grad, og at det samtidig er snakk om meir enn berre verbale lån (Woodman, 2009: 25). Det er stor grunn til å tru at årsaka bak valet om å ikkje aktivt referere til ein tidlegare historikar på denne måten, har mykje å gjere med synet på keisar Tiberius: Paterculus, som nemnd tidlegare, var soldat under Tiberius, og synet hans på den tidlegare keisaren er i verket hans betrakteleg betre enn det til dømes er i Tacitus sine verk. Det er noko paradoksalt at Tacitus tilsynelatande har nytta Paterculus som kjelde når det kjem til litterære verkemiddel heller enn som ei historisk kjelde, og Vergil som ei historisk kjelde som nyttast for å oppgje det ein kan kalle saklege detaljar og historiske omstende. Ein skulle tru at det var motsett, men av analysen kan ein legge til grunn at Tacitus valde vekk det historiske verket til Paterculus av dei nemnde årsakene, og at Vergil heller vart nytta for dramatisk tyngde, særleg i samband med oppdaginga av slagstaden i Teutoburgerskogen i år 15 e.Kr. Som Woodman (2009: 25) formulerer det så er der fleire teikn på at Tacitus nytta Paterculus som ei kjelde, men at Paterculus ikkje var av noko stor betydning for Tacitus og hans historiske narrativ.

Med denne analysen og informasjonen derav i bakgrunn, kva er lagt til i *Annalane* når det kjem til hendinga i Teutoburgerskogen? Det mest openberre aspektet, som må påpeikast frå start, er at Tacitus ikkje fokuserer på sjølve hendinga, men slagstaden på eit seinare tidspunkt. Dette er ikkje noko Paterculus fortel om i sitt verk, dermed er det eit nytt tilskot som kan ha stor verdi om ein til dømes tek føre seg konsekvensane av slaget, både fysisk i tid og stad, samt ideologisk; korleis romarane såg på og moglegens også handterte hendinga i ettertid. Basert på tidlegare forsking slår Woodman (2009: 24-25) fast at Tacitus har lest Paterculus, men at forfattaren ikkje akkurat kan seiast å vere framtredande i Tacitus sine verk; snarare tvert imot. I tillegg har Paterculus sitt kompakte verk ikkje hatt noko å stille opp med i forhold til

Livius sitt monumentale verk, eit verk som hadde ein mykje meir tungtvegande posisjon i samband med Tacitus og hans forfattarskap.

Det må også seiast at Paterculus si stilling ovanfor keisar Tiberius mest truleg har gjort at Paterculus vart nedprioritert av Tacitus. Tacitus har sannsynlegvis nytta offisielle arkiv i Roma, *acta senatus*, som basis for sitt narrativ, då talar han har gjeve i sitt verk gjev inntrykk av å vere kopiert frå offisielt hald (Woodman, 2009: 4). Det er likevel eit problem med denne påstanden, og det er at Tacitus viser til senatsarkiva berre ein gong i *Annalane*, og det er i ei langt seinare bok (Tac. *Ann.* 15.74). Dermed kan vi ikkje vere sikre på om, eller i kor stor grad, Tacitus nytta innhaldet i arkiva, særleg når det kjem til slaget i Teutoburgerskogen og den følgjande tida. Om det er snakk om retorisk utbrodering i Tacitus sitt narrativ er vanskeleg å seie, men av analysen er det klart at Tacitus har nytta forskjellege kjelder, til forskjellege formål. Berre det paradoksale faktum at Tacitus mest sannsynleg har nytta poeten Vergil som ei historisk kjelde, og har plukka litterære og språklege verkemiddel frå det historiske verket til Paterculus er eit klart teikn på kor innfløkt dei antikke forfattarane og deira verk kan vere. Tacitus har i alle fall referert til eit utval kjelder, og moderne forsking har avslørt og spekulert i kor stor grad han har nytta seg av andre forfattarar (som blant andre Paterculus).

2.5 Suetonius

Omtrent i same tidsrom som Tacitus, levde Gaius Suetonius Tranquilius (truleg 69/70 e.Kr. - 122 e.Kr.). Vi har i hovudsak tre haldepunkt for informasjon angåande den antikke forfattaren: For det første; eit par kommentarar i hans eigne skrivne verk, for det andre, fleire brev frå Plinius den yngre og for det tredje, ein fragmentert inskripsjon oppdaga i 1950 i byen Hippo Regius i dagens Algerie (Graves og Rives, 2007: xvii). I tillegg er forfattaren nemnd av fleire seinare forfattarar. Truleg er Suetonius fødd kring 69/70 e.Kr., men vi får blant anna vite at han var ein ung mann i år 88 e.Kr., (Suet. *Nero*. 57), samt at namnet hans, "Tranquilius", kan ha vorte gjeve han i etterkant, påverka av tida som følgde den blodige borgarkrigen i år 68/69. Kombinert med det Suetonius skriv sjølv, er det såleis plausibelt at han vart fødd anten i 69 eller 70. Kvar hen er eit anna spørsmål, og det er stor einsemd om at han var fødd i byen Hippo Regius, då den fragmenterte inskripsjonen funnen der kan ha vore røyst for å heidre ein innfødd som på eit tidspunkt oppnådde høg status. Trass hans ukjende formative periode, var han i Roma by i år 90, då han personleg skildrar at han var vitne til ei hending som skjedde under

keisar Domitian (Suet. *Dom.* 12) – der ein forvaltar tvang ein 90-åring til å kle av seg i ein fullsett rett, for å fastslå om mannen var omskjera eller ikkje.

Det var i Roma Suetonius sikra seg ein kjend beskyttar og velgjerar: Plinius den yngre. Av brevkorrespondanse veit vi at Plinius omtala Suetonius som vitskapeleg, og det er truleg at Suetonius dreiv som ein slags uavhengig lærde, kanskje som ein *grammaticus*; ei form for grammatikk- og litteraturlærarar. Seinare vart skribenten tildelt ei stilling i det keisarlege byråkratiet, som sekretær for studiar (*a studiis*) og bibliotek (*a bibliothecis*) - det var truleg Trajan som gav Suetonius denne jobben (Rives, 2007: xxii). Kva desse stillingane innebar er ikkje heilt klart, men av namnet på den sistnemnde er det tydeleg at det involverer biblioteka i Roma. Om ein så ser tilbake til inskripsjonen funne i Hippo Regius (førre avsnitt), er det herifrå vi har denne informasjonen, men kronologien er enda ikkje fullstendig oversiktleg; Suetonius kan ha halde stillingane under keisar Hadrian, Trajan sin etterfølgjar.

Trass hinder ein møter når det kjem til hans formative periode og kronologi, var det under keisar Hadrian at Suetonius haldt den øvste stillinga i si karriere; som sjefssekretær for keisaren sin korrespondanse (*ab epistulis*) (Rives, 2007: xxiii). Då må Suetonius ha hatt tilgang til dei keisarlege arkiva, noko han kombinerte med å nytte augevitneskildringar og andre tilgjengelege kjelder. Resultatet vart hans magnum opus, *De vita Caesarum*, som på rettast mogleg vis kan omsettast til *Om keisarane sine liv* (The Twelve Caesars). Dette utvikla seg til å bli ein av dei mest eineståande og livlege biografiane gjennom tidene, då vi ikkje har eit liknande verk i dag (liknande verk kan naturlegvis ha eksistert, det veit vi ikkje). Verket tek føre seg dei offentlege karrierane og private liva til dei antikke personlegdommane som utøvde absolutt makt i Roma, frå Julius Cæsar til Domitian. Suetonius sitt verk kan omtala som eit galleri, som gjev lesaren innsikt i liv og omstende for dei leiande menn i antikkens Roma. Formatet er så å seie lik i alle kapitla: Lesaren får først servert ein relativt kort seksjon om ætt og foreldre, deretter ein kronologisk del som handlar om keisarens fødsel og vegen hans til trona, så ein påfølgjande seksjon om keisaren si regjeringstid sortert etter emne, før det avsluttast med ein del som skildrar hans død.

Rives (2007: xxvi) meiner at sjølv om det grunnleggande rammeverket er det same, er det betraktelege variasjonar mellom dei forskjellege kapitla: Nokre av dei inneheld blant anna ein høg del narrativ, til dømes kapittelet som skildrar livet til Julius Cæsar, trass det faktum at han ikkje regjerte i same forstand som dei etterfølgjande keisarane. Temainndelinga er også litt forskjellig frå dei forskjellege kapitla, då blant anna skildringa av August sitt liv grov sett er

delt i to; ein del skildrar hans offentlege og den andre hans private liv. I motsetnad til dette er kapitla som handlar om blant andre Tiberius, Caligula og Nero annleis på visse måtar. Suetonius legg først fram dei gode, eller i beste fall dei nøytrale aspekta ved styret til keisarane, før forfattaren kjem med lengre skildringar om alt det negative. Dette speglar det faktum at fleire av keisarane var oppfatta som “dårlege”. Rives (*ibid.*, xxxviii) føreslår at Suetonius si aktuelle inndeling av personar og hendingar ikkje berre gjer hans narrativ ikkje-historisk, men også anti-historisk, då framgangsmåten tvingar forfattaren til å rive enkelthendingar frå kvarandre for så å plassere dei under forskjellege overskrifter og bolkar. Dette er eit godt poeng, og det er eit problem som går igjen når det kjem ti å evaluere pålitsgraden til verket, då det gjer at viktige delar eller delar av vital kontekst kan gå tapt.

I Suetonius sitt samla verk er slaget i Teutoburgerskogen skildra tre gongar: Først, i eit avsnitt i bok to, som tek føre seg Augustus si styretid (*Suet. Aug.* 23), andre gong under Tiberius (*Suet. Tib.* 17-18), og tredje gong under Kaligula (*Suet. Cal.* 3). Ved første nemning kan vi kan lese at Augustus leid to store og skammelege nederlag i si styretid, begge i Germania, og at leiarane Lollius og Varus stod i front for dei to romerske nederlaga. Suetonius gjer seg opp sine eigne vurderingar av forskjellege hendingar, og forfattaren meiner at det Lollius sitt nederlag var meir oppskakande enn av noko stor strategisk betydning. Varus sitt nederlag i Germania derimot, der tre romerske legionar, med deira generalar, offiserar og hjelptetroppar vart slakta, øydeda nesten imperiet, ifølgje Suetonius. Som følgje av nyhendene om det romerske nederlaget i Germania, beordra Augustus at vakthaldet i byen skulle styrkjast for å unngå opprør av noko slag, samt at keisaren forlenga guvernørane sitt stillingar i provinsane. Dette slik at dei allierte styrkane kunne sverje truskap til pålitelege, erfarte leiarar. Suetonius opplyser også om at Augustus sverja å verte leikar til ære for *Jupiter Optimus Maximus* så snart situasjonen forbetra seg; eit liknande løfte hadde blant anna vorte lova under den Kimbriske krigen (vunne av Marius i 101 f.Kr.) (Kershaw, 2019: 175-81). Avslutningsvis fortel Suetonius oss at Augustus tok det romerske nederlaget svært tungt. Som følgje av bodskapet frå Germania stelte ikkje keisaren verken hår eller skjegg, samt at han ofte slo hovudet mot dører og veggar og ropte ut “Quintctilius Varus, gje meg tilbake legionane mine!”, og dei etterfølgjande åra var minnemarkeringa av dagen prega av djup sorg.

I tredje bok, som handlar om livet til Tiberius, fortel Suetonius at Tiberius sine felttog i dei Illyriske områda vart sett i enda meir strålende ljós av at Quintctilius Varus fall i Germania med sine tre legionar. Tilbake i Roma utsette Tiberius triumfmarsjen inn til byen grunna ei offentleg sorgjeperiode for alle dei romerske liva som var gått tapt, men Suetonius skriv at

Tiberius likevel kom inn i Roma iført ein senatorlue og kransa med laurbærblad (Suet. *Tib.* 17). Vidare skildrar forfattaren at Tiberius besøkte Germania året etterpå. Der fann han ut at katastrofen hadde skjedd på grunn av at Varus hadde handla for hurtig, og at dei rette forholdsreglane ikkje var tekne. Som ein direkte konsekvens av dette føretok ikkje Tiberius seg noko som helst utan å konsultere med hans generalstab. Suetonius meiner at dette var ei oppsiktsvekkande avvik, då Tiberius heilt til no ikkje hadde tvila på si eiga dømekraft (Suet. *Tib.* 18). Ved kvar kryssing av Rhinen vart mengda bagasje redusert, og følgjet fekk ikkje rykke fram før kvar einaste transportvogn var inspisert, dette for å sjå til at ingen hadde med seg noko anna enn det som var høgst nødvendig. Kombinert ført dette til strengare disiplin (*Tib.* 19), og etter to år i Germania returnerte Tiberius til Roma for å feire den utsette Illyriske triumfen (*Tib.* 20).

Tredje og siste gongen Teutoburgerskogen er nemnd av Suetonius, er i boka som handlar om livet til Caligula. Her skildrar forfattaren kort livet til Germanicus, samt karakteren hans. Vi får blant anna vite at han var av framifrå fysisk og moralsk form, kjekk, akademisk, godhjarta og godt likt – lista er lang. Vi kan lese at Germanicus sjølv leidde søkepatruljen som fann fram til slagstaden der Varus og legionane hadde blitt overrumpla i 9 e.Kr., og at det var bestemt at alle dei falne skulle gravleggjast i ein stor haug (Suet. *Cal.* 3). Dette er informasjonen Suetonius gjev oss om hendinga i Teutoburgerskogen, og sjølv om det er relativt lite er det god informasjon, der mykje av det er interessant. For det første, kva kjelder har Suetonius nytta? Rives (2007: xxiv) meiner at i tillegg til at verket er Suetonius sitt lengste, så involverer det klart og tydeleg også grundig og omfattande undersøkingar. Forfattaren sjølv meiner at hans grundige undersøkingar ligg til grunn for argumentasjonen hans (Suet. *Vesp.* 1). Eit døme på dette er at Suetonius hevdar at Augustus hadde eit gunstig syn på Tiberius, stikk i strid med dei fleste mottekne oppfatningar av relasjonen mellom dei to *princepsane*. Argumentasjonen er i dette tilfellet bygd på spesifikke delar av Augustus sin brevkorrespondanse (Suet. *Tib.* 21). Det er interessant å merke seg at Tiberius er framstilt såpass forskjellige når det kjem til Suetonius og Tacitus; det er eit klart bevis på at Tacitus var farga av mykje i hans syn på Tiberius, medan Suetonius til ei viss grad klarte å halde seg noko meir nøytral i diskusjonen kring den tidlegare keisaren. Kan det vere at Suetonius, med tanke på sjangeren, ønska å bryte den generelle oppfatninga og med det skape diskusjon og debattar? Det er vanskeleg å vite sikkert, men i samband med sjangeren er det ei moglegheit.

Rives (2007: xxiv) legg fram at Suetonius hadde tilgang til fleire forskjellelege materielle kjeldegrunnlag. For det første har vi forskjellelege litterære kjelder. For det andre nytta

forfattaren offentlege arkiv, samt *Den guddommelige Augustus' bragder* (Res Gestae divi Augusti), som var Augustus sin offisielle versjon av kva han hadde utretta i si styretid (Andreassen, 2020). For det tredje er mykje av argumentasjonen til Suetonius bygd på personlege dokument og keisarleg brevkorrespondanse, noko forfattaren ofte siterer ordrett, i motsetnad til korleis antikke historikarar vanlegvis gjorde det. I samband med keisarleg brevkorrespondanse, er det verd å merkje seg at Suetonius har sett dei originale breva, då han blant anna kommenterer både handskrift og rettskriving (Suet. Aug. 87-8), då forfattaren blant anna fortel at Augustus sin daglegtale må ha vore noko snodig til tider; den tidlegare keisaren skal angiveleg ha skildra brå og plutselege handlingar med metaforen “raskare enn kokt asparges” (Aug. 87).

Kva er nytt i forhold til Velleius Paterculus og Tacitus? Dei overordna trekka er så langt relativt like. Vi får direkte innsikt i korleis Augustus stiller seg til hendinga, og det kjende uttrykket Augustus “Varus, gje meg tilbake mine legionar” er det sannsynlegvis Suetonius som skreiv ned først. Sjølve slaget er ikkje skildra i detalj, men forfattaren vurderer nederlaget i Teutoburgerskogen opp mot andre romerske nederlag, noko som er interessant i seg sjølv, då det gjer at vi får eit verdifullt innblikk i tanke- og argumentasjonsmåtane til den antikke forfattaren, og det som gjer Suetonius til ei verdifull kjelde i denne samanhengen er at vi kan lese korleis eit enkeltståande individ på toppen av det romerske hierarkiet, Augustus, reagerte på og stilte seg til nyhendene om nederlaget i dei germanske skogane. Dette er interessant, og Suetonius utbroderer det i større grad enn Paterculus og Tacitus.

Det at Germanicus fann slagstaden og planla å gravlegge leivningane av dei romerske legionane, assosierer ein augeblikkeleg med Tacitus og hans skildring av slettene der dei kvite beina låg strødd. Sjølv om Tacitus truleg har utbrodert denne delen til ei viss grad (som nemnd i analysen, s. 39-41), gjer det faktum at fleire kjelder nemner søkjegruppa, funnstaden og planane om å gravlegge restane av soldatane, at dette aspektet av kjeldematerialet veks i pålitsgrad. Det er også påliteleg då vi veit at romarane gjennomførte hemntokt i Germania dei etterfølgjande åra. Måten Suetonius skildrar det på er kort og relativt nøkternt, medan Tacitus gjer det hakket lenger og meir poetisk. Begge forfattarane må ha nytta arkiva i Roma, då dei har hatt tilgang, og fleire liknande element er skildra i dei respektive verka. Noko som er unikt, og interessant, når det kjem til Suetonius som ei kjelde til Teutoburgerskogen, er at forfattaren ofte siterer kjeldene sine med namn, og at vi (særleg i dei to første kapitla som handlar om Cæsar og Augustus) kan observere at Suetonius vurderer kjeldene sine kritisk, og han gjer seg opp sine eigne meininger. Ifølgje Rives (2007: xxxii-v) gjer det faktum at Suetonius ikkje

skreiv historie, at forfattaren ikkje var avgrensa av dei normale konvensjonane for den antikke historieskrivinga. Er dette positivt, eller negativt? På den eine sida kan dette vere ei styrke, då det å sleppe å ta stilling til dei normale konvensjonane gjorde at Suetonius kunne framstille meir påliteleg informasjon. På den andre sida kan det vere negativt, då vegen til retorisk utbrodering og overdriving i større eller mindre grad er kort. Basert på kva blant andre Rives (2007) har vist gjennom denne analysen, er det heller lite truleg, men det er alltid ei moglegheit.

Med tanke på Suetonius sitt etablerte premiss samt hans posisjon i det keisarlege romerske byråkratiet, i tillegg til hans kritiske vurderingsevne i medhald av moderne forsking, er grunnlaget godt for å hevde at hans verk er ei påliteleg kjelde. Samstundes må ein tenkje over at Suetonius sitt verk teknisk sett opererer i ein annan sjanger, og er dermed annleis enn både Velleius Paterculus og Tacitus, i den forstand at Suetonius sitt narrativ om liva til keisarane som nemnd er eit biografisk verk. Dermed skil Suetonius seg frå Paterculus si kortfatta verdshistorie og Tacitus sitt omfattande historiske verk, *Annalane*. Såleis må ein spørje om ein kan snakke om sladder og retorisk utbrodering, og eventuelt i kva grad. På den eine sida gjer Suetonius sin stil, argumentasjon og framstillingsmåte at verket hans står fram som ei påliteleg kjelde. På den andre sida gjer den biografiske sjangeren at forfattaren må dissekere individuelle episodar og hendingar, for så å omtale og undersøke dei forskjellege elementa under forskjellege overskrifter. På denne måten kan hendingforløp bli vrengd, og det kan oppstå små og store feil, både når det kjem til årsak, verknad og kronologi. Dette gjer til sist Suetonius noko meir problematisk når det kjem til å nytte det som ei kjelde, då ein må vere oppmerksam på alle dei potensielle fallgruvene.

2.6 Florus

Kort tid etter publiseringa av Tacitus sitt verk *Germania* kom andre kjelder frå antikken fram frå mørket, og her vart slaget i Teutoburgerskogen nemnd spesifikt. I 1470 vart det funne eit manuskript skrive av den antikke forfattaren Lucius Annaeus Florus, ca. 74-140 e.Kr. (Forster, 1929: 4). Manuskriptet vart funne i Paris (Wells, 2003: 32), og det skildrar romersk historie og militærhistorie. Truleg er det skrive ned ein gong eit stykke ut på 100-talet e.Kr., det er ikkje heilt sikkert kva tid. Vi får eitt enkelt hint i teksten av forfattaren, og det er at det ikkje har gått 200 år sidan *Cæsar Augustus* (Flor. Epi. 1.8.) Dette byr på tolkingsproblem, då forfattaren anten kan referere til fødeåret til Augustus i år 63 f.Kr., eller då *principatet* vart innført i år 27

e.Kr. Forster (1929: 5) meiner den tilgjengelege informasjonen legg til grunn at verket anten vart nedskrive under styret til Marcus Aurelius eller under styret til Hadrian, der det sistnemnde gjev mest mening, då dette samsvarer med det faktum at Florus var i brevyrket, og ein “litterær ven” av Hadrian. Trass tolkingsproblem har så å seie alle kjeldene i dette kapittelet til felles at dei var gløymt og gøynt i lang tid, før dei såg ljoset igjen i Renessansen.

Florus sitt verk var meint som ein panegyrikk av det romerske folk, og i all hovudsak tolkast hendingar på ein gunstig måte for romarane. Forster (1929: 6) legg vidare fram at verket gjev ei tilstrekkeleg oversikt over romersk historie, men at det er unøyaktig når det kjem til detaljar og er full av små feil og inkonsekvensar her og der, både når det gjeld geografi og kronologi. Forfattaren er innehavar av visse litterære ferdigheiter, men desse kjem som oftast i skuggen av sterke retoriske tendensar, som lett kan vise seg å vere sterke overdrivingar og tom bombast.

I sin epitom skriv Florus om eit romersk nederlag under leiaren Quintilius Varus. I tillegg nemner Florus fleire detaljar frå Velleius Paterculus, blant anna den germanske motstanden mot Varus sin politikk i dei germanske områda. Florus hevdar at Varus vart gjort oppmerksam på det komande plottet mot dei romerske legionane av ein annan karakter med tilhørsle blant dei germanske stammene; Segestes, Arminius sin svigerfar. Varus nekta å høye på Segestes, då han truleg meinte at dei romerske legionane ikkje hadde noko å frykte frå desse “usiviliserte barbarane”, samt at han trudde freden som kom med romarane og deira styre var grunn nok til å ikkje bekymre seg (Flor. *Epi.* 2.33). Forfattaren skildrar “den germanske krigen” ved at romarane få gongar i si historie hadde opplevd noko liknande; der tre legionar, tusenvis av romarar, vart hogd ned i kaoset mellom skog og myrar. Av Florus kan vi lese at dei germanske styrkane stakk ut auger, kappa av hender, sydde igjen munnar og ikkje minst at dei skar ut tungene til fleire romerske soldatar og leiande aktørar. Til dette svara angjeveleg ein av barbarane “At last, you viper, you have ceased to hiss.” (Flor. *Epi.* 2.37). Florus si skildring av slaget er blant dei skildringane som målar eit dramatisk bilet for lesaren, nesten på lik linje med Cassius Dio og hans framstilling. Med det sagt må det nemnast at alt forfattaren skriv om truleg ikkje er noko som faktisk vart sagt på slagmarka, men noko forfattaren har dikta opp i ettertid for å forsøke å skape dramatisk reaksjonar hjå lesaren – dette var truleg ein utbreidd praksis som fleire antikke forfattarar nytta då dei skreiv.

Avslutningsvis om “slaget i Germania” skriv Florus (*Epi.* 2.21-42) at to av ørnestandardane som vart tekne av dei germanske stammene endå var i fiendtlege hender (då

han forfatta verket, mest truleg ein gong på 100-talet e.Kr.), og at den tredje ørna på slagmarka vart rive av stanga den var på og gjøymt i ei myr av legionären som bar den, slik at den ikkje skulle falle i germanske hender. (Flor. *Epi.* 2.38). Det at dei tapte romerske standardane vert nemnd av Florus er i samsvar med andre litterære kjelder, blant anna Tacitus og Cassius Dio. Dette er mest sannsynleg informasjon Florus kan ha funne i andre og tidlegare historiske verk som omhandla nederlaget i keisar Augustus si tid, i tillegg til arkiva i Roma. Forster (1929: 5-6) legg fram at Livius er ein sentral kjelde som er nytta av Florus i arbeidet med hans epitom, og ein finn også klare teikn på at blant andre Sallust, Cæsar, Vergil, Lucan og Seneca har vorte nytta som kjelder. Han deler dermed kjeldegrunnlag med andre forfattarar i denne analysen, særleg Tacitus og til dels også Suetonius, noko ein må ta stilling til når ein skal vurdere kvar informasjon hans kom frå, samt kva som kan vere historisk informasjon og kva som kan vere retorisk utbrodering.

Det er sterkare grunnlag for å prate om retorisk utbrodering når ein tek føre seg Florus, då skildringa hans er meir grotesk og detaljert, men også inkonsekvent og full av små feil (jf. første og andre avsnitt). Verket hans kjem i tillegg langt ute i rekka av historiske verk som omtalar hendinga, så korleis har Florus fått tak i så mange *nye* opplysningar om slaget og kva som vart sagt i kampane mellom dei romerske soldatane og koalisjonen av dei germanske soldatane? For det første må det påpeikast at også her er samanlikninga med ein slange nytta som eit litterært verkemiddel, då ein barbar ropte ut at slangen endeleg har slutta å kvese etter å ha skjere ut tunga på ein romar. Det er interessant at dette dukkar opp igjen, men det er lite truleg at dette faktisk hende, og det er stor sannsynlegheit for at det er snakk om retorisk utbrodering, heller enn realitet. Av dei førre analysane i kapittelet kjenner ein fort igjen det å inkludere slangar som eit retorisk verkemiddel, i tillegg til det å skjenke fiendane sine velformulerte uttrykk og talar i ettertida.

Ein av dei store forskjellane frå Florus si skildring av slaget i Teutoburgerskogen i forhold til dei andre litterære kjeldene nytta i denne analysen, er det faktum at Florus skriv at angrepet skjer i ein midlertidig romersk baseleir. Den nyleg utvalde guvernøren Varus har akkurat byrja det administrative arbeidet som skal sikre den komande provinsen, og brått blir leiren overrumpla av eit massivt germansk åtak som utslettar dei tre legionane i tillegg til at det meste av attverande materiale blir teke av fiendane (Flor. *Epi.* 2.36). Kvifor skildringa er framstilt av forfattaren på denne måten er usikkert, då dei andre kjeldene ikkje gjev det same inntrykket, samt at arkeologien viser at dei romerske legionane ikkje var i noko baseleir, tvert imot; dei marsjerte i hovudsak mot vinterleir. Florus si skildring av slaget i Teutoburgerskogen

er relativ kort, ønska forfattaren å komprimere hendinga for å heller vie meir merksem til andre element eller hendingar? Vi kan ikkje seie det sikkert, men det gjer i alle fall at ein ser på Florus sitt narrativ om Teutoburgerskogen med ei over gjennomsnittet mengd skepsis. Trass dette er informasjonen som er overlevert verdifull i nettopp denne typen analyse og samanlikning av framstilling.

Kva kjelder kan Florus ha nytta? For det må det påpeikast at Florus nemner mykje av det same som Velleius Paterculus tek opp, deriblant den germanske motstanden mot Varus og hans politiske forhåpningar for den “komande” romerske provinsen. Kan ein av årsakene til den korte skildringa av hendinga i Teutoburgerskogen vere at Florus berre har nytta det offisielle kjeldematerialet som var tilgjengeleg i arkiva i Roma? Det er vanskeleg å seie sikkert, men i og med at han mest sannsynleg har hatt tilgang til arkiva grunna hans posisjon ovanfor den rådande keisaren Hadrian, kan ein med relativt stor sikkerheit seie det. Det at forfattaren ofte syner sterke retoriske tendensar, til dømes sterke overdrivingar, gjer at det er lettare å helle i retning retorisk utbrodering heller enn relevant og påliteleg informasjon. Det er noko merkverdig at Florus si skildring innehold så mange fleire små detaljar enn verka til Velleius Paterculus og Tacitus. I og med at kjeldematerialet til Florus er såpass mørkelagd, er det vanskeleg å seie noko sikkert om kjeldebruk og pålitsgrad, men av analysen er det klart at Florus og hans epitome er som den er, og at ein må vere oppmerksam i arbeidet med den.

2.7 Cassius Dio

Cassius Dio (ca. 164-235 e.Kr.), var ein romersk historikar av gresk opphav (sjå Rich, 1990: 1-4 for grundig diskusjon kring arv, opphav og livsløp). Han var senator då Commodus var keisar (i tidsrommet 180-191 e.Kr.), seinare vart han tildelt stillinga og tittelen som konsul under Septimius Severus (regjerte 193-211 e.Kr.), tenestegjorde som guvernør i Afrika og Pannonia Superior og til slutt, noko som var noko sjeldant, vart han gjort til konsul for andre gong, saman med keisaren Severus Alexander (regjerte 222-235 e.Kr.) (Cary, 1914: x). Ein stad på 190-talet e.Kr., byrja han å arbeidet med eit verk som tok føre seg tidsspennet frå grunnlegginga av byen Roma til og med år 229 e.Kr. (Millar, 1964: 28-29). Dio byrja å skrive det monumentalt store verket i år 197 e.Kr., og ifølgje forfattaren tok plan- og kartlegging lang tid, omrent 10 år (*Hist. 73.23.5*). Dio byrja å skrive ein stad mellom 207 og 211, og verket stod truleg ferdig i 233 e.Kr. Lendering (2003) meiner at der vi kan samanlikne Dio med andre historiske studiar som tek føre seg blant andre sentrale aktørar som Tiberius og Nero (noko

deriblant Tacitus gjer i sine *Annaler*), er Dio betre, då Dio sitt narrativ er detaljert og omfattande, særleg i forhold til andre kjelder. Vidare hevdar Lendering at når det kjem til visse tidsperiodar, som Augustus si styretid og störstedelen av 100-talet e.Kr., er Dio både ei overlegen kjelde, samt den viktigaste som er tilgjengeleg i dag – grunna omfang, kjeldebruk og det kjeldekritiske aspektet. Av storleiken på Cassius Dio sitt verk samt mengda informasjon det kan gje oss, er det vanskeleg å argumentere mot desse påstandane.

I verket skildrar Dio slaget i Teutoburgerskogen svært detaljert (særleg i forhold til andre litterære kjelder vi har som omtalar hendinga), samt at han gjev eit innblikk i omstendet for tida før åtaket. Det kan trygt hevdast at skildringa hans er den mest detaljerte og den mest dramatiske skildringa vi har av slaget, dette er det stor einsemd om i forskinga (sjå blant anna Lendering, 2003; Millar, 1964; Wells, 2003). I forkant får vi blant anna eit noko unikt innblikk i den romerske situasjonen i Germania i tiåret etter år 0. Ifølgje Dio kontrollerte romerske styrker störstedelen av, men ikkje heile, området aust for elva Rhinen (Dio. *Hist.* 56.18.1). I dei romersk-kontrollerte områda var det plassert troppar omrent året rundt, samtidig som det sakte men sikkert vaks fram mindre byar rundt om i grenseprovinsane mellom romarriket og *Barbaricum* (dei ukjende områda utanfor romarrikets grenser) – dette gjorde at dei innfødde som budde og oppheld seg i områda, vart relativt vande med både romarane og nærværet av dei romerske institusjonane. Barbarane vart vande med marknadar og å møtast i fredelege samlingar, men på den andre sida fortel Dio at dei ikkje hadde gløynt forfedrane sine vaner, sine innfødde manerar eller sitt gamle liv prega av uavhengigheit eller krafta frå våpen (Ibid., 56.18.2).

Dio, som fleire andre forfattarar i denne analysen, skildrar Varus i eit lite flatterande ljós; som ein forhasta, grådig og nådelaus person. Varus vart utnemnd som guvernør for dei germanske områda i år 6 e.Kr. (områda var sett på som komande provinsar, då dei endå ikkje var heilt erobra og under stabilt romersk styre), men han innførte nye, strenge forskrifter svært tidleg, samt at han behandla dei lokale bebruarane som slavar (Dio. *Hist.* 56.18.3-4). Attpåtil dette hadde den nye guvernøren svært høge krav når det kom til dei komande romerske provinsane, og ifølgje Dio skal skattekrava frå dei germanske stammesamfunna ha vore på lik linje med andre romersk-dominerte områder. Dette gjorde at konsulen fort var forhata, då dei germanske leiarane lengta tilbake til deira tidlegare roller, samt at befolkninga føretrakk deira vante tilstand heller enn utanlandsk, urettferdig dominans (Ibid.). Om ein ser for seg korleis stammesamfunna såg ut på den tida, vert det klarare kvifor misnøya mot den romerske dominansen auka, då det ikkje var særleg store mengder rikdom for dei relativt små,

stammeeiningane som hovudsakleg var sentrert kring sjølvbergingsjordbruk og husdyrhald i ulik grad (sjå blant anna Heather, 2009:4; Janson, 2017:70-71, samt kapittel 1.3).

Som eit direkte resultat av den gryande misnøya, klekte Arminius og ei gruppe innfødde saman ein plan for å forsøke å kvitte seg med deira nye overmakt; både den nye guvernøren og heile hans romerske administrasjon måtte fjernast. Dei germanske stammene gjekk ikkje til opent opprør, då dei innsåg at det var for mange romerske soldatar plassert ved Rhinen og langs deira eigne grenseområde. I staden for tok dei imot Varus, og trakk romarane etter kvart stadig lenger vekk frå Rhinen, mot områda til Cheruski-stammen, mot *Visurgis* (som truleg er Weser-elva: Jf. Tacitus og hans omtrentlege plassering av slagstaden, s. 36-7). Her gav stammene inntrykk av at dei kunne leve underdaning, utan nærværet av romerske soldatar. Ifølgje Dio kan vi lese at Arminius og Segimer (Arminius sin far) var blant leiarane av konspirasjonen for å kvitte seg med romarane, og dei klarte å vinne den fulle tilliten til Varus – dei delte til og med “messa” hans (Dio. *Hist.* 56.19.2). Vidare kan vi lese at Dio legg vekt på at Varus følgjeleg ikkje haldt legionane sine samla slik det var riktig når ein var i fiendtleg områder, men distribuerte mange soldatar til såkalla hjelpelause samfunn, der dei romerske soldatane måtte assistere med ymse oppdrag. Varus blir nok ein gong skildra negativt, denne gongen som eit letturt individ som var overmodig og som ikkje tok dei rette førehandsreglane. (Dio. *Hist.* 43).

Arminius hadde tenestegjort i den romerske hæren, og om ein skal ta kjeldene for det dei fremjar gjev dei inntrykk av at Segestes – Arminius sin svigerfar – heller støtta opp om tanken på romersk dominans (og mogleg samarbeid?), heller enn motstand. Ifølgje Wells (2003: 40) var Segestes leiar av ein rivaliserande bande innetter Cheruski-stammen, same stammen som Arminius hadde sitt opphav frå. Det er interessant at to sentrale aktørar hadde såpass forskjellege synspunkt når det kom til møtet med den romerske overmakta i området der Cheruski-stamma heldt til (jf. fotnote, s. 38). Varus skal ha vorte overmodig, og sjølv om fleire forsøkte å gjere guvernøren oppmerksam på at noko ikkje var riktig, nekta han for dette og gav til og med beskjed om at hans venar ikkje skulle baktalast. Det kom beskjed om eit opprør eit stykke vekk, iscenesett på ein slik måte at Varus kom til å marsjere mot dei og på den måten gjere det lettare for fiendane hans å overrumple dei romerske soldatane. Og slik blei det (Dio. *Hist.* 56.19.4).

Etter å ha eskortert Varus og legionane eit stykke i retning opprøret, beklaga dei [Arminius, og hans følgje] seg, og hevda dei måtte samle sine allierte styrker til kampen som venta dei. Den germanske koalisjonen samla saman troppane, som allereie venta i skjul, og

venta til dei romerske legionane gjekk i fella – som ifølgje Dio var i ugjennomtrengelege og ugjestmilde trakter, då

“The mountains had an uneven surface broken by ravines, and the trees grew close together and very high. Hence the Romans, even before the enemy assailed them, were having a hard time of it felling trees, building roads, and bridging places that required it. They had with them many waggons and many beasts of burden as in time of peace; moreover, not a few women and children and a large retinue of servants were following them – one more reason for their advancing in scattered groups. Meanwhile a violent rain and wind came up that separated them still further, while the ground, that had become slippery around the roots and logs, made walking very treacherous for them, and the tops of the trees kept breaking off and falling down, causing much confusion. While the Romans were in such difficulties, the barbarians suddenly surrounded them on all sides at once, coming through the densest thickets, as they were acquainted with the paths. (Dio. *Hist.* 56.20.1-4).

Av denne og dei etterfølgjande delane av verket er det tydeleg at Dio skildrar tre heile dagar med fiendtlege åtak, samtidig som romarane nyttelaust forsøker å nytte våpena og utstyret sitt til forsvar. Skildringane av kaoset er detaljerte, og vi kan blant anna lese at dei romerske soldatane for det første forsøkte å stupe inn i dei tette kratta og skogane, og for det andre å opprette små marsjkolonner, slik at kavaleriet og infanteriet kunne gå til effektivt åtak på fienden. Det førstnemnde førte til deira største tap, og det sistnemnde førte til at dei forskjellege kolonnane kolliderte både med kvarandre og med kringliggende vegetasjon (Dio. *Hist.* 56.21.1-3).

Då den fjerde dagen grydde, etter tre fulle dagar med kamp og kaos, kom det igjen eit tungt regnvêr og sterke vindar, som førte til at den saktegåande romerske marsjen stoppa totalt opp. Soldatane hadde hamna i ein ugunstig posisjon med därleg moglegheit for fotfeste og kampposisjon, noko som gjorde at dei ikkje kunne nytte våpena sine. Ingen av desse faktorane påverka fienden eller deira styrker (Dio. *Hist.* 56.21.4). Endå fleire hadde no slått følgje med den fiendtlege hærstyrken, i håp om krigsplyndring og fiendtlege rikdommar, dermed vart romarane totalt omringa. I frykt for å bli fanga i live eller bli drepen av deira bitraste fiendar tok Varus og hans framtredande offiserar sine eigne liv, då det såg ut til at håp var ute for romarane (Dio. *Hist.* 56.22.1). Resten av soldatane leid same skjebne; såleis blei dei fleste, både menneske og hestar, hogd ned utan nåde. Dio skil ikkje mellom soldatar og dei eventuelle

sivile som var med, men størsteparten av dei delte truleg same den same skjebnen, om dei ikkje vart fanga og gjort til slavar.

Kort forklart får vi vidare ei skildring av at germanske styrker forsøkte å overta romerske fort i grenseområda, men sidan dei ikkje hadde kjennskap til kringsetjing på same måte som romarane, klarte dei ikkje å utrette stort. Romerske bogeskyttarar var viktige når det kom til å stogge dei framstormande germanske styrkane, då desse gjorde stor skade og fråstøyte eit høgt tal germanske soldatar. Det var plassert vaktar ved grenseområda langs Rhinen, men då det vart kjend at Tiberius nærma seg med ein kontingen av soldatar, trakk dei aller fleste germanarane seg tilbake eit stykke, for å ikkje bli overrumpla av den romerske garnisonen (Dio. *Hist.* 56.22.2b). Dei romerske soldatane som var stasjonert i grenseforta venta, men hjelpa kom aldri. Dei måtte forlate fortet, då det byrja å bli store manglar på rasjonar. I ei stormfull natt vart følgjet frå fortet oppdaga av germanarane, og hadde det ikkje vore for at germanarane var så opptekne av å samle saman krigsbytte, hadde kvar einaste romar mist livet den stormfulle natta (ibid., 56.2-3).

Då katastrofen i Germania vart rapportert til Augustus, reiv han plagga sine i sinne og sorgja sterkt – ikkje berre grunna tapet av dei mange soldatane, men også fordi han no frykta ein komande germansk invasjon av dei germanske og galliske provinsane, og deretter Italia og Roma sjølv (Dio. *Hist.* 56.23.1). Frykta for invasjon av dei nordlege barbarane var sterkt i det romerske medvitet, etter at kimbrarane og teutonarane hadde skapa kaos i Europa og bevega seg i retning Roma i åra 113-101 f.Kr. (Kershaw, 2019: 175-81) Som følgje av dette vart alle personar av gallisk og germansk opphav som arbeidde i Augustus sin nære administrasjon (nokre tente i pretorianargarden, andre som vakter eller var i området av andre årsaker) sendt vekk til diverse øyer, samt at alle utan våpen, av same opphav, fekk beskjed om at dei måtte forlate Roma. Dio hevdar Augustus var redd for at dei av gallisk og germansk opphav skulle gjere opprør, i ånd med hendingane som nyleg hadde gått føre seg i Germania (ibid., 56.23.3-4).

Slik handterte keisaren situasjonen der og då, og ingen festivalar vart feira (Dio. *Hist.* 24.1). Etter at det vart klart at det ikkje kom nokon fiendtleg invasjon av germanske krigarar (det vart klart at ingen fiendar hadde forsøkt å krysse Rhinen), funderte Augustus på kva årsaka til katastrofen kunne ha vore. Ifølgje Dio (*Hist.* 56.24.2-5) kunne ikkje Augustus tru anna enn at det må ha vore eit ekstremt sinne frå gudane. Bakgrunnen for denne tankegangen var at keisaren hugsa teikn han meinte å ha sett på at det romerske nederlaget var forårsaka av ein

forarga guddom. Teikna var fleire: For det første slo eit lyn ned i eit tempelet dedikert til guden Mars. For det andre vart Roma overflødd av svermar av grashopper (som igjen vart ete av svaler). For det tredje vart det observert at toppane av Alpane i den nordlege delen av Italia skulle rase saman, og med det sende opp soyler av eld. Dette heng saman med det fjerde teiknet, som var unormalt mykje aktivitet på himmelen, deriblant at mange kometar dukka opp samtidig. For det femte hadde ein statue av guden for siger i krig som var plassert i Germania, vend mot fiendtleg territorium (austover, mot eit av fleire folkeslag romarane såg på som barbarar), endra retning og stod no med blikket retta sørover, mot Italia. Dio listar opp fleire teikn, men dei er nemnd er tilstrekkeleg for å få fram poenget.

Dette var ikkje noko strategisk og logistisk bragd frå germanarane si side, her hadde gudane gått drastisk til verks for å straffe romarane, som dei av ein eller annan grunn var forarga over. Augustus og rådgjevarane hans forsøkte altså å forstå den tragiske ulukka i samband med deira forståing av og syn på dei store, uforklarlege kreftene som dei meinte spelte inn på hendingar i den romerske sfæren. Som det kjem fram av avsnitta frå Cassius Dio (sjå særleg førre avsnitt), kunne ei totalt uventa ulukke av slike ekstreme proporsjonar berre forklarast i form av djuptgåande dislokasjonar i den verdslege, naturlege og spirituelle verda. Som følgje av det romersk nederlaget i Teutoburgerskogen ved dagens Kalkriese i Tyskland, vart romerske håp for vidare austleg ekspansjon i Germania stogga. I staden for vidare austleg ekspansjon, bestemte Augustus at grensa langs Rhinen, og med det grenseforta, skulle forskansast og styrkast. Dermed vart det skapt ei tungt militarisert sone tvers gjennom Europa (Wells, 2003: 15). Desse grensene skulle ikkje endre stort på seg dei følgjande åra, og utvikla seg etter kvart til å bli ei permanent kulturell grense.

2.7.1 Cassius Dio: Kjelder, bakgrunn og tillegg

Cassius Dio levde og arbeidde med sine litterære røyningar frå kring 197-233 e.Kr., meir enn 200 år etter hendinga i Teutoburgerskogen. Kor hen har forfattaren informasjonen sin frå? Dette er ei av dei store utfordringane i denne analysen; det at to antikke forfattarar har fortalt same fakta beviser svært lite. På den eine sida beviser ikkje det med to strek under svaret at den eine las verket til den andre, men på den andre sida er ikkje dette tilstrekkeleg for å hevde at den ene forfattaren *ikkje* las verket til ein annan forfattar eller ein forgjengar. Om vi skal tru forfattaren sjølv, las han gjennom det meste av kjend romersk historie, og viser til det som har vore utgitt (Dio. *Hist.* 53.19.6). Millar (1964: 34) meiner at kjende namn som Livius og Sallust

har vore soleklare namn for Dio, men at desse er forbigeande referansar som ikkje er nemnd eksplisitt som kjelder for informasjon. Vidare hevdar Millar at dei einaste sikre kjeldene er Augustus og hans sjølvbiografi (som er feilsert) og Hadrian, når det kjem til Vespasians og Antinous sin død. Såleis må det nemnast at sjølv om ein gjeve forfattar eller historikar er nemnd, kan det vere at forfattaren ikkje har lest det originale verket, men at informasjonen kan ha kome frå ei mellomliggande kjelde.

Cassius Dio skriv sjølv at han brukte ti år på forebuing til sitt litterære verk (*Dio. Hist.* 73.23.5). Sjølv om verket tek føre seg nesten 1000 år med historie, kan det delast omtrentleg i tre: For det første, tida til republikken. For det andre, frå etableringa av *principatet* (kongedømet) til Marcus Aurelius sin død og til slutt, Dio si eiga tid. I den sistnemnde kategorien er det sjølvsagt at Dio skildrar hendingar som han har vore vitne til eller hadde førstehands kunnskap om, ifølgje forfattaren sjølv. Verket følg den annalistiske behandlingsrekkefølgja, som jo fleire romerske forfattarar var tilhengarar av, dermed blir hendingar samla og skildra etter år, uansett kvar dei fann stad i verda (Cary, 1914:xii). Eit problem med denne framgangsmåten, som er nemnd i gjennomgangen av Suetonius og hans verk, er at det kan føre til mindre eller større feil, særleg når det gjeld kronologi og årsakssamanheng. Trass denne framgangsmåten meiner historikarane Madsen og Lange (2016: 62) at Dio nytta fleire kjelder av høg kvalitet, og at den antikke forfattaren, på bakgrunn av dette, forma eit narrativ som framheva viktige historiske hendingar som forfattaren sjølv såg på som viktige samt mest relevant for å forklare den romerske erfaringa for Dio sine gresktalande samtidige.

Kjeldene Dio har nytta, og korleis forfattaren stiller seg til desse er undersøkt av forskarar og akademikarar, men resultatet er forskjelleg. Størstedelen av grunnmuren for første del av keisartida (omtrent 27 f.Kr.-190 e.Kr.) er tilsynelatande Suetonius, Seneca og Tacitus, særleg når det kjem til styretida til og karakteriseringa av blant andre Tiberius. Ved andre tilfelle viser Dio til keisarlege memoar og testamente, blant anna Augustus, Hadrian og Severus, og på bakgrunn av forfattarens auge for detaljar når det kjem til blant anna administrative saker, er det argumentert for at Dio må ha nytta dei offentlege arkiva (Cary, 1914: xvi). Dette er interessant, då det kan bety at Dio deler mykje av kjeldegrunnlaget med både Tacitus og Suetonius, moglegens også Florus. Generelt sett kan ein hevde med relativt stor tryggleik at Cassius Dio sine historier gjev inntrykk av å vere basert på fleire forskjellige kjelder (alt i alt, sjå blant anna Rich, 1990: 4-5; Pitcher, 2018: 232-3; Millar, 1964: 34-8), og at det kan sjå ut til at forfattaren forsøkte å finne fram til sanninga etter beste evne, men svært

få kjelder er nemnd eksplisitt. Dette heng saman med “reglane” for antikkens historieskriving, ifølgje Carter (1987: 21-25).

Med dette fastslått må det kome nokre innvendingar. Pålitsgraden til verket svekkast i noko grad av to faktorar som er nært knytt til to teoriar som omkrinsar historiske litterære kjelder frå antikken, ifølgje Cary (1914: xiii). På den eine sida ei kjensle av verdigheit og det at sann historieskriving på den tida kravde at personlege anekdotar og enkle detaljar skulle vike, for slik å gje plass til dei større aspekta og betydinga av større og ofte enkeltståande hendingar. På den andre sida var antikkens historikar i essens ein retorikar; om rein fakta mangla effektivitet kunne dei modifiserast, utsmykkast eller kombinerast på andre måtar for slik å skape ein mest mogleg dramatisk presentasjon og dermed eit fengslande narrativ. Dette er gjennomgåande i Dio si romerske historie, og det fører til at enkelte hendingar lett står fram som impresjonistiske og vase – dei data eller dei faktorane ein moderne historikar oftast er på ekstra leiting etter er ofte skoddelagd eller beint fram utilgjengelege, då eit visst aspekt kan vere råka av desse fallgruvene. Såleis er det viktig å hugse dette når ein nyttar Dio si *romerske historie* som ei kjelde. For å bøte på dette metaforiske såret kan det argumenterast for at heile strukturen og komposisjonen av historia er eine og åleine et resultat av Dio sjølv; og utover det la han inn mykje av sin eigen kunnskap og eigne haldningar, hevdar Millar (1964: 72). Sjølv om verket er påverka av tida det vart skrive i, står det altså i ein noko særeigen posisjon, særleg i forhold til dei andre litterære kjeldene i denne analysen.

Dio gir oss den mest dramatiske og omfattande forteljinga av det romerske nederlaget i Teutoburgerskogen. Finn vi såleis noko annleis eller framande element i hans narrativ, samanlikna med dei andre forfattarane i dette kapittelet? Dei overordna linjene er dei same, men nokre faktorar er skildra i meir detalj, som blant anna dei topografiske skildringane av slagstaden og den kringliggende naturen (sjå Östenberg, 2017: 255 for diskusjon kring forholdet mellom Roma og germansk natur). Dio skildrar som nemnd korleis tilstandane var i Germania i forkant av slaget, og at germanske styrker forsøkte å okkupere romerske fort samt at det romerske nederlaget førte til krise i Roma (noko som også er skildra av mange andre forfattarar, så dette er ikkje eineståande). I samband med det er det openbart at Suetonius er ei kjelde som Dio må ha nytt, i tillegg til Tacitus, som jo mest truleg stod som ein bauta for seinare antikke historikarar og forfattarar. Noko som er interessant å påpeike er at Florus og Dio sine skildringar av sjølve kamphandlingane er ganske forskjellege, då Florus skildrar eit massivt åtak på romarane i ein midlertidig baseleir, medan Dio skildrar kontinuerlege germanske åtak på dei marsjerande romerske soldatane. Svært få av dei andre forfattarane gjev

inntrykk av noko baseleir, dermed kan ein trekke tvil i Florus si framstilling av hendingsforløpet – samstundes som ein stiller seg kritisk til begge kjeldene.

Avslutningsvis i diskusjonen om Dio kan det vere fruktbart å legge fram eit viktig poeng som Carter (1987: 24) påpeikar: romerske katastrofar, som slaget ved Actium (*Dio. Hist.* 50.34-35) eller Varus sitt katastrofale nederlag i Teutoburgerskogen, vart ofte underlagd ein livleg fantasi og overdådige skildringar for å gjere eit noko skuffande slag eller nederlag til noko verdig å tene som fødelegenda for principatets mytologi. Carter hevdar dette på bakgrunn av Syme, og legg til at det er klart og tydeleg når det kjem til slaget ved Actium, basert på Dio og andre kjelder. Det er interessant at Varuskatastrofen er nemnd i same argumentasjonsrekka, då dette gjev eit inntrykk av at Carter [og Syme] var under inntrykk av at ein i relativt stor grad kan tale om retorisk utbrodering når det kjem til slaget i Teutoburgerskogen i samanheng med Dio, nettopp for å oppnå eit mål og truleg også for å forsøke å tone ned eit militært romersk nederlag.

Kapittelkonklusjon

Av gjennomgangen av dei litterære kjeldene som nemner og skildrar det romerske nederlaget i Teutoburgerskogen ser ein at vi har fleire varierte antikke kjelder, frå ulike historiske aktørar, til ulike tider. Blant anna er ei av dei mest detaljerte skildringane (Cassius Dio) også den yngste, som gjer at det kjeldekritiske aspektet må vektleggast ytterlegare når ein arbeider med og nyttar den spesifikke kjelda – samstundes er Dio sett i høgt ljos av mange moderne forskarar når det kjem til bruken hans av kjelder og til ei stor grad det kjeldekritiske aspektet av hans framstillingar. Det at kjeldene er såpass varierte i framstillingane sine kan føre til forvirring og ein overflod av forskjellelege informasjon, men trass alt dette er utvalet av litterære kjelder ei styrke: Ved å undersøke og kryssreferere fleire ulike skildringar av antikke forfattarar, får vi fleire forskjellelege puslespelbitar som kan hjelpe til med å gje oss eit meir oversiktleg bilet av hendinga. Såleis kan det hevdast at kjeldene nyttar i dette kapittelet spelar på kvarandre, men dei er også forskjellege; Florus er til dømes på relativt lik linje med Paterculus, men Dio er ein smule annleis og mykje meir utfyllande, medan Tacitus og Suetonius kan plasserast i midten, meir i retning mot Dio. Eit anna sentralt mål med gjennomgangen har vore å undersøke om forfattarane har nytt kvarandre som kjeldemateriale, og om vi kan prate om retorisk utbrodering, og i så fall i kva grad.

Romersk historieskriving har ein relativt klar tendens når det gjeld ideologi og trope (Melve, 2010: 38-42), og faste språklege talemåtar i samband med romarar og barbarar er ikkje uvanleg, då romarane ofte er skildra som heltar på den eine sida, og på den andre sida har ein barbarane, ofte framstilt som skurkar. Eit nemneverdig unntak i denne samanhengen er Tacitus, som jo rosar germanarane for motet deira, men dette er eit sjeldant døme. Eit interessant døme er Varus, og hans posisjon når det kjem til det romerske nederlaget: Fleire av forfattarane i gjennomgangen skuldar på han, då fleire meiner at hans inkompetanse og grådigheit førte til den romerske katastrofen. Dette er knytt saman med eit rådande narrativ, nemleg det at ulukker som råka romarane ikkje var grunna ein feil frå *Roma* si side, men at det var grunna andre faktorar, som eit enkelt individ, ytre fiendar (*barbarar*) eller sinte gudar som skulle yte straff (eller ein kombinasjon av fleire faktorar).

Florus fortel blant anna at det romerske nederlaget i Teutoburgerskogen førte til at imperiets grenser, som hadde trassa sjølve havet, vart stoppa ved breidda av Rhinen (Flo. *Epi.* 2.38-39). Mykje av forskinga har gått frå å sjå på hendinga i Teutoburgerskogen som eit reitt romersk nederlag med konsekvensar for romersk utanrikspolitikk i Nord-Europa, til eit ledd i ei utviklingskjede for dei germanske stammesamfunna, som ofte har vore framstilt som *enkle* og *barbariske* (sjå blant anna Wells, 2003; Sheldon, 2020). Denne moderne nyanseringa er forfriskande og spanande, då den gjer at ein kan ta føre seg og undersøke i kor stor grad slaget i Teutoburgerskogen faktisk hadde å seie for dei nærliggande (og fjernare) germanske busetnadane og stammebefolkningane. Kombinert med arkeologiske undersøkingar og materielle restar kan biletet gjerast klarare – og det er arkeologien kring slaget som er forskingsobjektet i den komande delen.

2.8 Utvikling: spor i det arkeologiske materialet

Av dei litterære kjeldene sitt ein blant anna igjen med eit inntrykk av at det romerske nederlaget i Teutoburgerskogen vart forklart av Augustus og hans administrasjon i Roma som ei straff frå gudane. Kan ein i realiteten sjå på hendinga som eit ledd i ei [noko avansert] utvikling som gjekk føre seg blant dei germanske stammesamfunna, særleg når det gjeld militære, sosiale og økonomiske forhold?

I etterkant av slaget vart romerske soldatar som enda var i live i området avretta, og dei som var oppegåande nok eller som hadde vorte fakka vart anten ofra like i nærleiken av

slagmarka (offeraltera nemnd tidlegare, blant anna av Tacitus) eller gjort til slavar for sal. Ifølgje Wells (2003: 188) vart alle germanske soldatar som hadde mist livet i slaget henta ut og frakta vekk, inkludert våpena deira. Krigarar som hadde mist livet i kamp skulle gravleggast med våpena sine, dette ser ein spor etter fleire stadar i nordeuropeiske graver. Det å gravlegge personar med våpen og personlege eigendalar er ein trend som byrja etter Cæsar og hans romerske inntog i Gallia kring 50 f.Kr.: Den romerske kontakten førte til endringar i gravskikk- og ritual for dei innfødde stammene. Kva hadde slaget i Teutoburgerskogen å seie for denne utviklinga? Dette er eit sentralt spørsmål i den komande delen.


2.8.1 Slagstaden – oppdaging og diskusjon

I løpet av 1800-talet, ei tid med politiske omveltingar og mykje sosial uro i Europa, såg fleire nasjonar tilbake på si eiga historie på jakt etter nasjonale heltefigurar – som eit ledd i den moderne nasjonsbyggingsprosessen. Frankrike hadde Vercingetorix, den galliske leiaren som gjorde opprør mot Cæsar og dei romerske inntoga i Gallia på 50-talet f.Kr. Vercingetorix vart nedkjempa ved Alesia i 52 f.Kr. (*Gall. 7.5-90*). Dei tyske statane (Preussen) søkte til sin eigen historiske heltefigur, ein som hadde hatt ei sentral rolle i kampen mot dei invaderande romerske legionane; Arminius. Grunna Cæsar sitt verk Gallerkrigen (*De Bello Gallico*) var staden for motstanden mot romarane kjend i Frankrike, og i 1865 vart det røyst ein enorm statue av Vercingetorix på staden der slaget hadde stått – med utsikt over byen Alise-Sainte-Renne (McNally og Dennis, 2011: 5).

Statuen skulle fungere som eit minnesmerke, og det var tiltenkt at staden skulle bli eit fokuspunkt for studiar av Frankrike si galliske fortid. Lenger aust, i Preussen, var det vanskeleg å gjere det same, då staden for slaget der Arminius hadde vore ein nøkkelfigur endå var ukjend og mykje omdiskutert. Etter mykje tid og diskusjon vart det bestemt at det skulle byggast ein statue av Arminius på staden der dei fleste var einige i at slaget mot Varus og legionane hans hadde stått: I nærlieka av byen Detmold i den sørlege delen av Teutoburgerskogen, på ei høgde med namn *Teutburghögda*. Arbeidet på statuen byrja i 1841, men grunna økonomiske avgrensingar vart den ikkje fullført før i 1875. Ironisk nok var den ikkje vend med blikket sørover mot Arminius sine tidlegare fiendar, men vestover mot Preussen sin hovudrival; Frankrike (McNally og Dennis, 2001: 5-6). Statuen var dermed røyst på staden der mange var einige i at slaget mot Varus hadde stått, men det skulle seinare vise seg å vere feil.

Arkeologien har hatt svært mykje å seie for presis lokalisering av staden der slaget stod, samt at funn og analyser av arkeologisk materiale har gjort at moderne forskarar har klart å rekonstruere fleire aspekt av slaget som ein ikkje får innsyn i av dei litterære kjeldene. I 1885 gjorde funn av romerske mynter at den kjende tyske historikaren Theodor Mommsen (Sheldon, 2021: 1015) mistenkte at den mykje omdiskuterte samanstøyten mellom romarane og koalisjonen av germanske stammar hadde skjedd i Osnabrück-området der myntfunna vart gjort: Slagmarka i Teutoburgerskogen, omtala av blant andre Tacitus i hans *Annaler*, var mest sannsynleg lokalisert i området som i dag har namnet Kalkriese, nord for Osnabrück i den nordvestlege delen av Tyskland. Mommsen skulle seinare vise seg å ha rett, men hans teori plasserte slagmarka mykje lenger vest enn dei fleste akademikarar meinte, samt lenger vest enn staden der statuen av Arminius var plassert (jf. førre avsnitt). I 1987 vart det oppdaga 163 *denarii* i ei samling, noko som utløyste store kartleggingsprosjekt og arkeologiske utgravingar av området Kalkriese-Niewedder-bassenget – Mommsen hevda nemleg at Tacitus sine skildringar også kunne tale om eit slags bassengområde, kanskje tidlegare myrområde eller våtmark.

Kombinert gjorde funna av romerske objekt at arkeologar, under leiing av Professor Schrüter, byrja systematiske utgravingar i september 1989 av området kjend som *Oberesch* (Clunn, 2003: 58-61). Vinteren 1990 undersøkte løytnant og hobbyarkeolog Tony Clunn dei perifere områda av utgravingsområdet, og etter å ha granska eit område der metalldetektoren hans fekk kraftige utslag, vart det funne ei seremoniell parademaske, som Clunn (*ibid.*, 70) sjølv meiner må ha vore modellert etter keisar Augustus (Sjå Figur 2). Det var no ikkje lenger tvil; den eksakte staden for *Varusslacht* (Varusslaget) var funne – etter 1981 år, fleire hypotesar kring hendinga og fleire hundre ulike gjettingar på kor slaget hadde stått.



Figur 2, ansiktsmaske frå Kalkriese

I 1998, etter ti år med undersøkingar og utgravingar, hadde arkeologar og historikarar føreslått nærare 150 alternative stadar for massakren⁹, men funn av ytterlegare 92 *denarii* av Clunn (2013: 4-11) gjorde at éin spesifikk stad vart via full merksemd, og det vart seinare oppdaga at dette var den eksakte staden så mange hadde leita etter. Dei nærmare 100 myntane som vart funne var eldre og nyare i forhold til hendinga med Varus og dei romerske legionane;

⁹ Fricker (2016: 18) hevdar at det sidan 1500-talet er føreslått kring 700 moglege lokasjoner for slagstaden.

omtrent 50 % av myntane var før-republikanske, resten var frå Augustus si tid, samt at dei sistnemnde var i svært god stand. Det at der ikkje var myntar frå tida etter Augustus gjorde at funnet var merkverdig med tanke på den mykje omdiskuterte slagplassen, og dette var eit klart teikn som bekrefta fagfolk sine mistankar. Av dei yngste myntane frå Augustus si tid, mynta mellom 1-14 e.Kr., viste dei fleste Augustus sin profil med blikket mot høgre på den eine sida, og Caius og Lucius Cæsar bak eit krigsskjold med kryssande spyd på den andre. I området har ein også funne blant anna potteskar, delar av smykke og pyntegjenstandar, og det vart også funne slyngesteinar (Clunn, 2013: 26).

Slyngesteinar av bly, leire eller stein var vanlege våpen i det romerske militärsystemet (og for nokre av hærane romarane kjempa mot), særleg fram til kring 100 e.Kr. (Rasmussen, 2003: 153-58). Som ofta var soldatane som var utstyrt med slynger plassert i hjelpetroppane, og slyngesteinane vart skutt av gårde med stor fart av kraftige lærslenger som soldatane virvla rundt hovudet før dei slepte. Prosjektilane hadde svært høg treffsikkerheit på mål opp til 180 meter vekk, avhengig av kor dyktige soldatane som handterte slyngene var. Det vart også funne tre spelebrikkar i glas, kjend som *Lutterkrug*, på ein stad fleire omtala som “den gamle krigsvegen” – Ein stad med motorvegar som moderne kart også omtala som “The Old Army Road” (Clunn, 2013: 25-27). Clunn legg også fram at det var klart og tydeleg då han arbeidde i området at det måtte ha eksistert ei eller anna form for marsjroute som folk kunne nytte, og som attpå til gjekk frå aust til vest grunna måten landskapet var forma på; naturlege høgder og myrområde må ha framheva den enkleste ruta (ibid., 61). Basert på litterære kjelder og arkeologiske utgravingar av fort og leirar i grenseområda er det stor einsemd om at romarane opererte med vinterleirar (Velleius, *Hist.* 2.105.3), og i og med at dei germanske områda ikkje var handfaste provinsar på Augustus si tid, er det rimeleg å gå ut frå at mesteparten av romerske troppar stasjonert i dei germanske områda trakk seg ut av regionen til områder dei hadde etablert både styre, faste leirstadar og romerske fort der dette var nærliggande, då det endå ikkje var sikkert å opphalde seg i dei komande provinsområda.

2.8.2 Fleire arkeologiske oppdagingar og deira betyding

I det nemnde området, ved foten av Kalkrisebakken, like nord for der den moderne motorvegen går, fann arkeologane restar av ein vegg bygd opp av torv og jord. Måten veggen var bygd opp på, kombinert med datering og undersøking av nærliggande og relevante arkeologiske objekt slo fast at eit slag definitivt hadde stått mellom romrarar og germanarar på denne staden, i det

tidsrommet då Varus og dei romerske legionane forsvann i dei germanske skogane (Clunn, 2013: 80). I tillegg til å hovudsakleg vere bygd opp av jord, hadde delar av den austlege veggen støtta seg på trekonstruksjon – dette var synleg i form av stolpehol. Det er estimert at veggen var kring 1,5 - 2 meter høg, og det har truleg også vore plassert eit rekkverk av tre nokre stadar på toppen. Fleire forskjellelege romerske objekt vart funne i ei grop, dermed går forskarane ut frå at den var opa på det tidspunktet då slaget stod (Wells, 2003: 50).

Det mest overraskande med denne veggen må vere det faktum at dei germanske styrkane har utarbeidd eit såpass stort og forseggjort byggverk i god tid i forkant før dei romerske legionane marsjerte gjennom området. Dette tyder på at åtaket må ha vore nøye planlagd. I og med at romarane hadde med seg ein stad mellom 20 000 og 25 000 individ i marsj (3 legionar på 18 000-20 000 mann pluss hjelptroppar og eventuelle sivile og slavar), må kolonnen ha vore av betydeleg lengd. Attpåtil dette hadde romarane med seg utstyr- og bagasjevogner, trekt av hestar og esel, samt at soldatane gjekk med alt av personleg utstyr på kropp og rygg sidan heile styrka flytta på seg. Ved marsj var hjelptroppar og kavaleri plassert framfor og bakarst, medan legionane, kommandørar og bagasje var i den midtre delen (Wells, 2003: 163-65). Marsjbredda for ein legion var vanlegvis på ein stad mellom ni og fire mann, avhengig av terrenget, og Wells har kome med eit døme på marsjen til legionane i Teutoburgerskogen: Om vi ser føre oss seks romerske soldatar på linje i breidda (omtrent skulder til skulder), med totalt 18 000 soldatar i tillegg til hjelptroppar, marsjerande med ein avstand på éin meter til rekka framfor seg, hadde infanterikolonna åleine vore kring 3,2 kilometer. Om ein skal legge til leiar og hans følgje, bagasje og kavaleri i dette reknestykket, endar vi opp med ei kolonne på nesten 3,6 km. Avslutningsvis postulerer Wells (*ibid.*, 165) ein teori om marsjfarta til kolonnen. Om gjennomsnittsfarta var på like under eller kring 5 km/t (både med tanke på marsjerande personell samt trekkdyr og vogner i ulendte jordspor), hadde kolonnen passert eit gjeve punkt på under ein time. Det er imponerande å tenkje på, og det skaper eit bilet av at eit åtak ein stad på kolonnen fort kunne føre til kaos i rekkene.

Den nemnde veggen var konstruert ved foten av ei skogkledd skrånning, langs ein relativ tørr sandbanke der dei romerske legionane truleg marsjerte. Veggen gav beskyttelse, samt at germanske soldatar kunne gøyme seg bak den til det augebllikket dei skulle overraske fiendane sine. Det er stor grunn til å tru at dette massive prosjektet var kamuflert i samsvar med den omkringliggende naturen. Ifølge Wells (2003: 51) vart det funne eksepsjonelt store kvanta av romerske militærobjekt og beinrestar like framfor muren: Fleire store objekt, deriblant den fabelaktige jarnmaska som ein gong truleg var sølvdekt (jf. Bilete 2, s. 60), ei hakke, ei sigd,

delar av ein hjelm og meir. Dette skil seg ut frå alle dei fragmentariske funna elles i området, og det kan tyde på at delar av veggan har rasa ut og greve ned objekta som låg strødd akkurat i det området. Grunnen til at funna har vore såpass fragmentariske synast kanskje merkeleg, men truleg har dei germanske sigerherrane saumfare staden i etterkant av slaget og teke med seg det dei ville eller trudde dei kunne ha nytte av. Våpen, personleg utstyr som hjelmar og skjold samt utstyr som dei romerske soldatane hadde med seg vart nok teke, og intensjonen var truleg å nytte sigerbyttet sjølv, nytte det i bytehandel med andre eller kanskje smelte det om til anna bruk. Wells (ibid., 51; 186) fremjar ein annan teori, nemleg at objekta funne rett framfor veggan kan ha vorte plassert der av sigerherrane, som ei ofring eller ei form for rituell deponering i samband med den unike sigeren dei akkurat hadde opplevd ovanfor dei romerske legionane.

Basert på dei litterære kjeldene om ofringar av blant anna våpen og personleg utstyr utført av germanske stammar og styrker, gjev Wells sin teori meinings. Tacitus skildrar blant anna at Germanicus kjem over fælslege offeralter seks år etter slaget; der dei romerske legionærane vart torturert og avretta, noko også Cassius Dio nemner. Dermed gjev det absolutt meinings å sjå på eit såpass samla og variert funn som ei slags ofring til guddommar frå germansk side. Trass gode grunnar for denne teorien, er det til sjuande og sist ein teori, og det er såleis vanskeleg å seie sikkert om det samla funnet er grunna tilfeldigheit (at eit parti av veggan rasa ut) eller om det var planlagd frå germansk side og offersamlinga har overlevd til moderne tid. Det er viktig å understreke at det er relativt tilfeldig kva som overlev gjennom historia sin gang, særleg i samband med konflikt og slag.

Ei anna problemstilling i samband med denne typen spørsmål er det at dei litterære kjeldene *kolliderer* med den moderne forskinga, særleg då Florus (jf. Kapittel 2.6) hevdar at dei germanske styrkane angrep den romerske leiren frå alle sider; leiren vart overrumpla og massakrar følgde. Som nemnd er det uklart om Forus meinte ein midlertidig leir eller ein større leir der dei romerske styrkane forsøke å samle seg til eit nokolunde koordinert forsvar. I og med at slaget i Teutoburgerskogen skjedde over fleire dagar (ifølgje fleire av dei litterære kjeldene), er det rimeleg å gå ut frå at romarane oppretta mindre, sporadiske leirar i løpet av perioden, men det er vanskeleg å fastslå eksakt storleik. I tillegg var det sannsynlegvis avgrensa kor mykje dei romerske soldatane fekk utretta i det kuperte terrenget av skog og myrområde, med germanske soldatar som gjekk til åtak av og på. Det er ikkje funne arkeologisk materiale som kan bekrefte eller avkrefte dette, eller gje oss tilfredsstillande svar, dermed er det vanskeleg å seie noko sikkert.

2.8.3 Etter slaget - Interaksjon og forandring

Etter slaget må staden der kampane gjekk føre seg i Kalkriese ha vore strødd med døde romerske soldatar. Framfor den veldige veggen er det ikkje vanskeleg å førestille seg store haugar med menneske og materielle restar som våpen og utstyr, omtala i førre del. I og med at dei romerske legionane vart overraska av dei germanske styrkane, først langt framme av kolonnen, fekk ikkje dei lenger bak umiddelbart med seg kva som skjedde: Dermed fortsette den kring 3,6 kilometer lange romerske kolonnen å marsjere medan soldatane i front vart stogga av germanske åtak (Wells, 2003: 171). Dette førte til ytterlegare kaos i rekkene lenger bak i kolonnen, og etter nokre døgn var legion XVII, XVIII og XIX, samt kommandøren deira, ikkje noko meir. Korleis kan arkeologien vise til endringar i etterkant av slaget, og er dette generelt representativt for dei germanske stammesamfunna i dei kringliggande områda?

Etter kvart som ein fekk meir informasjon i form av moderne vitskap, gjekk forskarar over frå å hovudsakleg sjå på restane etter slaget, til å sette større fokus på interaksjonen med dei germanske busetnadane i området kring slagplassen (James og Krmenicek, 2020: 150). Av antikke kjelder veit vi at kjempande germanarar ofte var motivert grunna lovnadar om krigsbytte (*Dio. Hist.* 56.214) – som allereie er nemnd – og frå Tacitus kan vi lese at romerske soldatar var trena til å hente ut sine eigne såra samt sikre eventuelle bagasjevogner (*Tac. Ann.* 1.64.4). Dette gjer at ein må ta omsyn til eit metodologisk grunnsyn på situasjonen kring slagstaden (Wilbers-Rost et al, 2012: 106), som er at mykje mindre materiale er lokalisert på ein slagstad frå antikken enn det ein ofte trur, samt at ein må rekne med korleis eventuelle materielle restar frå slaget kan ha spreidd seg til både nærliggande og fjernare områder, som er ein stor del av det nye forskingsperspektivet.

Som eg var inne på tidlegare ser ein tydelege endringstendensar når det kjem til gravlegging i tida etter Julius Cæsar sine felttog i nordvest-Europa, då ein ser at våpen får ein mykje meir utbreidd plass i graver. Sjølv om Cæsar bevega seg over Rhinen to gongar (*Gall.* 6.29), legg Wells (2003: 119-120) fram at desse nye gravskikkane er tydelege også vest for Rhinen, i områder der Arminius samla saman stammane i forkant av bakhaldet i Teutoburgerskogen. Den nye gravskikken som inkluderte våpen symboliserer ikkje nødvendigvis auka grad av vald og konflikt, men kan like gjerne syne at våpen hadde blitt ein viktigare del av kvardagslivet og identiteten til individ og stammar. Samstundes kan ein heller ikkje utelukke at ein konfliktprega kvardag hadde blitt meir framtredande, og at også dette, i

større eller mindre grad, kan ha vore med å påverka kvardagsliv og gravskikkar. Romarane var på frammarsj i dette tidsrommet, samt at det alltid kunne ha utvikla seg interne uro- og konfliktmoment, anten mellom individ eller forskjellege stammar.

Sporar i mange av dei same gravene kan vere ein indikator på at noko var i endring i områda aust for Rhinen. Under felttoga i Gallia frå 58-51 f.Kr. leigde Julius Cæsar inn hjelpetroppar (*auxilia*) frå stammar som då endå ikkje var under romersk dominans, deriblant frå dei germanske områda. Arkeologiske utgravingar har vist oss at sporar, og i fleire tilfelle bronsekar, ofte har vorte funne i samband med våpen, dette kan blant anna indikere at personen som var gravlagd hadde gjort teneste i den romerske hæren under felttog mot gallarane (Wells, 2003: 121). På bakgrunn av dette materialet legg Wells (ibid., 121-22) fram to poeng som er vel verd å merke seg. For det første kan funn og teoriar tyde på utvikling av nye haldningar mot militær aktivitet blant jarnalderens nord-europeiske bebovarar, omtrent i tidsrommet då Cæsar gjennomførte sine felttog i Gallia og kryssa Rhinen inn i Germania ved to anledningar. For det andre kan det arkeologiske gravmaterialet, særleg sporar og romerske bronsekar, føreslå at nokre individ frå regionen tok del i dei romerske militære framrykkingane, og at dei på denne måten fekk direkte kjennskap med alt frå taktikkar til romerske våpenskikkar - noko som skulle bli sentralt i Nord-Europa i løpet av dei etterfølgjande hundreåra.

Det arkeologiske materialet, i tillegg til oppdaginga av veggen nemnd tidlegare, gjev ein klar indikator på kvar slaget har stått. Sigeren mot dei romerske legionane og plyndringa av krigsbyttet hadde etterdønningar for dei germanske busetnadane i nærleiken, men det kan ikkje hevdast å ha påverka heile området definert som Germania. Såleis kan ein heller ikkje snakke om noko brå form for endring i år 9 e.Kr., men det er mogleg å identifisere gradvis endringsprosessar, som det er mogleg å tolke og forstå på bakgrunn av Arminius sitt åtak på legionane (Wells, 2003: 209). Gjennom heile første halvdel av hundretalet e.Kr., ser ein vidare utvikling i graver, og i fleire regionar ser ein også auka rikdom plassert i gravene. Fleire av gravene inneheldt også, i tillegg til fulle sett med våpen, pryda og forsegjorte spenner (av jarn eller bronse) og romerske bronsekar, som i nokre tilfelle har tent som ei urne for kremerte restar (Ibid., 210).

Hadde slaget i Teutoburgerskogen mykje å seie for denne utviklinga? I graver frå tida kring slaget er sølv mykje meir framtredande, og det kan tolkast til at det edle metallet fekk ei viktigare rolle når det kom til å syne status og rikdom for den gravlagde. Sølv hadde vore ei relativt sjeldan vare blant dei germanske samfunna, då svært få funn er gjort frå tida før Kristus.

Wells (2003: 210) hevdar at det edle metallet fekk ei større rolle, både når det kjem til dekorative og praktiske spenner (*fibula*) av sølv, samt at fleire funn som til dømes sverd, slirer og drikkebeger hadde innlagde sølvkantar - ein idé som kan ha vore kopiert frå utstyret til romerske offiserar. I tillegg legg Wells (ibid.) fram at noko av sølvet nyttta for å støype spennene og dei pryda gjenstandane som var funne i gravene, kan svært sannsynleg ha vore plyndra frå Kalkriese, staden der slaget stod, og at dette kan ha auka statusen til det gravgangde individet.

Såleis må truleg store mengder materiale må ha vore vunne og teke av germanske soldatar og kanskje også sivile i etterkant av hendinga, alt frå jarnvåpen som sverd, forskjellelege verktøy og myntar, samt det som var av interesse av edle metall som gull, sølv eller bronse. Såleis kan det hevdast at dette hadde stor innverknad blant dei som var involverte i både planlegging, utføring og tida etterpå, og det kan ha bidrige til større grad av differensiering mellom individ, avhengig av kva rolle dei hadde hatt før og etter slaget. Wells (2003: 210-211) argumentere for dette på ein solid måte, samt at han hevdar denne utviklingstrenden er synleg i graver gjennom 100-talet e.Kr., i tillegg til at ein ser tydelege endringar i busetnad, då "During the first century A.D., a widespread change is apparent, with the growth of larger and more complex settlements, reflecting larger and socially more differentiated communities. ... for the first time we can use the term 'village' in reference to these sites." – gode døme på dette er Feddersen Wierde og Flögeln, i Niedersachsen i dagens Tyskland (Ibid., 118; Wells, 2001: 244-45).

Sjølv om romarane skulda nederlaget på Varus sin inkompetanse, Arminius sitt svik, den utemma germanske naturen, därleg vêr og lite gunst frå dei romerske gudane (Augustus), meiner Sheldon (2020: 1024-25) at både antikkens romarar og fleire moderne kommentatorar ikkje tek høgde for at nederlaget var ei feilbereking av massive proporsjonar, forårsaka av ufullstendig intelligens på mange nivå: Romarane overvurderte dei pro-romerske haldningane til fleire germanske høvdingar, samt at romersk kontraetterretning ikkje klarte å fange opp mengda anti-romerske kjensler som eksisterte og ulma blant dei germanske stammene, særleg blant høgtståande leiarar. Romarane tok også feil og undervurderte potensialet for eining blant germanarane. Fleire år med stille styre vart feiltolka som eit teikn på germansk føyelegskap, og "The Roman occupation beyond the Rhine had been so incomplete and superficial that it took only one uprising to take out Varus's army, leaving nothing under Roman control except the coastal regions, perhaps as far north as the mouth of the Elbe." (ibid., 1025; Syme, 1934: 376).

Nyhendene om det romerske nederlaget i Roma er allereie skildra – Augustus sin reaksjon er blant anna minneverdig. Frå Velleius Paterculus (*Hist.* 2.120.1) kan vi lese at nyhendene om nederlaget ført til at mange romarar, deriblant Augustus og Tiberius, no trudde germanarane truga Italia med ein krig liknande den ført av Kimbrarane og Teutonarane (sjå Kershaw, 2019: 175-81). Ifølgje Paterculus invaderte også Tiberius, etter ordre frå Augustus, Germania og oppretta militærvegar, øydela marker, brann hus og ruta dei som kom mot han, før han til slutt returnerte ærefullt til vinterleir, utan å ha mista ein einaste soldat – ein straffeekspedisjon i dei germanske områda. Som nemnd i analysen av Velleius Paterculus (Kapittel 2.3) må vi ta dette med ei klype salt, mykje grunna forfattarens syn på Tiberius. Det er ikkje funne nokon arkeologiske spor etter militærvegar i denne perioden, heller ikkje teikn på lag med trekol som ein kan forvente å finne som eit resultat av denne typen øydelegging av busetnadar (Wells, 2003: 202). Det er også høgst usannsynleg at Tiberius og dei romerske legionane kunne marsjere rett inn i Germania og utføre denne typen handlingar, for så å trekke seg ut utan å miste ein einaste soldat, med tanke på at germanarane i etterkant av bakhaldet må ha vore høgst oppmerksame på moglege romerske represaliar.

Slaget i Teutoburgerskogen, og det følgjande romerske nederlaget betydde slutten på romersk ekspansjon austover frå Rhinen, deriblant vart romerske baser ved Haltern, Lippe og Oberanden forletne (Wells, 2001: 91). Wells (ibid., 208-209) peiker på små spor av provisoriske romerske fort, mest truleg oppretta for kortare periodar i månadane då romarane utførte sommarkampanjer i dei germanske områda. For dei nærliggande germanske busetnadane ført slaget i Teutoburgerskogen til ei auke av verdifulle materiale, deriblant sølv, som nemnd tidlegare. Det er vanskeleg å seie om stammar som låg lenger merka noko av krigsbyttet, ei mulighet er i form av handel eller varebytte med andre stammar. Gravskikkar syner også at ei utvikling var underveis over store delar av Nord-Europa, og det er tydeleg at krigaraspektet vart viktigare og viktigare, då våpen og våpensett blir tydelegare i arkeologiske gravfunn, samt at fleire av gravene innehaldt rikdommar og verdigenstandar. Wells (2003: 210) hevdar at “This cemetery evidence can be interpreted to show that trends were under way before before 9 A.D. – burial of weapons in some of the men’s graves, increasing quantities of wealth in some – were reinforced by the outcome of the great battle”. Peter Heather (2009: 5) meiner på si side at røynda er meir prosaisk; Det romerske nederlaget vart hemna kraftig i dei etterfølgjande åra, og i det store og heile hadde ikkje Teutoburgerskogen så mykje å seie som det tradisjonelt har vorte hevda. Andre årsaker vog tyngre, som blant anna det økonomiske og militære – dette heng også saman med premissset for denne analysen av kjeldemateriale og

framstillingar: Det er viktig å sjå på ei historisk hending og forskingsobjekt i ljos av samtidia, samt det som skjedde før og etter.

Kapittelkonklusjon

Det er viktig å påpeike at slaget i Teutoburgerskogen ikkje må leggast for mykje vekt. Det er ei sentral hending, både i romersk og nord-europeisk medvit (på forskjellege måtar), men utviklinga som gjekk føre seg blant dei germanske stammene var undervegs allereie då slaget stod i september år 9 e.Kr. Hendinga var eit sjokk for romarane, og det ført til eit stort overskot av krigsbytte for dei inkluderte germanske aktørane og kringliggande stammene, noko som arkeologien viser klart og tydeleg, og som igjen mest truleg ført til sosiale, økonomiske og politiske endringar, samt at betydinga av sigeren i seg sjølv i samband med krigsbyttet kan ha fungert som ein katalysator for vidare utvikling.

I Augustus sitt testamente, *Res gestae* (26), hevdar imperatoren at han erobra dei germanske områda, men Wells (2003: 203) meiner det kanskje kan ha vore Tiberius som gjorde det noko seinare. Dette er ein annan diskusjon, men med tanke på at den romerske grensa mot nord så å seie vart fastsett etter slaget i Teutoburgerskogen (Wells, 2001: 3) kan ein spørje seg i kva grad ein kan stole på påstanden til keisar Augustus. Av kjeldene som omtalar hendinga i Teutoburgerskogen kjem vi ikkje så mykje nærmare germanarane, men vi får verdifull innsikt i fleire aspekt av korleis germanarane opererte i møtet med romarane, dei germanske stammene i samband med arkeologien samt nokre peikepinnar på det sosiale og religiøse aspektet. I tillegg er den symbolske betydinga av sigeren trass alt enorm, då den for det første stoppa romersk ekspansjon nordover i Europa, og på den andre sida gjorde at germanarane i nord igjen vart ei reell frykt for mange romrarar.

I siste halvdel av 100-talet e.Kr. forsvann Cheruski-stammen ut av det historiske søkeljoset, etter mykje intern strid. Dette kan lesast som at effekten av den store sigeren mot romarane var relativt kortlevd, og som Heather (2009: 5) hevdar, kan det godt stemme at røynda var meir prosaisk; at hovudårsakane til at romarane gav opp vidare ekspansjon nordover var på grunn av andre faktorar, ikkje berre nederlaget i Teutoburgerskogen. Meir forsking på slaget og betydinga av det er kjærkoment. Trass hendinga hevdar Wells (2003) at ein utviklingstrend var under utvikling blant dei germanske stammene, og denne utviklinga skal undersøkast grundigare i det komande kapittelet, som tek føre seg eit massivt funn frå Illerup Ådal, og kva informasjon det er mogleg å hente ut av det.

3.0 Illerupfunnet – eit bindlededd til det ukjende nord

3.0.1 Introduksjon

Medan dei moderne landegrensene vi kjenner til i dag ikkje eksisterte i antikken, var det fortsatt bevegelse på tvers av områder både i form av handel, krigføring, flytting og vandring. I denne komande delen er Illerupfunnet hovudtema, og særleg to verk er sentrale i første omgang: *Den første Norgeshistorien – Illerupfunnet: Ny innsikt i skandinavisk romertid* av Jørgen Ilkjær og *The Spoils of Victory: the North in the Shadow of the Roman Empire* av Lars Jørgensen, Birger Storgaard og Lone Gebauer Thomsen. Elles er Thomas Grane og hans tankar og artiklar om arkeologi og koplingar mellom Skandinavia og det europeiske kontinentet under Romarriket eit viktig bidrag i diskusjonen. Deretter kjem ein gjennomgang av kva antikke kjelder sei om ofringar av våpen og utstyr. Til slutt kjem ein gjennomgang av andre tolkingar, deriblant Lars Morten Fuglevik sin artikkkel *Krigsbytteofrigen Illerup A: en alternativ fortolkingsramme*, der han forsøker å etablere nye rammer for tolking av materiale fra Illerupfunnet. Til den siste diskusjonen supplerast det også med fleire forfattarar og tolkingar.


Myrfunn har vorte oppdaga fleire stadar i Danmark heilt sidan seit 1600/tidleg 1700-talet, og mange har vorte undersøkt og grave ut i større eller mindre grad i løpet av 1800- og 1900-talet (sjå Jørgensen, 2003). I 1950 vart eit myrfunn undersøkt, som skulle vise seg å bli det femte store funnet av myrofringar i Danmark etter kjende funn som blant anna Vimose, Thorsbjerg og Nydam. Den fenomenale funnstaðen vart døypt Illerup Ådal (Jørgensen, 2003: 16). Funnet vart gjort i samband med dreneringsarbeid (denne typen arbeid fortunar ros, då dei fleste av myrfunna er gjort i samanheng med slike prosjekt), og arkeologar og fagfolk utførte to store utgravingar på staden, den første frå 1950-56 og frå 1975-85. Resultatet var overveldande; kring 15 000 gjenstandar, fordelt over fire felt, A – D. Ikkje berre var Illerupfunnet enormt i seg sjølv, det gav også eit meir solid kjeldegrunnlag som kunne hjelpe til å gje svar på spørsmål kring andre myrfunn i Danmark og Europa (ibid., 18).

3.1 Kva bestod Illerupfunnet av?

Av omsyn til lengde er det dessverre ikkje mogleg å gå i detalj om alle objekta som vart oppdaga i Illerup Ådal, men sidan myrfunnet har ein sentral plass i denne oppgåva, er det nødvendig med ein gjennomgang av dei viktigaste funna frå myrområdet. Den følgjer her.

Som nemnd i førre del (kapittel 3.0.1) er Illerupfunnet delt inn i fire funnsoner; A-D. Funnsone A, den eldste og største, dekker eit enormt område, og funnsone B, C og D ligg faktisk alle i område A. Funnstadane B, C og D er såpass nærmre kanten at ofringane kan ha blitt kasta ut frå breidda, men dei forskjellege offerdyngene i funnsone A må ha vore frakta ut med ein eller fleire båtar, for så å ha blitt kasta over bord, ifølgje Ilkjær (2000: 32). Funna strekk seg over eit område på opp mot 400 meter, i tillegg er plasseringane av dei forskjellege enkeltfunna interessante i seg sjølv, då dei er ein indikator på at forskjellege deponeringsmetodar har vore nytta. Dette er eit teikn på at ein kan snakke om fleire deponeringar, og ikkje berre enkelte. Ilkjær (*ibid.*, 47) meiner dette ligg til grunn for å hevde at det heilt klart er snakk om forskjellege ofringar. Ved nærmare analyse vart desse teoriane bekrefta, då forskjellege funnkomponentar har eit kronologisk tidsspenn på nesten 300 år, dei eldste frå kring 200 e.Kr., dei eldste kring 500 e.Kr. Det at ein har moderne teknologi til hjelp er uvurderleg, og det gjer jobben lettare for dei som skal forsøke å sette saman bitane av desse stumme, antikke puslespela. Dermed får ein data som er så rett som mogleg, heller enn spekulasjonar og teoriar.

Kring 15 000 gjenstandar vart funne i Illerup Ådal totalt, og funnet var svært variert. Ikkje berre vart det funne fleire forskjellege typar våpen som sverd, spydspissar og skjoldbuler, men det vart også funne store mengder personleg utstyr, som til dømes fyrtøy, forskjellege typar knivar, kammar, militærbelter, hesteutstyr og ikkje minst romerske myntar. Illerupfunnet omfattar i alt heile 1409 støyt- og kastevåpen; 748 lansespissar, og 661 spydspissar. Sidan bevaringsforholda i ei myr har alt å seie for kva som forsvinn og kva som blir liggande igjen, fann arkeologane relativt lite eksisterande treverk i Illerupfunnet, berre ørsmå restar. Av desse små trerestane på spyd- og lansespissane har det vore mogleg å finne ut at det nytta treslaget har nesten utelukkande vore ask, og at lengda på spydskafa truleg kunne vere mellom 2 og 2,7 meter. Lanser og spyd var dei vanlegaste våpena i romersk jernalder, og for kvart sverd vart det funne mellom 3 og 4 spyd og lanser (Ilkjær, 2000: 42). I tillegg til det overveldande talet på spyd- og



Figur 3. Forskjelleg utstyr funne i haugar i Illerup Ådal (eige foto)

lansespissar frå Illerup, er dei eit klart teikn på at mota skifta raskt på denne tida. Ved å samanlikne spyd- og lansespissar frå forskjellege funnstadar i Illerup, kan ein lettare bestemme dei forskjellege funna sin alder, og Ilkjær (*ibid.*, 43) meiner typane avløysar kvarandre med kring ein generasjons mellomrom. Dette er interessant, og det er også viktig når krigsbytteofringane skal daterast nøyaktig i forhold til kvarandre.

Det er nesten umogleg å rekonstruere korleis krigarane som nyttta utstyret frå Illerup såg ut. Det er ikkje funne restar av menneskeofringar, knoklar eller leivningar, og det meste av klede og tekstilar er berre fragmentarisk bevart (for døme på blant anna menneskeofringar, sjå Kaul, 2003: 39-43; Giles, 2020). Dette gjer også at lær og anna liknande materiale har forsvunne, og etterlede det den basiske myra ikkje har brote ned over tid; harde gjenstandar av materiale som jarn, bronse, sølv eller gull. Det er funne klede og tekstilar i andre myrfunn, til dømes Thorsbjerg, og ved hjelp av desse funna kan ein danne ein teoretisk analogi, og sjå for seg korleis Illerupkrigarane si kledning såg ut. Det blir eit indirekte biletet, og med det spekulasjon. Det kan vere freistande å trekke parallellar til andre, spektakulære myrfunn som til dømes Tollundmannen, men dei er nokre hundre år eldre enn dei eldste funna frå Illerup (Ilkjær, 2000: 50; Giles, 2020: 60-3). Eit anna interessant aspekt ved Illerupfunnet når ein tek føre seg krigarane sitt personlege utstyr, er at det verken er funne rustningar til kroppen, ringbrynjer, eller hjelmar av noko slag, noko som kan knytast opp mot spørsmålet om plyndring.

Blant dei store funna vart det også i Illerup Ådal funne fleire små objekt; kvardagslege ting som krigarane må ha hatt med seg for å komme seg gjennom det dei møtte på sine reiser. Fyrtøy, beltebeslag, eldstål, knivar, kammar, verdigjenstandar og sist men ikkje minst romerske sølvmyntar. Det er funne to distinkte typar belte i Illerup; militærbeltet og det personlege beltet. Til kvar av dei forskjellege belta er det også funne spesielle beslag, som har fungert som oppheng for mindre, viktige gjenstandar, som også er forskjellege. Av namna på belta, militære- og personlege belte, kan ein fort gå ut frå at til dømes mindre våpen, som ein kampkniv, kan ha hatt plass på militærbeltet, medan mindre krumknivar som truleg vart nytta til barbering eller anna stell hadde ein plass på det personlege beltet. Ilkjær (2000: 54) legg fram at sjølv om vi kan sjå store variasjonar i utforminga av det personlege utstyret, så er det ein systematikk i oppbygginga. Det kan freiste å spekulere på standardisert utrustning på soldatane, noko også andre myrfunn kan kaste ljós over, men her og no har vi for lite å gå på.

Ein annan del av krigarane si utrustning som vart oppdaga var belter og bandolær. Myra og tida som har gått har ført til at det organiske materialet også i dette tilfellet forsvann, men av restane har arkeologar klart å gjenskape mykje av utstyret, og funna er svært interessante. Det er totalt funne kring 60 sett med bandolær; 44 av dei stammar frå dei germanske områda, medan 16 er romerske. Vidare er det mogleg å utleie kva belter og bandolær som var av romerske produsentar (Jørgensen, Storgaard og Thomsen, 2003: 407) då soldatane har hatt moglegheita til å tilpasse utstyret til si eiga høgd, samt at romerske belter og beltekomponentar har vore masseproduserte. Dei germanske er truleg laga individuelt, og ikkje på same *semiindustrielle* måte som dei romerske. Det er viktig å sjå på dei 60 setta med bandolær i forhold til sverda som vart funne, og som stammar frå Illerups eldste ofringar, det kjem eg tilbake til i eit seinare avsnitt. Bandolær og belter har dermed ein sentral plass, både når det kjem til krigarane som nytta utstyret, og frå sjølve funnstadene og for vår forståing. Frå personlege festemekanismar er det naturleg å sjå vidare på kva utstyr som kan ha vore festa i belta og bandolæra.



Figur 4: Døme på oppheng av diverse utstyr (eige foto)

Dei følgjande avsnitta er meint for å gje ei oversikt over nokon av dei andre personlege gjenstandane som vart funne i den tidlegare innsjøen i Illerupdalen. Først og fremst er det interessant å merke seg at sjølv om ein kan sjå utruleg rike variasjonar i utforminga av det personlege utstyret, er det i hovudsak ein systematikk i oppbygginga, ifølgje Ilkjær (2000: 54). Det forfattaren meiner med dette er at det er funne enormt mange ulike element, men at desse stort sett kan plasserast i forhold til kvarandre og funksjonsbestemmast, som eg har vore inne på i tidlegare avsnitt: Krumknivar til barbering eller anna personleg pleie er allereie nemnd, i tillegg er det funne til dømes fyrtøy, slipestål, forskjellege typar kammar, råmateriale, pungar og sist men ikkje minst; romerske myntar, *denarii*.

Eg skal no diskutere eit utval av desse personlege gjenstandane. Først ut er fyrtøya, og i Illerupfunnet vart det oppdaga totalt 129 sett med fyrtøy berre frå funnstad A. I tillegg er eldstålskafta gjennombora, noko som kan tyde på at dei har hengt i ei stropp av lær eller eit anna materiale, som igjen har vore festa i eit belte. Vidare består fyrtøyet av ein strandstein av kvartsitt med ei flatside (med ei smal rille som har oppstått ved slag med eldstålet) og eit nåleforma stykke som er brukt til sjølve tenningsprosessen. Desse stykka har vore sett inn med eit handtak av eit materiale som blant anna gevir, tre eller lær, og det er verdt å merke seg at denne typen fyrtøy var dominerande i Skandinavia kring år 200 e.Kr., ifølgje Ilkjær (2000: 56). Noko anna som er oppsiktsvekkande i samband med fyrtøyet frå Illerup funnstad A er at 124 av dei er av typen som er utbreidd i Skandinavia, medan berre fem finn ein på Kontinentet sør for Østersjøen. Ilkjær (*ibid.*, 56-57) legg dette til grunn for å hevde at fleirtalet av krigarane var frå Skandinavia. Om opphavet deira var derifrå, eller om dei var leigd inn, kan ein spekulere på.

Slipestål vart også funne i samband med opphengsobjekt, og dei har truleg vore festa til belta. I og med at desse reiskapa er spisse, og det ikkje er funne teikn i handtaka til hol for oppheng, er det truleg at det ein gong har eksistert ei slags form for etui, som no diverre har gått tapt (sjå Figur 6 for rekonstruksjon). Ei anna forklaring kan vere at dei vart oppbevart i ein pose, då andre gjenstandar som til dømes romerske myntar har vore oppbevart på denne måten, noko eg kjem tilbake til. Ilkjær (2000: 57) legg fram at det vart funne eit skapt verktøy som tidleg vart tolka som ein syl, eit verktøy til gjennomholing av materiale som blant anna lær. Ved nærmare undersøkingar vart det funne snittmerker på 92 av dei 118 handtaka som var bevarte frå myra. Merka er såpass forskjellige og tilfeldig plasserte at det truleg ikkje er snakk om noko slags form for dekorasjon, og på bakgrunn av dette vart det konkludert med at desse spesifikke objekta ikkje var sylar, men slipestål, og med det ser ein for seg at snittmerka er spor

etter kniven eller våpena: "I flere sett med håndverktøy er det også funnet syler. Disse er langt kraftigere utført og atskiller seg også formmessig fra slipestålene." (ibid., 57).

Figur 5. Kammar funne i Illerup Ådal (eige foto)

Det vart funne fleire ulike kammar i Illerup, som i seg sjølv er verdt å merke seg, og som i samanheng med denne oppgåva er nødvendig å inkludere. Til saman 140 kammar vart funne, og dei er interessante for to grunnar; for det første finst det fleire variantar: 14 av kammene er eittlagskammar, 22 er samansette eittlagskammar og til slutt er 101 trelagskammar. For det andre er materialet kammene er laga av verdt å diskutere. Ilkjær (2000: 59-60) legg på si side fram at kammene er laga av gevir frå elg, kronhjort eller reinsdyr, og at av desse tre artane var det berre kronhjorten som i romersk jarnalder levde i dei noverande danske områda. På den skandinaviske halvøy derimot, fann ein alle tre artane. Ilkjær (2003: 63) legg fram ein detaljert analyse av kammene i samleverket *Spoils of Victory*; Forfattaren meiner at kammene har vore produserte på den vestlege delen av den skandinaviske halvøy, men går ikkje inn på dei spesifikke materiala. Her er inntrykket at eit materiale som spesifikt kan knytast til eit gjeve område er nok til å legge grunnlag for argumentasjonen.



Eg har allereie nemnd at noko av utstyret ikkje har teikn til noko slags form for oppheng, og nettopp dette fører oss over til neste punkt: posar eller pungar. Mykje av det personlege utstyret kan rett og slett ikkje ha eigna seg å ha hengande i belte, moglegens grunna form, storleik eller andre praktiske grunnar, difor er noko av utstyret truleg samla og oppbevart i posar eller pungar av tekstil eller lær. Ilkjær (2000: 61) legg fram at det saman med eldsteinane ofte er funne eit liten knapp, som forfattaren meiner må tolkast i samband med ein slags form for lukkemekanisme. Vidare vert kammene nytta som eit døme på nettopp dette poenget: Det er ikkje funne noko slags form for hol eller festa til kammene frå Illerup, difor er det ikkje utenkeleg at krigarane har oppbevart dei i anten ein pose eller moglegens eit etui, som dei igjen kanskje festa til beltet. Læret, eller materialet dei har vore laga av, har forsvunne over tid, difor kan ein berre ta føre seg kvalifiserte gjettingar på bakgrunn av funnmaterialet og tidlegare teoriar. Ein tilleggsfaktor er at det saman med kammene ofte er funne ein liten metallring, som fleire har



Figur 6. Rekonstruksjon av ein pung med innhold (eige foto)

tolka som ein lukkering i samband med oppbevaring av kammar og anna mindre utstyr i posar eller pungar – noko som er svært plausibelt.

I samband med temaet pungar, er det i Illerup funnstad A gjort 25 separate funn av romerske myntar, *denarar*, som har vore oppbevart i posar eller pungar. Nærare 200 myntar vart funne totalt. Ein enkelt pung har innehaldt heile 70 romerske denarar, i tillegg har nokre pungar innehaldt mellom 20-30 stykk, medan over halvparten berre innehaldt ein enkelt eller i nokre tilfelle to romerske myntar. Ifølgje Ilkjær (2000: 122) er det riktig nok funne mange romerske denarar i Skandinavia, særleg på Gotland i Sverige, og tidlegare var det ikkje vanleg å tru at det var myntar i omlaup så tidleg som 200 e.Kr., det vil seie samtidig med Illerupofringane. Dette viser at det faktisk var det, og at ein i tillegg må inkludere moglegheita for at andre ting som til dømes avklipte gullstykker, perler og skrotmetall også kan ha vore brukt saman med romerske myntar som verdigjenstandar eller ein slags form for valuta. Desse objekta vart ofte funne saman med myntane, difor er det rimeleg sikkert at dei kan ha hatt same funksjon. Ilkjær (*ibid.*, 50) understrekar kor viktig funnet av dei romerske myntane faktisk er, då dette kan hjelpe til med å datere Illerupfunna meir presist: Myntane som er produsert tidlegast stammar frå årstala 187/88 e.Kr., dermed kan ein gå ut frå at ofringane må ha vore lagt ned seinare enn dette. Den eksepsjonelle pungen med 70 myntar vart funne saman med noko av det rikaste personlege prakutstyret vi i det heile teke kjenner frå Illerup, og må difor truleg ha høyrt til nokon høgt oppe i det sosiale og militære hierarkiet.

Frå personleg utstyr går vegen vidare til våpen, meir spesifikt til sverd. Som nemnd tidlegare er det sterke indikasjonar på at størsteparten av lanser og spyd var produsert lokalt i Skandinavia eller på kontinentet, men det same kan ikkje seiast om sverdklingene frå Illerupfunnet. Over 150 sverd frå Illerup funnstad A har truleg blitt importert frå Romarriket, dette ser ein av både kvaliteten på stålet og produksjonen av sverdklinga, samt fabrikkmerke og stempel som er hamra inn i overflata (Ilkjær, 2000: 74-75). På den andre sida hevdar Jensen, Jørgensen og Hansen (2003: 322) at ein må vere forsiktig med denne typen absolutt datering når det kjem til sverd. Årsaka til dette, ifølgje forfattarane, er at romerske og germanske våpensmedar sine metallurgiske teknikkar etterkvart likna såpass på kvarandre at det ofte kan vere vanskeleg å skilje mellom ei sverdklinge produsert i Romarriket versus ei klinge produsert i Germania eller ein annan stad i *Barbaricum*. Eit stempel eller eit fabrikkmerke kan ikkje vere den einaste grunnen til å meine at noko var produsert i romerske områder, då germanske handverkarar kunne produsere sverdklinger med stempel eller innlegg etter romersk modell –

kanskje til og med for å ta ein høgare pris for produktet. Trass dette understrekar forfattarane at dei ikkje kan gje noko definitivt svar på dette, då meir forsking er nødvendig.

Med dette i bakhovudet er det verd å merkje seg at myrfunn så langt nord har innehaldt så mange romersk-produsert våpen, trass det romerske forbodet om å eksportere våpen til potensielle og reelle fiendar. Dette forbodet må ha vore unngått, i større eller mindre systematisk grad, då det er gjort fleire funn av romersk-produsert sverd andre stadar i Nord-Europa (Ilkjær, 2000: 77; sjå også Rankov, 1999). Lat oss no vende blikket tilbake til Illerup Ådal, og eit av dei mange spektakulære funna derifrå; eit praktsverd (sjå Figur 10, s. 100). Mange sverdklinger har truleg vore importert frå ein eller fleire stadar i Romarriket, Ilkjær (*ibid.*, 74) går ut frå at det må ha vore Gallia, medan fleire av komponentane til sverda, som blant anna sverdgrep og oppheng har truleg vore produsert i Nord-Europa. Eit av sverdgrepene frå Illerup er utstyrt med eit særleg eksepsjonelt handtak; sjølve grepet er samansett av fleire material, inkludert elfenbein som moglegens stammar frå India. Den delen av grepet som er plassert mellom hjaltane er tydeleg tilverka i nord-europeisk stil og forgylt med sølv. Det som er interessant er at det er funne liknande typar sverd med prakthandtak langs den romerske nord-grensa, men forskjellen er at dei består berre av elfenbein, utan sølv. Kvifor har så praktsverdet frå Illerupfunnet vore forgylt med sølv? Ilkjær (*ibid.*, 78-79) legg fram to moglege forklaringar: På den eine sida kan det ha vore snakk om ei slags form for reparasjon, på den andre sida kan det vere snakk om ei ønska utskifting av materialet, då den moglege nordiske høvdingen som ein gong bar sverdet ønska eit gyllent metall som gull eller sølv som ei rein statusmarkering. Personleg syns eg det sistnemnde gjev mest mening.

Jensen, Jørgensen og Hansen (2003: 312) viser til arbeidet til Carnap-Bornheim og Ilkjær, i tillegg til antropologiske perspektiv samt det arkeologiske materialet, og viser på bakgrunn av dette ei liste som viser tre kvalitative samansetningar av utstyr i våpenfunna:

- Nivå 1 har truleg vore høgare kommandørar, høvdingar eller leiarar med sverd, skjold, belte, beslag og seleutstyr der delar av utstyret har vore praktutstyr forgylt med edle metall som gull eller sølv (jf. praktsverdet frå førre avsnitt)
- Nivå 2 har truleg vore offiserar med sverd, skjold, utstyr og seleutstyr laga hovudsakleg av bronse.
- Nivå 3 har truleg vore ordinære soldatar/infanteri med alminnelege våpen (som størsteparten av grav- og myrfunna består av), der mesteparten er beslaglagd av jarn.


Ikkje berre kan dette syne ein hierarkisk militær struktur i jarnalderhærane, det kan også vitne om lokale krav til utforming, som igjen kanskje kan vere basert på prestisje, statusmarkering eller moglegens tilgang til ein viss type råstoff som kunne nyttast i denne samanhengen (jf. Figur 7 for døme på skjoldbuler av forskjellege typar metall)



Figur 7. Skjoldbuler av forskjellig materiale (t.v. sølv, midten bronse, t.h. jarn), som kan representere den føreslårte inndelinga av ein jarnalderhær. (eigne foto)

Sverd og skjold hører som regel saman, og i militære samanhengar har skjold vore ein viktig del av krigarutstyret. Dette gjeld også for krigsbytteofringane i Illerup Ådal, der det er funne fem skjold som har vore beslått med sølvbelag, tilhøyrande bronsebuler og tre tilsvarende av jarn, saman med nærmere 30 skjold med bronsebeslag. I tillegg er det funne meir enn 300 skjoldbeslag av jarn (Ilkjær, 2000: 100). Funna av skjold og dei komponentane som hører til kan tyde på ei hierarkisk lagdeling, som nemnd i førre avsnitt om praktsverdet og mogleg inndeling (s. 75-6). Ilkjær (*ibid.*) meiner at skjoldmaterialet frå Illerup funnstad A garantert kan tyde på ei lagdeling, og det er ikkje vanskeleg å forstå kvifor han meiner det. Han skildrar dei få “eksklusive” skjolda som vart funne, og det at det er funne så få “praktskjold” versus vanlege skjold, bygg opp under Ilkjær sin argumentasjon. På eit av skjoldhandtaka frå Illerup kan vi til og med lese namnet på personen som ein gong i tida moglegens bar skjoldet; WAGNIJO¹⁰. Illerupskjolda var sett saman av mellom 5-8 bord og dei var sirkelrunde, mange har også vore måla i sterke fargar (dette veit vi fordi det er funne restar av fargestoff, eit av Illerupskjolda har til dømes vore raudt (jf. Figur 8). På kanten var det eit

Figur 8. Rekonstruksjon av skjold – med bitar funne i Illerup Ådal (eige foto).



¹⁰ Ei anna moglegheit er at dette var namnet på produsenten.

tynt beslag av metall, anten vanleg eller edelt, og i midten var det ei utskjering til eit handtak. Denne utskjeringa, og dermed handtaket som personen nytta, var beskytta av ei skjoldbule laga av ein type metall, til dømes bronse. Skjoldbulene frå Illerup er øydelagde i større eller mindre grad, men dei kan vere med på å tydeleggjere laginndelinga, då dette er reflektert i kor mange skjoldbuler som er funne og kva metalltypar dei er laga av.


I tillegg til at skjolda kan hjelpe til med å forstå laginndeling og dei hierarkiske strukturane i jarnalderhærane, er dei også ei uvurderleg kjelde til absolutt datering av Illerupfunna. Sjølv om det allereie tidleg i utgravingsprosessen var klart at det måtte vere snakk om fleire ofringar, har ein ved å nytte dendrokronologiske undersøkingar frå delar av skjoldbord av eik frå funnstad A klart å snevre inn tidsramma for ofringane: Treet som har vore nytta som materiale til skjolda frå Illerup funnstad A må ha vore kappa mellom 164 og 205 e.Kr. (Ilkjær, 2003: 50). Ilkjær (2000: 48) gjev i sitt eige verk meir presise årstal for akkurat den absolute dateringa, og meiner på bakgrunn av undersøkingane at eitt tre vart felt i år 187 e.Kr., og at eit anna skjold må ha vore reparert ein gong etter 205 e.Kr. Tidsspenna som er diskutert her stemmer overeins med dei eldste ofringane frå Illerup funnstad A. I tillegg er det vel verdt å merke seg at romerske monument ofte kan diskuterast i samband med danske myrfunn; det er nemleg fleire likskapar mellom noko av det vi kan sjå avbilda på relief på romerske monument og mykje av det våpenutstyret som er funne i nordeuropeiske myrer. Eit godt døme på dette er keisar Septimius Severus (r. 193-211) si triumfboge, som stod ferdig i hjartet av imperiet, Forum Romanum, i år 203 e.Kr. Dette, som nemnd tidlegare, er omrent samtidig med då dei eldste ofringane frå Illerup funnstad A vart deponert i innsjøen.

På reliefa på Septimius Severus si triumfboge finn ein også avbildingar av fleire forskjellege våpendelar. Fleire avbildingar av desse våpendelane stemmer overeins med sverd og sverdkjedar frå Illerupfunnet, og mange av dei andre avbildene våpendelane er funne i samband med andre myrfunn (Ilkjær, 2000: 48-49). Eit anna romersk monument som må nemnast i denne samanhengen er Marcus Aurelius (r. 161-180) si søyle, som vart røyst i Roma kring 180 e.Kr. Av dei mange avbildingane og reliefa på søyla kan ein sjå mange forskjellege våpentypar og mykje forskjellig utstyr, som skriv seg til siste halvdel av 100-talet e.Kr. Reliefa på søyla til Marcus Aurelius tek hovudsakleg føre seg Markomannerkrigane, og mykje av våpenutstyret ein ser på avbildingane er frå den tidsperioden, som igjen er funne i myrfunn, blant anna Vimose (Jensen, 2003: 224-39). Sidan der er store likskapstrekk til mykje av funnmaterialet frå danske myrer er det med på å understreke viktigheita av å ikkje sjå på den romerske og den nord-europeiske verda som skild i stor grad, noko som jo er lett å gjere

når ein ser for seg krig og konflikt mellom romarar og dei nordlege barbarane som var deira nærmeste naboar.

Som tidlegare nemnd vart det ikkje funne leivningar av menneske i Illerup, men det vart gjort funn av knoklar som stamma frå hestar; kranium og lårbein av hest er lett gjenjennelege (Hansen, 2003: 89). Dei fragmenterte knoklane, sjølve funnstadane og forma på stikkskadane i knoklane indikerer at hestane vart ofra på same måte og på same tid som våpen og anna utstyr. Basert på utgravingane frå funnstad A er det funne kring eitt dusin sett med hesteutstyr; dette kan forsiktig antyde ein hær på kring 1000 mann, der kanskje 25 var ryttarar (Ilkjær, 2000: 102). Vidare er Ilkjær si tolking av situasjonen at det ikkje er noko tilfeldigheit at hestane vart ofra samtidig som dei andre gjenstandane, då kavaleriet spelte ei viktig rolle i romersk jarnalder. Eit stort problem i samanheng med hesteutstyret (som med mykje av det andre materialet frå Illerup) har vore myra sitt basiske miljø; noko som har ført til at lær har gått i oppløysing. Trass dette er det gjort eineståande funn av det overlevande materialet, og forskrarar har på bakgrunn av dette klart å rekonstruere det komplette hesteutstyret frå perioden.

I tillegg til biletet av eit rekonstruert, komplett sett med hesteutstyr, har vi ei anna, tidlegare nemnd, omtrentleg samtidig kjelde som kan vere med å kaste ljós over dåtidas hesteutstyr: romerske skulpturelle overleveringar på triumf- og gravmonument (Ilkjær, 2000: 108). Ved å samanlikne rekonstruksjonen med det ein ser på romerske avbildingar ser ein med ein gong likskapstrekka. I Illerup funnstad A vart det funne både beksel, taumar, hovud- og salutstyr, samt anna personleg utstyr som mange trur kan koplast til reparasjon og vedlikehald av utstyret til hestane (*ibid.* 117). Dette vart funne saman med eit sett med rikt hesteutstyr, og sidan mykje av hesteutstyret er slått med edle metall og dermed trengde vedlikehald og eventuelle reparasjonar, er det stor konsensus om at det spesifikke personlege verktøyet var til dette føremålet. I tillegg, når rikt hesteutstyr er nemnd, kan ein understreke at også hesteutstyret kan vere med på å skape eit inntrykk av lagdeling, og med det ein militær (og sosial) hierarkisk struktur. Dermed får ein eit visst inntrykk over kor viktig den bestanddelen av kavaleri faktisk har vore i jarnalderhæren, då dette utstyret også har vore ofra og med det deponert i innsjøen. Avslutningsvis i denne samanhengen må det nemnast at den betydeleg mengda hesteutstyr,



Figur 9. Rekonstruert grime til hest (eige foto)

ikkje berre frå Illerup A, men også Vimose, Ejsbøl og Thorsbjerg, er med på å forsterke biletet av at kavaleriet var ein viktig og stadig meir innarbeidd del av jarnalderhæren (Jensen og Kveiborg, 2021: 222-25).

Metallverktøy som er funne i Illerup Ådal er interessante, og kan ha samanheng med ei av dei nemnde innskriftene på eit av skjolda: *Wagnijo* (og dei andre formene for innskrifter og/eller runer på det deponerte utstyret):

“Det er funnet en fil, en dor og en loddebolt (!) like ved det rike hesteutstyret og pungen med de 70 denarene, Filen er utstyrt med fine riller og er dermed et verktøy til å bearbeide bronse, sølv og gull med. Det same gjelder doren og loddebolten. Her har vi altså et sett med gullsmedverktøy. ... Det suppleres av en perletrådfil, et naglejern, små hammere, ambolter og bryne, nok til å kunne utføre reparasjoner underveis og antakelig også nok utstyr til et hjemlig verksted. Med dette utstyret kunne man lage de fleste av de beslagene som vi kjenner fra Illerup A.” (Ilkjær, 2000: 117-18).

Slike små funn, som for mange kan stå fram som ubetydeleg, kan i realiteten vere ei gullgruve. Mykje av utstyret forklarer seg sjølv i samband med arbeid og reparasjonar, men Ilkjær (ibid., 118) hevdar at blant anna loddebolten er overraskande moderne, og at det i tillegg er den eldste vi kjenner til frå Nord-Europa. Den nemnde perletrådsfila kjennast ikkje frå andre arkeologiske funn, men den er skildra av mellomaldermunken Theofilius, som har gjort at forskarar har gjort forsøk på å rekonstruere den. Metallverktøya har hatt ei viktig rolle i jarnalderhierarkiet, dette er tydeleg ut frå det faktum at det ofte er funne saman med anna rikt utstyr. Ilkjær (ibid., 120) hevder blant anna at det kan tyde på at handverkarane var knytt til eliten, og at dei i dette tilfellet har vore ansett hjå Nithijo, Wagnijo eller Laguthewa, namn som er trekt fram basert på tolkingar frå diverse funngjenstandar frå Illerupfunnet. (sjå Jensen, 2017: 73) Vidare hevdar Ilkjær at ein også kan spore ein eigen “overregional” handverkarstand, som kan ha tent overklassa med sine faglege og teknologiske kunnskap. Eg meiner at Ilkjær absolutt har eit godt poeng, då dyktige handverkarar kan ha vore i ein sær god posisjon når det kom til det sosiale og militære hierarkiet, og at fleire kan ha tent godt på å utnytte kor viktig heimleg prestisje var i lokale og regionale samfunn med mykje innbyrdes konkurranse om makt, ære og sosial status.

Romerske myntar og verdigjenstandar har vore nemnd fleire gongar så langt, men dei er eit viktig element av det totale funnet frå Illerup Ådal. Ilkjær (2000: 122) skildrar at ein enkelt pung har innehaldt så mange som 70 romerske myntar, nokre eit tjuetal, medan over halvparten av pungane innehaldt berre éin enkel eller to. Noko som er fascinerande er for det

første at det er funne andre former for verdigenstandar saman med myntane (som blant anna glasperler, små bitar av gull og amulettar), og for det andre at dei største samlingane av myntar vart funne saman med eit unikt og eineståande fragment av eit praktblete, som har hatt beslag av gullbelagd sølv. Dette kan godt indikere at pengane og verdisakene høyrde til ein leiar, eller i alle fall ein person frå dei øvste laga i hæren som mista utstyret sitt til djupet i Illerupdalen, som nemnd. Det oppstår mange spørsmål i samband med slike spesielle og samansette funn, men eit fātal lēt seg svara tilfredsstillande på.

Eit tilleggsmoment her er at fordelinga av myntar, nemnd øvst i førre avsnitt, har ei interessant fordeling. Ilkjær (2000: 122) meiner at det ikkje har vore vanleg å tru at det var myntar i omlaup så tidleg som 200 e.Kr., då dei første deponeringane gjekk føre seg i Illerup Ådal, men i og med at romerske myntar har vore funne saman med andre former for verdigenstandar kan dette vere ein indikator på at “avklippede gullstykker, perler og skrotmetall kunne brukes som verdigenstandar saman med de romerske myntene”. Kanskje har myntar hatt mykje meir å seie i Nord-Europa enn det som tidlegare har vore trudd.

Verdigjenstandar, og særleg romerske myntar, er viktig arkeologisk materiale som er ein klar indikator på at eit omfattande, intens og kanskje også symbiotisk forhold vaks fram mellom Romarriket og Nord-Europa gjennom fire hundreår. Keisar Augustus let blant anna forevige i ei overlevande innskrift at

“Min flåte seilte over verdenshavet frå munningen av Rhinen mot morgensolens region og helt til kimbrernes område, hvor ingen romer hadde kommet frem, verken til lands eller til vanns før dette tidspunktet. Og kimbrerne, harudene, semnonene og andre germanske folk fra det samme området sökte mitt og det romerske folkets vennskap gjennom sendebud.” (Aug. Res. 26).

Vi har i dag dessverre ikkje noko informasjon om denne ekspedisjonen, men Birger Storgaard (2003: 106) legg fram at passasjen frå *Monumentum Ancyranum* er av eineståande betyding. Årsaka til dette er at det er eit tydeleg bevis på at ei romersk flåte bevega seg nordover i år 5 e.Kr., og nådde Jylland i dagens Danmark – kor langt dei kom seg har vi dessverre ikkje noko informasjon om. Av sitatet frå Augustus sin sjølvbiografi kan vi ane interessa romarane hadde for sine nordlege naboor, og om vi skal tru keisaren var det første møtet med befolkninga

ein suksess¹¹. Her kjem denarar inn i biletet, då arkeologi både i Skandinavia og Nord-Tyskland kan vitne om ei auka romersk interesse (ibid., 106-107).

Storgaard (2003: 109) skildrar det gjensidige og aukande kjennskapen mellom romarar og germanarar, både i form av auka kunnskap om *barbaricum* frå romerske forfattarar si side (Grane, 2003), den stadig aukande mengda romersk varer (som igjen påverka aristokratiet sin posisjon, i form av økonomiske og materielle gode), samt den romerske innflytelsen på det leiande sjiktet i samfunnet (intellektuell og mental import¹²). Ifølgje Storgaard er også krigsbytteofringane kopiert etter romersk modell, men medan nord-europeiske stammar i dei jyllandske områda ofra krigsbytte i heilage myrer og innsjørar, hadde romarane sine sigersseremoniar og triumftog. Det arkeologiske materialet i Nord-Europa er eit teikn på vedvarande kontakt, handel og import, og det gjev absolutt mening at ceremoniane var kopierte etter romersk mønster, men at dei var tilpassa stamma si verds- og religiøse sfære. Samstundes kan det hevdast at talet på funn attesterer konfliktfylte periodar – det aukande talet på krigsbytteofringar speglar eit meir uroleg samfunn, der tendensen til lokal og regional krigføring var aukande.

3.2 Kva sei antikke kjelder om myrofringar? Analyse og diskusjon

Eit knippe skriftlege kjelder frå antikken tek føre seg og skildrar ofringar i samband med konflikt og siger. Cæsar skildrar blant anna at galliske krigarar stabla opp fiendtleg utstyr i massive haugar som ingen fekk lov til å røre, Orosius skildrar skikkane til dei sigrande Kimbrarane og Teutonarane då dei skapte kaos på det europeiske kontinentet kring 100 f.Kr., og Tacitus gir oss også eit lite innblikk i ofringspraksisar i sine *Annaler* (jf. Kapittel 2.4) Dei komande avsnitta tek føre seg å skildre og diskutere kva dei antikke forfattarane har skrive om forskjellige typar ofringar som skjedde i møtet mellom romarar og nordlege stammar og konføderasjonar. Det er naudsynt å danne ei oversikt over kva dei litterære kjeldene fortel oss om denne typen våpenofringar, då dette er ein sentral del av grunnlaget for teoriar og moderne forsking kring våpenofringar og myrfunn. Dette er tema for neste delkapittel (kapittel 3.3)

¹¹ Andreassen (2020: 9) understrekar at “Det er et selportrett av statsmannen og hans bragder slik han selv ønsket å presentere det.”.

¹² Noko som diverre ikkje gjev særleg stort utslag i det arkeologiske materialet. Ein kan derimot argumentere for at det er knytt opp mot importen av luksusvarer, som t.d. statuar av romersk opphav, samt utviklinga av runer etter latin (Storgaard, 2003: 109)

3.2.1 Orosius

Først og fremst er det nødvendig med litt kontekst om kven Orosius var, og litt om livet og forfattarskapen hans. Mykje har gått tapt til historia sitt omfattande mørke når det gjeld Orosius. Berre namnet hans i seg sjølv er uklart og omdiskutert (sjå blant andre Vilella, 2000: 94-121 for diskusjon), men det er i dag relativt stor einsemd om at namnet hans kan ha vore Paulus Orosius. Jordanes refererer blant anna til “Orosius Paulus” (Jord. *Get.* 9), Augustin (kring 400 e.Kr.), samt den visigotiske biskopen Braulio av Saragossa på 600-talet e.Kr., viser begge to til forfattaren som Orosius. Trass diskusjonane er det i alle fall i dag einsemd om at han har heitt Orosius, og forfattaren kjem til å bli omtala med dette namnet gjennom denne teksten.

Det rår også stor usemje og usikkerheit kring kva tid Orosius vart fødd, samt kvar han dette fann stad i verda. Første gong namnet Orosius entrar det historiske søkelyset er i eit anbefalingsbrev skrive av Augustin til Hieronymus i 415 e.Kr (Fear, 2010: 1-2). Orosius var prest. Det, i tillegg til at han er nemnd i eit brev av ein aktør som Augustin gjer at vi kanskje kan gå ut frå at han var kring 30 år gammal. Dette plasserer fødeåret hans ein stad mellom år 380-390 e.Kr. Vidare er det stor konsensus om at han var fødd ein eller annan stad i Spania. Dette har støtte i to faktorar. For det første blir Orosius blant anna omtala som “presten Orosius, av spansk opphav” av Gennadius, samt at Fructosus av Braga skildrar Orosius som eit svært veltalande og lerd produkt av Galicia. For det andre kjem det også fram av Orosius sitt eige verk at han er stolt av området når det kjem til den numantianske motstanden mot Roma i 133 f.Kr., samt at forfattaren meiner Spania har gjeve Roma og det romerske riket gode keisarar, som blant andre Trajan og Theodosius (Oro. *Hist.* 7.34.1). I tillegg har forfattaren eit svært godt øye for Spania, særleg ved at han skildrar eit spansk fyr lokalisert ved byen Corunna (Oro. *Hist.* 1.2.71), samt at han omtalar byen Tarragona som “vår by Tarragona” (Oro. *Hist.* 7.22.8). Samanlagd gjer dette at forskarar og akademikarar hevdar med stor tryggleik at Orosius var frå Spania, samt at somme hevdar at dei varme orda om byen Tarragona kan implisere at det var staden der han var fødd eller budde i sine formative år.

Om fødestaden- og året til Orosius er kryptisk og mystisk, er det seinare stadiet av livet hans og kva tid han døydde enda vanskelegare å få grep om. Etter å ha opphalde seg i Kartago i Afrika ei kort periode kring år 416, sette han kursen mot Spania, som på dette tidspunktet opplevde kaotiske tilstandar som følgje av fiendtlege invasjonar. Han kom seg til Menorca,

men måtte snu og sette kursen mot Afrika igjen (Fear, 2010: 5). Dette er siste gongen vi får høre noko om Orosius, anna enn dei interne bevisa om at verket hans *Historiae adversum Paganos* vart forfatta innan 418 e.Kr. Om han levde lenger etter dette, og eventuelt kva tid og korleis han døydde, har vi diverre ingen informasjon om.

Orosius sitt mest kjende verk, og det viktigaste i denne samanhengen, er hans nemnde *Historiae adversum Paganos* (Seven Books of History against the Pagans). Verket består av totalt sju bøker, og har form som ei kronike med eit kronologisk oppsett. Verket byrjar med ein geografisk skildring av verda, der informasjonen truleg er henta frå kart. Dette er mest sannsynleg gjort for å enkelt og greitt gje lesaren kontekst, samt etablere eit legitimt og overbevisande grunnlag for verket. Det kan også argumenterast for at verket startar på denne måten fordi forfattaren følgde dei uoffisielle standardkonvensjonane for antikk historieskriving (sjå blant anna Cicero, *On the Orator*, 2.62-64). Det siste store momentet i verket er dødsfallet til den gotiske kongen Vallia i 418 e.Kr. (Oro. *Hist.* 7.43.10), som heng saman med det faktum at verket truleg er forfatta like før eller kring 418 (jf. førra avsnitt).

I og med at verket er eit forteljande narrativ, heller enn ei lang og utbrodert liste over militære flause og katastrofar, er den unik for si tid samt for oss som kjeldemateriale. Med det må det nemnast at Orosius var prest, og han utarbeidde verket med ein agenda – det er eit historisk verk som forsøker å syne verda frå eit kristent perspektiv. Orosius meinte at tidlegare heidenske historikarar ikkje var klar over dei underliggende beskjedane som historia bar med seg: Gud hadde ein plan for jorda, samt at kristendommen sin ankomst skulle føre til forbetring i menneska sine liv (Fear, 2010: 8). Orosius ville difor rette opp i tidlegare feil ved å skrive sitt eige konsise verk, som var basert på rette, kristne premiss. For moderne historikarar er det sjølvsagt at ei slik historietolking basert på religiøse og ideologiske perspektiv kan føre med seg fare og raude flagg, noko ein må vere ekstra oppmerksam på i arbeidet med *Historiae adversum Paganos* – Orosius ønska å motbevise dei heidenske intellektuelle som meinte at kristendommen var noko negativt (Oro. *Hist.* 7.43.16).

Mesteparten av kjeldematerialet Orosius has basert seg på er eit standard utval for seinantikkens forfattarar. Dette kan implisere to ting; for det første kan det tyde på at Orosius ikkje gjorde så mykje sjølvstendig arbeid i forkant av å forfatte verket sitt. For det andre kan det vere med på å bevise at Orosius sine *Historier* vart forfatta med ein smule hastverk. Som nemnd vart verket ferdigstilt ein stad kring 418 e.Kr., og i verket ser ein døme på både misforståingar og forskjellege bortfall i redigeringsa (Fear, 2010: 7). Lagt saman kan dette

indikere at verket vart utarbeidd relativt hurtig. Hovudkjeldene nytta av Orosius for å skildre den romerske republikken er hovudsakleg den romerske historikaren Livius som levde like før år 0, historikaren Florus frå kring 100 e.Kr., og historikaren Eutropius frå kring 300 e.Kr. Desse historikarane og forfattarane utgjorde hovudgrunnlaget for Orosius sine skildringar om Romas første epokar.

I skildringane av keisartida blir Eutropius ein viktigare og viktigare kjelde, saman med eit såkalla verk som gjekk under namnet *History of the Emperors*, frå 300-talet. Dette verket er tapt for oss i dag (Fear, 2010: 15). Orosius ser også ut til å ha hatt kjennskap til andre kjende skribentar frå antikken, som blant andre Cæsar, Tacitus, Suetonius og Sallust – nokre av desse er også framtredande i denne oppgåva. Eit kjenneteikn ved det relativt magre utvalet av kjelder nytta av Orosius viser også tyde på eit gjennomtenkt trekk frå Orosius si side: Forfattaren var svært selektiv. Dette kan forklarast med at han berre nytta dei kjeldene han såg for seg kunne gjere verket hans meir slagkraftig, samt at han valde ut eksakte forfattarar og eksakte passasjer som referansar for å danne eit solid grunnlag for sin eigen argumentasjon.

Orosius sitt verk *Historiae adversum Paganos* er omfattande, men det viktigaste i kontekst av denne oppgåva finn vi i femte bok. I kapittel 5.16, i år 642 *Ab Urbe Condita* (frå grunnlegginga av byen, eit vanleg kronologisk startpunkt for romersk historieskriving), fortel Orosius at konsul Gaius Manlius og prokonsul Quintus Caepio vart sendt ut for å stoppe ein invaderande fiendtleg styrke, leidd av kimbrarane og teutonarane, stammar frå det nordlege Europa. Desse styrkane, som bestod av både galliske og germanske stammar, konspirerte for å bryte ned og øydeleggje Roma sitt styre, ifølgje Orosius (*Hist.* 5.16.1). Det enda med tap på romersk side, og med totalt 120 000 døde (*Hist.* 5.16.3). Etter slaget skildrar Orosius kva dei invaderande gjorde med utstyret til romarane dei hadde sigra over;

“**5.** After capturing the two Roman camps and a vast amount of booty, the enemy destroyed everything that they had laid their hands on in some new, unexpected form of curse. **6.** Clothing was ripped up and discarded, gold and silver thrown into the river, the men’s armour was torn apart, the horses’ harness scattered and the horses themselves drowned in the river, while the men had nooses tied around their necks and were hanged from trees. In this way the victor knew no booty nor the vanquished any mercy.” (Orosius, 5.16.5-7, i Fear, 2010: 235).

Tacitus (*Germ.* 37) fortel i *Germania* at kimbrarane og teutonarane stamma frå dei nordlegaste delane av Europa, grovt rekna dagens Nord-Jylland og dei kringliggende områda. Ifølgje historikar Stephen P. Kershaw (2019: 177) er den direkte årsaka til dei væpna

vandringane sørover i Europa grunna overbefolkning og verknadar av klimaendringar; endringar i sjønivået kan ha vore ein faktor som tvang stammene til å flytte på seg. Den antikke geografen og forfattaren Strabon (*Geo.* 7.2.2) meinte at samtidige forfattarar såg på endringane som meir katastrofale og kataklysmiske enn det det dei faktisk var, og at historiene ofte hadde utgangspunkt i spekulasjonar kring Platon si forteljing om Atlantis.

Måten Orosius skildrar våpenofringane i etterkant av slaget mot dei romerske styrkane minner med ein gong om Illerupfunnet og også andre store nordeuropeiske myrfunn. Om ikkje alt, så vart mesteparten øydelagd, og Orosius skildrar det i samband med ei forbanning. Klede vart rive opp og kasta, gull og sølv vart kasta i elvar, rustningar og utstyr vart rive frå kvarandre og øydelagd, hesteutstyr øydelagd og hestane vart drepne og drukna i elvar og vatn (*Oro. Hist.* 5.16.6). I tillegg skildrar Orosius at menn vart hengt frå tre. Det einaste som manglar frå Illerup er funn av menneskelege leivningar, samt at der ikkje vart funne delar av eller komplett rustning (noko som er oppdaga i andre myrfunn, sjå Larsen, 2007). Elles minner Orosius si skildring svært mykje om Illerupfunnet, og dette kan vise teikn på kontinuitet. Kimbrarane og Teutonarane herja sørover i Europa kring 100 f.Kr., medan dei eldste ofringane frå Illerup er frå kring 200 e.Kr., og det finst andre ofringar som er eldre enn Illerup Ådal. Det at skildringa stemmer såpass godt overeins med arkeologisk materiale som er nedsett fleire hundre år seinare er ein solid indikator på kontinuitet av skikkar og ritual innan den nordeuropeiske krigarkulturen, samt at ofringane etterkvart auka i omfang.

Det må også påpeikast at tidsrekninga til Orosius til tider er feil. Forfattaren nyttar som nemnd *Ab urbe Condita* (AUC) som tidsrekning, men ifølgje Fear (2010: 235) er kronologien i til dømes samanstøyten mellom romarane på den eine sida og kimbrarane og teutonarane på den andre, feil med 7 år – frammarsjen fann stad i 640 AUC (105 f.Kr.). Dette heng truleg saman med det at Orosius ønska å underbygge sin eigen argumentasjon og at store hendingar skulle kunne forklarast i ljós av kristendommen – då han meinte at Roma var ein vital del av Gud sin plan for menneskeheita. Dette kjem blant anna fram av Orosius si skildring av Kristi fødsel og Augustus sitt styre: *Pax Romana*, den romerske fred, var i røynda *Pax Divina* (den heilage fred) (ibid., 20). Dette skuldast truleg sjangeren, då forvridd og unøyaktig hendingsforløp er eit tilbakevendande tema i romersk historieskriving, noko som også kom fram i kjeldediskusjonen i delen om Teutoburgerskogen.

Eit synleg hovudtrekk gjennom Orosius sitt verk er at historia sin gang viser Gud sin plan for verda og menneskeheita, og det faktum at Orosius har vore selektiv i sitt val av kjelder

og kjeldemateriale kan vere med på å forklare perspektivet han forsøkte å fremje – klare kristne premiss. Det er paradoksalt at hendingar som kan hevdast å vere dårleg for romarane er via så mykje merksemd: Plyndringa av Roma by i 410 e.Kr., er til dømes forklart som ei styrkande hending, då dette gjorde det romerske folket sterkare, heidenske til truande kristne samt at det spreidde den kristne trua vidare, som til slutt skulle munne ut i at alle verdas folk (særleg utanforståande barbarar) skulle samlast under Roma og kristendommen (Orosius, *Hist.* 7.41.8).

Setninga *guds vegar er uranskelege* er noko Orosius viser til i sitt verk, og det er noko ein må ta omsyn til om ein skal nyte verket hans i forskingsarbeid. Samstundes er ikkje ei direkte litterær analyse av heile verket hans det viktigaste i denne omgang, då det er Orosius si skildring av fiendtlege ritual i samband med siger som er av interesse – sjølv om ein kort diskusjon av det totale inntrykket er viktig med tanke på det grunnleggande kjeldekritiske aspektet. Skildringa hans av våpenofringane utført av kimbrarane og teutonarane er ei av relativt få skildringar av dette fenomenet vi har, dermed er det ei viktig kjelde å inkludere.

3.3 Tidlegare teoriar og tolkingar kring nord-europeiske myrfunn (historisk bakgrunn)

Av gjennomgangen av Illerupfunnet (kapittel 3.1) er det ganske tydeleg at det er mange verdifulle objekt som er funne i Illerup Ådal og mange av dei nord-europeiske myrene. Det er interessant å spørje seg kvifor nettopp desse objekta har blitt øydelagt i forskjellegrad, pakka saman i buntar med andre objekt, for så å bli deponert i det mange mistenkjer har vore ein slags heilag offerstad i romersk jarnalder: Sjølv om dette skjedde i fleire tilfelle i Illerup Ådal, er det ikkje dermed sagt at det er sameleis i samband med andre myrfunn. Det er store variasjonar frå forskjellege stadar og forskjellege funn – og nokre funn er også brent. Var offerstadane heilage for stammane i nærlieken, var det samlingspunkt eller kan det vere snakk om noko heilt anna? Spørsmåla er mange, og fleire har tidlegare ytra forskjellege tolkingar og teoriar i samband med deponeringane, oppdagingane og utgravingane av myrfunna. Grunna dei mange forskjellege fremma tolkingane og alle spørsmåla myrfunn omfattar, er det nødvendig med ein gjennomgang før vidare diskusjon.

Mange tidlege oppdaginger skjedde tilfeldig, i samband med graving av torv. Ei tidleg beretning er angjeveleg frå 1512, og også gjennom størsteparten av 1700-talet seiast det å ha blitt gjort diverse småfunn over delar av dagens Nord-Europa. Trass dette er det likevel tida frå

kring 1860 som seiast å vere myrfunna si mest betydningsfulle epoke, og gjennom 1900-talet vart nokre av dei mest imponerande myrfunna nokon sinne oppdaga. Mellom 1863 og 1869, då det vart gjennomført store utgravingsprosjekt i samband med funn i Thorsbjerg, Nydam på Sør-Jylland, Vimose og Kragehul, stod adjunkt Conrad Engelhardt for utgravingane, og i denne tidsperioden publisert Engelhardt funna i fire bind (Ilkjær 2000: 16; sjå også Engelhardt, 1869). Ilkjær (*ibid.*) forklarer at dei omfattande og etter dåtidas profesjonelle utgravingar for første gong gav eit ordentleg inntrykk kring karakter, omfang og rikdom av funna. Der og då var dei overvegande teoriane at det naturlegvis må ha dreia seg om gjenstandar knytt opp mot krigarar og krigerske samanhengar. Det at mykje av utstyret var øydelagd førte til enda fleire spørsmål, og funnstadane vart tolka til at det kunne vere snakk om slagmarker, eller göymestadar for øydelagt utstyr som seinare skulle hentast fram av gruppa eller gruppene som eigde utstyret. Engelhardt publiserte sjølv i ein av sine publikasjonar om Thorsbjerg frå 1863 at “*Grunnene til en slik nedleggelse av gjenstander i myr er fortsatt en gåte, og vi må overlate til fremtidige undersøkelser å finne fram til sikrere resultater.*” (Ilkjær, 2000: 16).

I antologien *The Spoils of Victory*, skildrar Ilkjær (2003: 60) i sin gjennomgang mellom forskjellege tolkingar i etterarbeidet av utgravingane, og gjev med det ein historiografisk kontekst. Den første, tydelege tolkingslinja kan trekkast fram av Worsaae og Brøndsted på 1860-talet, som blant anna tolka dei utstrekte geografiske lokasjonane og dei relativt diskré funna, og meinte på bakgrunn av undersøkingane at offerfunna må koplast til einskilde ofringar av ei lokal befolkning i samband med siger over ei utanforståande og invaderande gruppe. Worsaae og Brøndsted sine tolkingar kom samtidig som Engelhardt arbeidde med utgravingane, og Worsaae bygde mykje av argumentasjonen sin på klassiske kjelder frå antikken – særleg Cæsar si beretning om gallarane og deira skikkar i samband med krig og konflikt (Cae. *Gall.* 6.17). Worsaae si tolking av myrfunna som offer til ein krigsgud etter ein siger på slagmarka vart teke godt imot av Engelhardt, som inkluderte dette perspektivet i si publisering av Vimosefunnet (Ilkjær, 2000: 17). Eit seinare forslag, utarbeidd av Jankuhn og hans tolkingar av nye funn frå Thorsbjerg-funnet i tida kring 1936, var at ein heller måtte sjå på myrofringane som mindre kumulative ofringar utført med jamne intervallar. Jahnkuhn si tolking tek dermed høgde for eit tidsmessig aspekt som dei tidlegaste tolkingane ikkje tok høgde for på same vis, samstundes som han meinte det ikkje berre har vore snakk om ofringar i samband med siger over andre (invaderande) grupper, men at ofringane vart utført med jamne mellomrom.

Nyare forsking, då hovudsakleg tolkingar fremma av Lars Jørgensen (Ilkjær, 2003: 60), har også føreslått at det deponerte utstyret kan vere eit resultat av suksessfulle og vellukka offensivar; ei lokal gruppe eller befolkning har ofra utstyret til fienden etter å ha erobra det på fiendtleg territorium (plyndringsbytte). Er det sannsynleg at ei lokal gruppe har teke med seg og transportert store mengder utstyr frå andre, ukjende områder, tilbake til heimtraktene, for så å deponere eller ofre det i det som tidlegare var innsjørar som lokalbefolkninga kanskje såg på som heilag? I samband med denne problemstillinga kjem Lönstrup (1988: 93, i Ilkjær, 2003: 60; 65) på bana og meiner at slik ein teori er mogleg, men usannsynleg, basert på grunnleggande menneskeleg psykologi. Kvifor ta enorme sjansar for eit utval fiendtleg utstyr som likevel skulle ofrast i etterkant? Ein må ta høgde for at denne typen plyndringstokt faktisk er noko som kan ha blitt utført, men Lönstrup meiner at om ein ser føre seg ein hardpressa og krevjande defensiv posisjon, kan ein forstå ofringsaspektet mykje betre enn det Jørgensen foreslår, då med særleg hovudvekt på det psykologiske elementet til den forsvarande gruppa.

I etterkant av oppdaginga av funnet i Illerup Ådal i 1950, fekk eit brått eit nytt stort kjeldegrunnlag som kunne nyttast for å forsøke å belyse tolkingsproblema kring funna og utstyrscopyoneringane. Eit av hovudproblema med dei første tolkingane var at dei tidlege funna ikkje var tilstrekkeleg dokumentert, og grunna manglande dokumentasjon hadde ein ikkje noko moglegheit til å rekonstruere funniletet i dei tidlege utgravningane. Ved hjelp av nye metodiske og systematiske framgangsmåtar kunne funnsituasjonen frå Illerup Ådal gjenskapast på museet, i dei mange bearbeidingsprosessane som var nødvendig både for å ivareta funnmaterialet og for å skaffe seg eit oversiktlege bilete over funnet i sin heilskap. På bakgrunn av dei spektakulære funna frå Illerup, samt eit anna stort funn frå Ejsbøl ved Haderslev, fekk ein nye kunnskap som var nødvendig for å forstå bakgrunnen for myrfunna (Ilkjær, 2000: 18). Forskarar har dermed konkludert med at ein kan skilje mellom to forskjellede deponeringar i Illerup funnstad A i tidsperioden C1b (210-260 e.Kr.), ein tidleg og ein seinare. Her kan det vere verdt å nemne at typologiske samanlikningar av spyd- og lansehovud i hovudfunnet frå Vimose gjer at denne deponeringa kan daterast til tidsrommet mellom dei tidlege og dei seine ofringane i Illerup. I tillegg kan Trinnemose i Nord-Jylland og Illemose i Funen plasserast omtrent samtidig med Illerup A (Ilkjær, 2003: 61). Dette kan vere med på å vise at denne perioden må ha vore intens i form av krigføring og væpna konflikt, samt at denne skikken var utbreidd, då det er gjort fleire myrfunn over eit stort geografisk område, noko som igjen er med på å forsterke inntrykket av eit samfunn i endring.

3.3.1 Ei alternative tolkingsramme

Utgravingssjef Jørgen Ilkjær har gjeve ut fleire verk som omfattar Illerupfunna (både åleine og i samarbeid med andre), og korleis denne dalen som fekk namnet Illerup Ådal med sine særeigne funn, har hjelpt moderne forskrarar i tolkingsarbeidet av desse tause, særeigne oldtidsfunna. Basert på gjennomgangen av funnet (kapittel 3.1), har Ilkjær (2000: 21-23) blant anna hevda at funna frå Illerup viser klart og tydeleg at det moderne Skandinavia ikkje var skild frå resten av Europa på noko som helst vis, tvert imot: Han føreslår hyppig og såleis regelmessig kontakt mellom Romarriket, kontinental-Europa og dei nordlegaste europeiske regionar, og at krigarane som fekk utstyret sitt ofra til myrane i Illerupdalen kan ha hatt opphav frå dei vestlege delane av den skandinaviske halvøy (Carnap-Bornheim og Ilkjær, 1996: 471; Ilkjær, 2000: 144). Ved å undersøke antikke kjelder, som blant andre Cæsar, Tacitus og Orosius, legg Ilkjær dette til grunn for å styrke sin eigen argumentasjon og hans tolking av myrfunna. Lars Morten Fuglevik, arkeolog med kjernekompentanse innan jernalder- og mellomalderarkeologi, har formulert ei alternativ tolkingsramme i ein av sine artiklar, der han først presenterer hovudtrekka i Ilkjær si forklaring av Illerup funnstad A og fokuset på den tekstdrivne analogikonstruksjonen i argumentasjonen hans. På denne måten søker Fuglevik å vise korleis ein kan etablere ei alternativ tolkingsramme (Fuglevik, 2007: 225). I og med at dette er ei ganske kraftig innvending mot den ei solid, etablert tolking av Illerup A, kjem den komande diskusjonen til å ta utgangspunkt i Fuglevik sin artikkkel, samt at andre forfattarar vert trekt inn der det er relevant.

I sin artikkkel diskuterer Fuglevik (2007) fleire relevante moment, ein gjennomgang følgjer her. Først og fremst adresserer forfattaren det faktum at forskinga på krigsbytteofringar tradisjonelt sett har vore sentrert kring typologiske og kronologiske studiar, der gjenstandar og objekt blir undersøkt og forsøkt plassert innanfor ei kronologisk og geografisk ramme. I tillegg er det som regel slik at tolkingane som blir gjort av materialet i stor grad avhenger av samanlikning med antikke kjelder, samt at dei er forankra i den kulturhistorisk tradisjonen (sjå førra avsnitt). Denne argumentasjonen er bygd på Lund Hansen (2003: 86), som legg krigsbytteofringar til grunn for konstruksjon av ein overordna jernalderkronologi, samt seinare forståing av politisk, religiøs og økonomisk utvikling i eldre jernalder. På bakgrunn av dette, og den etablerte tolkingsramma, presentert av Ilkjær og Carnap-Bornheim, problematiserer Fuglevik den etablerte tolkingsramma for Illerup A-funnet. Fuglevik (*ibid.*, 226) problematiserer for det første at teoriane framsett av Ilkjær og Carnap-Bornheim om Illerup A som forteljing om eit “Danmark” og “Noreg” allereie i romersk jernalder. For det andre er

“Illerup-hæren” tolka som ein tredelt militær organisasjon, hevdast å vere representert i norske våpengraver. For det tredje skal denne hierarkiske tredelinga vere konstruert på eit tynt grunnlag av analogiar til to skriftlege romerske kjelder: Tacitus sin *Germania*, og *Rerum Gestarum* av Ammianus Marcellinus, som Fuglevik meiner angår andre forhold og periodar, og at samanlikningsgrunnlaget dermed er for spinkelt.

I si revurdering av tolkingsramma for Illerup funnstad A, baserer Fuglevik (2007: 226) seg hovudsakleg på to overordna problemstillingar: For det første dreier det seg om i kva grad det militære systemet kan relaterast til romerske litterære kjelder og norske gravdata, basert på tolkingar av Illerup A. For det andre dreier det seg om kva slags implikasjonar denne typen revurdering av hæren sin konstruksjon har for tolkinga av den militær-politiske organiseringa i Nord-Europa i første halvdel av yngre romartid, samt det forholdet denne organiseringa kan ha hatt til øvrige europeiske forhold, som den tekstdrivne analogien er uteidd frå. Ifølgje den etablerte modellen skal Ilkjær og Carnap-Bornheim ha knytt den hierarkiske strukturen til funn av edelmetall; av metallgjenstandane frå Illerup er berre 2 % av “dei edlaste” metalla gull eller sølv, 9 % av bronse og til slutt er dei resterande 89 % av jarn (Fuglevik, 2007: 226). Basert på edelmetallet, samt analyse av våpen, skjold og skjoldbeslag, synast konturane av tre nivå; sølv-, bronse- og jarnkrigarar – eller nivå I, II og III. Kvart nivå gjenspeglar dei respektive bestanddelane av edelmetall (jf. s. 76-7).

Den allereie etablerte vurderinga til Carnap-Bornheim og Ilkjær (1996) av norske våpengraver er tydeleg utført på grunnlag av tredelinga i avsnittet ovanfor, som bygg på gjenstandane sin metallverdi samt dei klassiske litterære kjeldene som i større eller mindre grad er inne på tema. Fuglevik (2007) meiner i sin artikkkel at ei revurdering av dei relevante antikke tekstane i relasjon til Illerup A viser tydeleg korleis den etablerte teorien er blitt konstruert på eit relativt tynt grunnlag av analogiar til den romerske litteraturen. Dermed er eit av dei større hovudelementa i hans argumentasjon analyse og revurdering av kjeldene nyttar av Carnap-Bornheim og Ilkjær, då Fuglevik meiner at det ligg føre seg sirkelslutningar innetter i eit lukka system, som ikkje gjev rom for nye, uavhengige tolkingar av Illerupfunna. Kombinert med at den etablerte tolkinga er for vagt formulert, får ein ifølgje Fuglevik (*ibid.*, 227) inntrykk av at den etablerte tolkinga står fram som direkte uangripeleg. Dermed er det nødvendig å gå systematisk til verks med revurderinga av kjeldematerialet: For det første å søke etter feilkjelder gjennom litteraturkritiske analyser, og for det andre vurdere tekstane i både ideologisk og mental kontekst for å forsøke å bryte sirkelen samt etablere nye teoretiske perspektiv.

Mykje av jarnalderforskinga, både dansk og kontinental, er tekstdrive i relativt stor grad, både direkte og indirekte. Med direkte tekstdriven forsking er det snakk om å ta føre seg eit enkelt tema frå historiske tekstar, med andre ord *isolering*, for så å argumentere for at dei gjeve referansane stemmer overeins med menneskelege handlingar eller samfunnssystem som har produsert eit gjeve arkeologisk materiale (Fuglevik, 2007: 227). Den indirekte tekstdrivne forskinga er meir krevjande, då det i dette tilfellet er snakk om bruk av omgrep i gjeve kontekstar. Om ein til dømes tek føre seg “krig”, “hær”, “krigsbytteofringar” og liknande, så er desse omgrepene grunna i skriftlege kjelder og med det epistemologisk vilkårsbunden av ei gjeve fortolking av dei skriftlege kjeldene (*ibid.*, 227): På bakgrunn av desse utfordringane kviler moglege nytolkingar av Illerup A på det å “problematisere historisiteten (om kjelda er historisk påliteleg) i dei antikke skriftlege kjeldene, samt å tydeleggjere tekstane sin tvitydigskap på eit grunnleggande semantisk nivå”. Med utgangspunkt i det Fuglevik legg fram i sin argumentasjon, ser ein kva forfattaren meiner med sirkelslutningar innetter i lukka system, noko som kan gjere det svært krevjande å fremme nye tolkingar. Dette gjer at nordeuropeisk gjenstandsmateriale ikkje må knytast direkte opp mot skriftlege antikke kjelder, og med det litterære framstillingar, for nettopp ved å unngå dette kan ein potensielt finne fram til nye tolkingar og kanskje også nye svar.

Det var med romarane at det først oppstod det vi kan kalle ei etnisk inndeling av dei mange befolkningsgruppene som budde og oppheld seg i dei nordlege områda (Lund, 1978: 29, i Fuglevik, 2007, 228). Trass dette hadde eldre forestillingar om dei nordlege barbarane, som hadde opphav frå greske forfattarar sine verk og deira tankegods, stor innverknad på vidare romersk litteratur (sjå Kapittel 1.1 og 1.2). Mange av dei same litterære verkemidla vart vidareført, og blant andre Eduard Norden (1922: 42-59), hevdar at fleire passasjer og delar i Tacitus sitt verk *Germania* er så å seie direkte kopiert frå Herodotos si *Historie* og pseodus Hippokrates sin *Om luft, vann og steder*: I *Germania* er namn, som til dømes “egyptarar” eller “skytarar”, endra til “germanarar”, og med det hevdar Norden at ein ser ei klar vidareføring av typifiserte vandremotiv av andre folkeslag, *topoi* (sjå blant andre Hedeager, 2001: 35) Sjølv om dette ofte vart nytta av forfattarar i antikken, Kan det gjere ei kjelde problematisk for moderne historikarar, då det svekker kjelda si truverd og gjer det vanskeleg å skilje mellom sanning og fiksjon om ein skal nytte eit verk i samband med nordeuropeiske forhold i antikken, som i denne samanhengen. Denne typen kontrastering er relativt vanleg i antikke verk, då det bygg på eit konsept om *mundus inversus*; eit omvendt verdsbilete. Dette er mest sannsynleg gjort bevisst av forfattaren med eit ønskje om å definere sitt eige folk med å ty til samanlikning

av “oss” og “dei andre”, då *dei andre* helst skal visast i eit mindre flatterande ljós (sjå også s. 19-20).

På bakgrunn av dette viser Fuglevik slutningane trekt av Ilkjær og Carnap-Bornheim (1996: 483) for den tredelte hierarkiske militærstrukturen, på grunnlag av skriftlege romerske kjelder (Tac. *Germ.* 6.2; 14.1-2). Den same skildringa av eit tredelt hierarkisk “germansk” følgje er omtala av Ammianus i hans *Rerum gestarum* (*Hist.* 16.12.23-26), men her kjem problemet med sirkelslutningar klart og tydeleg fram; slutninga mellom funn, tolking og kjeldegrunnlag gjer det vanskeleg, om ikkje praktisk talt umogleg, å tolke materialet i alternative perspektiv. Dei skriftlege kjeldene bekrefstar den hierarkiske tredelinga av materialet og etter metallverdi, og omvendt (Fuglevik, 2017: 229). Om ein skal forsøke å bryte sirkelen, må ein ta føre seg kvar av dei tre bestanddelane, for så å ta føre seg ei kritisk analyse som optimalt skal skje på eigne premiss, uavhengig av dei andre bestanddelane tidlegare tolkingar har basert seg på. Tacitus omtalar i *Germania* (6.2) våpenutstyret til ryttarar (*eques*) og fotfolk (*pedites*), men kategoriserer ikkje desse ytterlegare, noko som etterlet dei funksjonelle einingane opne for individuelle tolkingar. I kapittel 14 (*Germ.*) skildrast forholdet mellom ein høvding (*princeps*) og eit følgje (*comites*), men at fotfolket og følgjet er to forskjellege einingar eller nivå er ikkje klart uttrykt. Dette gjer at det igjen er ope for individuelle tolkingar og teoriar – Fuglevik meiner Ilkjær har lagt for stor vekt på dette i sine tolkingar av Illerup A.

Ammianus sin tekst *Rerum Gestarum* er ein smule annleis enn *Germania* av Tacitus: Det at det er to forskjellege litterære konstruksjonar, påverkar meiningsinnhaldet i kvar av tekstane. Medan *Germania* er ei etnografisk skildring, er Ammianus si krønike ei episk skildring av eit slag som angjeveleg skal ha funne stad i år 357 e.Kr., mellom “alemannarane” og romarar, ved Strasbourg i dagens Frankrike (Rosen, 1970: 123-130; Jenkins, 2017: 10, 239). Fleire meiner at Ammianus har nytta etnografiske vandremotiv, *topoi*, i konstruksjonen av “dei framande” som eit historisk objekt, men det relevante i denne samanhengen er det at Ammianus skildrar to leiarar med nemningar som under seg i den hierarkiske oppbygginga har fem kongar og ti kongesonar (*regales*). Under desse igjen, kjem ei rekke “optimates”, adelege, samt “35 000 væpna” (*armatores*). Her er ikkje einingane sorterte etter funksjon, men etter ei form for sosiale og stiliserte posisjonar i ein gjeve samanheng (Fuglevik, 2017: 229). På bakgrunn av denne korte problematiseringa av dei to litterære kjeldene er det ikkje grunnlag for å hevde at dei skildrar og presenterer tre hierarkiske nivå som kvar for seg er identiske i møtet med dei to kjeldene og funnmaterialet frå Illerup A.

Slik omgrepet er nytta av Tacitus, er det mogleg å klassifisere funksjonseiningane han har nytta i *Germania* under kategorien *armatores*. Det er dermed vanskeleg å sidestille Tacitus sitt generelle høvdingomgrep med gjeve hærførarar, kongar eller kongesonar, og med det nivå I. Vidare kan følgjeomgrepet ikkje stillast saman med fleire “adelege” og på den måten utgjere nivå II. Til slutt kan ikkje “fotfolket”, størsteparten, tilsvara den generelle formuleringa væpna menn eller følgje, noko som ikkje gjev grunnlag for nivå III. Ut frå det forskjellege meiningsinnhaldet og karakteren det medfører, kan ein argumentere for at dei to kjeldene er inkommensurable storleikar, og kan difor ikkje nyttast saman som analoge kjelder til ei hierarkisk tredeling av militær organisasjon (Fuglevik, 2017: 229). Tacitus sin *Germania* presenterer ein lausleg generell struktur beståande av ei ukjend mengd individ som har fått nemninga *germanarar*, utan at det vitast om kvar vi er i tid og rom, som kan føre til forskjellege svar basert på forskjellege meininger og tolkingar. På den andre sida presenterer *Rerum Gestarum* ei historisk vilkårsbunden hending, som inkluderer ei handfull namngjevne aktørar. Fuglevik legg til grunn at dei to organisasjonsformene som kjem fram av tekstane representerer to ulike samfunnsformer, og at sidan kjeldene ikkje skildrar noko reell tredeling, er det “vansklig å argumentere for at det foreligger filologisk belegg for henholdsvis nivå I, II og III.” (ibid., 229).

Fuglevik meiner det ikkje er mogleg å falsifisere tredelingsmodellen gjennom uavhengige, kjeldekritiske vurderingar – her meiner forfattaren at ein kan argumentere for at det ikkje er belegg for denne modellen i dei antikke skriftlege kjeldene (ibid. 229-230). På bakgrunn av dette kan ein argumentere for at denne typen organisering er relativt vanleg i fleire lag av menneskelege organisasjonsformer og sosio-politiske interessesfærer, noko som gjer at denne forklaringa sin relevans reduserast, samt at den forklarande modellen får eit spinklare grunnlag. Det er dermed nødvendig å problematisere den føreslattede og etablerte forståinga for den indre hierarkiske strukturen i hæren om ein skal få til ei revurdering som bryt den nemnde sirkelen. Ved å problematisere forholdet mellom våpenutrustingane og moglege hierarkiske nivå, med dei skriftlege kjeldene vi har tilgjengeleg, opnar det moglegheiter for å knyte materialet opp mot andre referansar. Kanskje er det også mogleg å bryte dei fastslattede sirkelslutningane. Ein vital stad å byrje er å undersøke om kjeldene nytta av blant andre Ilkjær kan knytast til dei nordeuropeiske samfunna som er i hovudfokus. Dette er ein grunnleggande ting å undersøke av ein enkel og openbar grunn; Tekstane er truleg i stor grad ei litterær spegling av det romerske samfunnet (Norden 1922; Lund 1993, i Fuglevik, 2007: 229-230), samt må ein må vere oppmerksam på at tekstane i større eller mindre grad er samansett av

stiliserte vandremotiv, *topoi*, som truleg er gjentekne og kopierte uavhengig av kva eller kven tekstane handla om (jf. tidlegare avsnitt, s. 93).

Eit vidare problematisk moment er hypotesen om at hæren frå Illerup funnstad A har opphav frå den skandinaviske halvøya. Som skildra har Carnap-Bornheim og Ilkjær (1996: 483) utarbeidd tre nivå: jarn-, bronse- og sølvkriigarar (nivå I, II og III; sjå også s. 76; 91), og denne strukturen er for det meste basert på den arkeologiske metallverdien frå funna i Illerup A. Fuglevik (2007: 230) argumenterer for at dette er eit problematisk tilnærming til arkeologisk materiale, då ein “slik empirisk *rangering* av materiale verken er nøytral eller nødvendigvis formålstjenlig, men derimot svært teoretisk og muligens villedende.” Vidare stiller forfattaren spørsmål til den etablerte hypotesen om at kriigarane hadde opphav frå den skandinaviske halvøya. Ved å gjennomgå inventaret i fire norske våpengraver (*Flagghaugen* på Avaldsnes, *Nedre Bø* i Steigen, *Vestad* i Tjølling og ei frå *Jevnaker* i Oppland), meiner Fuglevik (ibid., 233) for det første at store manglar i dei norske gravene gjer at desse tilfella ikkje korrelerer med føresetnadane som er sett for dei ulike nivåa innan den rådande forklaringsmodellen, og for det andre at det er krevjande å forklare den store geografiske avstanden mellom dei inkluderte gravene. Ved å bygge på tidlegare forsking meiner Fuglevik at den etablerte tolkinga impliserer eit organisasjonsnivå på svært høg linje, som såleis må ha inkludert eit maktpolitisk nettverk som det på “norsk” område ikkje kan ha vore grunnlag for før etter vikingtida (Skre, 1996, i Fuglevik, 2007: 233)¹³

Kjeldegrunnlaget for å hevde at det faktisk var ein militær og politisk samfunnsorganisasjon som kan relaterast til ein geografisk storleik som denne i nordskandinavisk jarnalder, er magert. Difor meiner Fuglevik (2007: 233) at ein med kraftig legitimitet kan hevde at Ilkjær si tolking av gravene som representative for den organiseringa som ligg til grunn for hærens mobilisering, manglar tilstrekkeleg grunnlag. Samtidig må ein skilje dei etablerte tolkingskomponentane frå kvarandre, og såleis ta føre seg kritiske, uavhengige analyser av dei litterære kjeldene på si side, og dei arkeologiske analysane på den andre sida. Ved å gå fram på denne måten kan det, ifølgje Fuglevik, vere mogleg å skape grunnlag for å styrke forklaringsmodellen. Om det så er slik som forfattaren meiner, kan det på den eine sida rettast fleire innvendingar mot etablerte tolkingar av funna frå Illerup A (særleg Ilkjær og Carnap-Bornheim sine tolkingar), og på den andre sida problematisere det norske

¹³ Av ein eller annan årsak manglar kjelda “Skre, 1996” i Fuglevik si referanseliste. Truleg er det snakk om denne: Skre, D. (1996) *Herredømmet: bosetting og besittelse på Romerrike 200-1350 e.Kr.* Doktoravhandling. Oslo. Tilgjengeleg frå: <https://www.nb.no/nbsok/nb/6733bc8df43fb474ce4b2986f364c3ff?lang=no#0> (Henta 18/03/2022).

oppavet basert på utvalde norske våpengraver. Eit av dei viktigaste argumenta for eit eventuelt norsk oppav er eit utval av den personlege opprustinga som er funne i Illerup Ådal; fyrtøy og kammar (sjå kapittel 3.1, s. 73). Desse komponentane, som kan proveniansbestemmast til den vestlege delen av den Skandinavia halvøya, skal ifølgje Ilkjær determinere kvar hen hæren er mobilisert frå, men Fuglevik meiner grunnlaget for å hevde dette er svært spinkelt.

Gjennomgang Fuglevik tek føre seg av dei norske gravene og innhaldet i dei i samband med funna frå Illerup A, er av omsyn til plass ikkje inkludert i sin heilskap her. I siste del av artikkelen sin, fremmar derimot Fuglevik si eiga tolking av Illerup A og kvar utstyret kan stamme frå; “auxiliateorien” (Fuglevik, 2007: 233) Forfattaren påstår at etablerte tolkingar er bygd på svake analogiar til litterære kjelder (som nemnd tidlegare), og at inndelinga er for lite nyansert til å gje eit komplett bilet av den militære organisasjonen, samt at det ikkje finst belegg for at metallverdien er direkte overførbar til eit militært hierarki og med det militær rang. Lotte Hedeager (2001: 92; 2002: 254) har i fleire av sine verk påpeika at det i tida då Markomannerkrigane stod på for fullt (kring 166-180 e.Kr.), var det kraftig auke i “germansk” engasjement på både sider av *limes* - og at denne utviklinga ikkje kunne reverserast når den først var i gang. På bakgrunn av dette har Hedeager postulert ein teori om at dei angripande krigarane frå Illerup A kan ha vore soldatar i returnerande einingar på veg nordover, etter å ha utført teneste i den romerske hæren. Fuglevik meiner dette er plausibelt, men at det inneber ei vurdering av dei ulike strukturane som er kopla med infanteri og kavaleri i Illerup A opp mot dei tilsvarende systema i *hjelpetroppesystemet* (auxiliastystemet).

“Ideen om skandinaviske og andre nordeuropeiske aktørers mulige posisjoner i auxiliære styrker støttes av det mange romerske importvarene som forekommer i gravmaterialet”, hevdar Fuglevik (2007: 234), og ved å bygge på tidlegare forsking (blant anna Alföldy, 1986; Albrethsen, 1997) har forfattaren vurdert moglegheita til å trekke ein analogi mellom epigrafiske kjelder som omtalar auxiliastystemet i Germania Inferior og funnmaterialet frå Illerup A: Om ein ser på fulltalige sett med utstyr (rytteri og fotfolk) kan talet kjempande individ stemme overeins med forskjellelege kombinasjonar av auxiliære formasjonar. Frå dette bevegar forfattaren seg over til å vidare problematisere hærens moglege oppav; proveniens. I samband med Illerupfunnet meiner Ilkjær, som nemnd tidlegare, at det truleg kan ha vore opp mot 1000 individ, og at dei kan ha kome frå den vestlege delen av den skandinaviske halvøya. Fuglevik (*ibid.*) legg til grunn at den antekne proveniensen til dei relevante gjenstandane og organiseringa i ein mobilisert hær er eit utruleg komplekst forhold, og at dette ikkje er eintydig: Ifølgje Ilkjær må aktørane frå Illerup A ha blitt mobilisert frå område med graver kor ein finn

tilsvarande utstyr, noko som Fuglevik meiner ikkje kan seiast sikkert nok om Noreg. Derimot hevdar han at det er mogleg å argumentere for at den etablerte proveniensbestemminga til kammane og fyrtøyet finn sin rettmessige plass innan ein forklaringsmodell som plasserer den angripande hæren meir i tilknyting til auxiliasyntemet.

Ikkje alt av det personlege utstyret har opphav frå Skandinavia, men også frå kontinentet. Ilkjær fremmer at dette kan vere ein indikator på leigesoldatar frå andre delar av Sentral-Europa – det eksisterer dermed allereie ei hypotese om leigesoldatar i Ilkjær sin forklaringsmodell, men den er ikkje ilagd like mykje vekt som det Fuglevik gjer i si tolking. Det største problemet her blir då å forklare det samfunnsmessige grunnlaget for ein hær av den storleiken som funnmaterialet frå Illerup A impliserer (Fuglevik, 2007: 235). Det er dermed nødvendig å få etablert eit plausibel maktpolitisk grunnlag som kan forklare tilgangen på menneskelege ressursar og materiell av denne storleiken – samt at ein kan påvise at det eksisterte militære system i den omtala tida som har fungert på bakgrunn av mobilisering frå eit større geografisk område – noko Fuglevik (*ibid.*) hevdar det romerske militære systemet i Germania Inferior var, og at kring halvparten av den ståande styrka bestod av hjelptroppar (auxiliere troppar). Vi veit at det var auka aktivitet på både sidene av *limes* i tida fram mot, under og etter Markomannerkrigane, ei utvikling som Hedeager (2002: 74-82) sporar heilt tilbake til Augustus sitt styre og opprettinga av ei demarkasjonslinje som oppstod i kjølvatnet av slaget i Teutoburgerskogen (Kapittel 2.0). Germanarane fekk i møtet med Roma sjå og oppleve korleis ein profesjonell hær var bygd opp, og korleis den fungerte i praksis. Dette var element som kombinert, med visse modifikasjonar, kunne overførast til dei rette aktørar frå dei germanske stammesamfunna. Fuglevik (*ibid.*) hevdar at den auka aktiviteten kring grensene i ettertid av Markomannerkrigane hadde ein pullfaktor for leigesoldatar med skandinavisk opphav.

Den etablerte empiriske analysen av funnmaterialet frå Illerup A er dermed ikkje lukka for eventuelle tolkingar som materielle nedslag som baserer seg på *hjelptroppar* (auxiliere system). Fuglevik (2007: 235) legg til grunn at den ikkje er inkompatabel, men at ei slik tolking må forståast som ein “alternativ hypotetisk forklaringsmodell, som ulike problemstillingar kan testes mot. Auxiliateoren aksepterer imidlertid ikke de norske våpengravene eller den romerske etnografin som analoge størrelser.”. I og med at dette er tilfellet, meiner forfattaren ein må ty til dei epigrafiske kjeldene som samanlikningsgrunnlag – i samband med tolking av Illerup A og i diskusjon om arkeologisk omgrepssdanning generelt. Den klart største forskjellen mellom tolkinga fremma av Fuglevik og den allereie etablerte tolkinga til Carnap-Bornheim og Ilkjær handlar om den indre inndelinga av krigsorganisasjonen samt kvar hen dei kan ha

hatt opphav frå, og forholdet mellom desse to. Fuglevik (ibid.) meiner at det ikkje er ført gode nok argument for at visse føresetnadar var til stades på den skandinaviske halvøy, føresetnadar som blant anna baserer seg på våpengraver og sikre teikn på ein felles avgjerdssplattform blant lokale, høgtståande aktørar. Det er ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å hevde dette på bakgrunn av den åtakande hæren som eit arkeologisk objekt (Giddens, 1984, i Fuglevik, ibid.)

For å understreke dei fremma poenga peikar forfattaren igjen på auxiliateorien, og at dette knyt objektet opp mot eit romersk sosialt system, med andre ord den romerske hæren. Vi har i dag god kjennskap til fleire aspekt av det romerske militæret, noko som gjev auxiliateorien ein fordel i denne samanhengen. Fuglevik (2007: 235) legg fram at

“Denne militære organisasjonen kan forstås som en sosial praksis med stor utstrekning i både tid og rom og dermed beskrives som en institusjon bundet opp til andre strukturer eller strukturerte egenskaper enn dem som er impliserte i Carnap-Bornheim og Ilkjær teori. Dette betyr på sin side at et annet sett med regler og ressurser har vært tilgjengelig for aktørene, noe som kan bidra til å forklare konsentrasjonen av et stort antall bevæpnede individer i form av Illeruphæren.”

Det romerske systemet hadde kontroll over og moglekeit til å skaffe større mengder ressursar, både materielle og menneskelege, i form av eigne og utanforståande kringliggende aktørar, og i og med at keisaren og leiande romerske menn hadde systemspesifikke former for makt, er storleiksforholdet å betrakte som ein strukturell eigenskap. Fuglevik (2007: 236) understrekar at den personlege utrustninga sin proveniens kan bestå, då leigesoldatane vart rekruttert frå andre områder utanfor *limes*. “De angripende leiesoldatene kjempet som et midlertidig kollektiv utenfor en tradisjonell stammestruktur. Soldatene var dermed ikke å forstå som “germanere” i denne situasjonen, men som romerske soldater.” (ibid.)

3.3.2 [Eit utval] andre tolkingar

Ilkjær er ein av dei sentrale aktørane som har stått i bresjen både for undersøking og fremming av tolkingar basert på Illerupfunnet. Arkeologen har utarbeidd ti heftige verk som handlar om dei forskjellelege bokane av funn, nokon i samarbeid med Carnap-Bornheim (Rundkvist, 2006: 284). Ilkjær har også gjeve ut ei rekke enkeltståande bøker, fleire nytta i denne oppgåva (jf. Illerupfunnet, kapittel 3.1). Fuglevik meiner det må rettast innvendingar mot den etablerte forklaringmodellen, og forsøker å framstille sin eigen alternative tolkingsramme (jf. Ei

alternativ tolkingsramme, kapittel 3.3.1). Eit funn av ein slik dimensjon inneber naturlegvis fleire aktørar og forskjellelege akademikarar, dermed kjem denne komande delen til å føre seg andre teoriar og tolkingar i samband med Illerup Ådal.

Arkeolog Xenia Pauli Jensen er ansett hjå Moesgaard museum, som husar funna frå Illerup Ådal, og har publisert ei rekke artiklar som tek føre seg fleire forskjellelege aspekt av jarnalderen i Nord-Europa. I sin artikkel *A World of Warcraft: Warrior Identities in Roman Iron Age Scandinavia* (2017) diskuterer forfattaren blant anna tidlegare tolkingar av Illerupfunnet, og kjem også med sine eigne teoriar og tankar. Illerup Ådal er som sagt langt frå det einaste kjende store myrfunnet i Nord-Europa, men det er eit av dei mest omfattande. Sjølve konseptet myrofringar er heller ikkje nytt, då det å ofre militært utstyr i myrer og vatn vart utført også i før-romersk jarnalder (kring 500-1 f.Kr.). Det er då for det meste snakk om enkeltståande ofringar; anten eit enkelt våpen eller ein type våpen (Jensen, 2009; Jensen, 2017: 71). Dette endra seg etter kvart, og særleg frå 200-talet e.Kr. får ein myrofringar som til dømes i Illerup Ådal, der både våpen, dyr, militært og personleg utstyr har vorte ofra i mykje større skala (Wells, 2001: 4-6). Jensen understrekar at i tillegg til auka kvahtitet, er det karakteristiske trekke ved større myrofringar frå 200-500 e.Kr. den omfattande øydelegginga av det ofra utstyret (sjå også Ørsnes og Ilkjær, 1993).

Den allereie mykje omtala tolkinga av dei store myrofringane er at det er snakk om ofring frå sigerherrane si side, og at det er utstyret til den overvunne hæren som har vorte ofra i myrar og vatn – ei tolking som har stått sterkt sidan dei første utgravingane på midten av 1800-talet (jf. Conrad Engelhardt og seinare tolkingar, Kapittel 3.3). Eit viktig poeng Jensen (2017: 72) understrekar tidleg i artikkelen er det faktum at fleire offerfunn viser klar romersk påverknad, men også sterke innslag av germansk militær identitet. I Illerup vart det funne i overkant av 200 sverd, der så å seie alle var av romersk opphav (ikkje nødvendigvis frå Italia, sannsynlegvis Gallia), men det er berre sjølve sverdblada som er romerske, grepa er utforma etter ein nord-europeisk stil – eit godt døme er det Ilkjær (2000) omtalar som praktsverdet (sjå figur 10). Jensen (*ibid.*) legg fram at “the military elites flaut their Germanic affiliation with elegant Germanic craftsmanship.” og stiller spørsmål ved den omfattande romerske påverknaden på dei nordgermanske samfunnet i sin heilskap. I ein tidlegare artikkel argumenterer Jensen (2013) for at den varierande grada av romerske våpen og korleis våpena vart brukt, re-designa, forandra og deretter vidareført viser at stammene nord for *limes* hadde ei sterk kjensle av sjølvbetydning og lokal identitet, samt at møta mellom romarane og dei germanske stammene ført til mykje meir enn tankelaus tilpassing av annleis og utanlandske tankar og materiale. Eit anna godt døme på dette er runealfabetet, som mest sannsynleg vaks fram etter mønster av det latinske språket. Ein ser også klare døme på dette i form av keramikk og sporar (Wells, 2001: 119-21; Jensen, 2017: 73).

Figur 10. Praktsverd funne i Illerp Ådal (eige foto)



Dette er døme som viser forskjelleg former for kulturelle møter, og korleis annleise impulsar kan ta fysisk form. Vidare kan ein spørje, er det snakk om indirekte eller direkte former for kontakt mellom romarane i sør og dei germanske stammene i nord? Jensen (2017) knyt i sin artikkel dette spørsmålet om mot militært utstyr, særleg dei romerske sverdblada, og dette gjer ho ved å bygge på antropologisk forsking, samt argument for og i mot (Kopytoff, 1988; Appadurai, 1988; Thomas, 1991): Kulturell adopsjon kan studerast gjennom konsepta “kulturell biografi” eller *tinga sine sosiale liv*, “the social life of things”, som skildrar

livssyklusen til eit individuelt objekt. I denne konteksten nyttast dette antropologiske bakteppet for å sannsynleggjere kva meinung eit romersk sverd kan ha hatt i ein nord-europeisk/skandinavisk kontekst. Jensen (2017: 74-75) legg fram at romerske våpen, som truleg har vore produserte i *fabrica* i større byar og fort langs den romerske grensa, anten kan ha vore med over *limes* av veteranar på veg tilbake til sine opphavsområde, som byte- eller handelsobjekt, som ei form for gåve, eller kanskje det har enda opp som krigsbytte. Ruta kan ha vore direkte, eller gjennom eit eller fleire mellomledd (Jensen, 2017: 75). Ifølgje Rankov (1999) har ideen om eit forbod mot våpenimport på 200- og 300-talet e.Kr. vorte avvist. Dette styrker argumentasjonen om at lovleg og direkte handel er ei plausibel moglegheit.

Jensen (2017: 75) meiner at variasjonen av forskjellelege bruksområde til både romersk militærutstyr og sivilt utstyr – inkludert direkte kopiering, forandring/transformasjon, tilpassing og re-kontekstualisering – tvingar fram eit meir nyansert bilet av dei germanske stammene. Dei var ikkje berre passive spelarar på sidelinja, som tok blindt imot romerske varer og idear, men “... use[d] the foreign artefacts alongside the local material as a conscience visualization of identity, power and leadership.” (ibid., 175). Jensen sitt utgangspunkt for diskusjon er skandinaviske krigaridentitetar i romersk jarnalder, der forfattaren baserer seg på to funn; Vimose, på øya Fyn, og Illerup A, som er eit hovudfokus i denne oppgåva. Basert på arbeidet til Jørgen Ilkjær (1990) presenterast funnet i korte trekk, før Ilkjær si tolking leggast fram: Ein invaderande hær frå dagens Noreg gjekk til åtak på områder i dagens Danmark, og den forsvarande, sigrande hæren ofra åtakarane sitt utstyr i innsjøen i Illerup Ådal. Andre, seinare tolkingar snudde om på forklaringa, då Andrén og Jørgensen (Jørgensen, 2001) la dagens Danmark fram som den offensive aktøren, der eit mogleg mål var å utvide eige territorium, og etter sigrar frakta dei fiendtleg utstyr tilbake og ofra det etter ein romersk modell, der den romerske triumfmarsjen var erstatta av ofring i myrer eller vatn. Fleire andre har både ytra og publisert sine respektive tolkingar, og Jensen (ibid., 78) kategoriserer likskapane mellom tolkingane slik

- Dei er basert på materialet frå Illerup A
- Dei tek utgangspunkt i at offeret består av den fiendtlege hæren sitt utstyr (som forfattaren kommenterer er ein problematisk påstand, men at det krev ein eigen diskusjon)
- Dei er basert på søken etter ein fellesnemnar i opphavet til det ofra utstyret.

Dei aller flest tolkingane, og særleg Ilkjær sine, deler dei fleste av desse fellestreka. Ei meinung som ikkje er nemnd ifølgje Jensen (2017: 78), er det at ofringane kan vere resultat av eitt slag. Illerup A er utan tvil resultatet av ein ofringsseremoni, noko arkeologien har vist og

som ingen har argumentert mot (jf .Kapittel 3.1). Kva skjedde før ofringa i Illerupdalen, og kunne det ha funne stad meir enn eit slag, spør forfattaren. Samansetningsmønsteret frå Illerup A viser at det meste av våpenutstyret er av ein supraregional karakter, men Ilkjær har på bakgrunn av delar av det personlege utstyret, plassert den invaderande hæren til den skandinaviske halvøya, delar av dagens Noreg og Sverige. Basisen for dette er fyrtøy, materialet kammane er laga av samt sjølve forma på særleg ein distinkt kam frå Tryti, som er nesten identisk med ein funne i Illerup Ådal. (Ilkjær, 2000: 59-61; 70-72) (jf. Fuglevik, 2017 for ei alternativ tolkingsramme; Kapittel 3.3.1). Ilkjær meiner difor at ei eller fleire lokale grupper frå den skandinaviske halvøy (delar av dagens Noreg og Sverige) har utført åtak mot dei danske områda kring 200 e.Kr., medan Andrén og Jørgensen (jf. førre avsnitt), forsøkte å snu om på denne tolkinga, og fremma teorien om at grupper frå dagens Danmark gjekk til åtak mot område i dagens Noreg.

Jørgensen (2017: 78) legg til at moderne forsking presenterer ei tilleggsutfordring når det kjem til allereie etablerte tolkingar. Forfattaren bygg på forskinga til Rau (2010: 423), som blant anna diskuterer råmaterialet som kammane frå Illerup er laga av (elg), men samtidige kammar frå norske graver er for det meste laga av reinsdyr. Dette er eit interessant element i ei av mange gåter med opphav i funnet frå Illerup Ådal, og Jørgensen (*ibid.*) understrekar behovet for grundigare analyse av kammane og dei tilhøyrande og tilknytte råmateriala. Eit anna aspekt som kan ytterlegare forstyrre Ilkjær sin norske forbinding, er at fleire av småfunna frå Illerup A ikkje passar i ein skandinavisk kontekst, men heller i retning av ein nordeuropeisk kontekst. Alexander Bursche (2011: 14; 70) meiner til dømes at dei romerske myntane har kome frå sør via Przeworsk-området, medan etterlikninga av dei romerske myntane er vanlege på Gotland. Jarngspennene har sterk tilhørysle til dei nordlege delane av Tyskland og Fyn, ifølgje Schulte (2006: 61). Jørgensen (*ibid.*, 78-79) påpeiker at dette biletet kan tolkast på same vis når det kjem til Vimose, nemleg som bevis på militæralliansar frå eit større område med innslag av leigesoldatar frå delar av Nord- og Sentral-Europa.

Om vi så returnerer til Jensen sitt spørsmål om det var eitt slag, oppstår det brått fleire moglegheiter. Kva om biletet frå Illerup Ådal er eit resultat av plyndringstokt utført av mindre krigsbandar? Kanskje har mindre grupper av allierte frå dei austlege delane av Jylland nytta ein eller fleire somrar til å segle rundt om i Østersjøen og plyndre busetnadar og plyndra gravstadar. I eit eller fleire område, som blant anna i Noreg eller dei nordlege delane av Tyskland eller Polen, kan alliansane ha møtt sterkare motstand enn vanleg, men til inga nytte: Åtakarane var betre organiserte og dyktige i kamp, som til slutt har resultert i at dei små

gruppene returnerte sigrande til sine heimtrakter, og ofra byttet deira i vatnet i Illerup Ådal, truleg i samband med ein storstått seremoni. Jensen (2017: 79-80) hevdar eit slikt scenario gjev den same funndistribusjonen som allianseteorien med ein stor hær involvert, som andre tolkingar også vil. Forfattaren understrekar at målet ikkje er å forkaste alle tidlegare tolkingar, og at Ilkjær og Andrén og Jørgensen ikkje har teke feil: “Every interpretation is totally consistent with its basic assumption. It is only the basic assumption that differ.” (ibid., 80). Ved å rette søkelyset mot fellesnemninga, ender vi opp med eit avgrensa utval tolkingar. Om vi på den andre sida utfordrar dei grunnleggande føresetnadane, får vi enormt mange og forvirrande nye moglegheiter. Sjølv om denne metoden er utfordrande og noko kaotisk, kan den føre til ei heil rekke nye tolkingsmoglegheiter.

Alle dei nemnde tolkingane presenterer forskjellelege syn på moglege kontaktflater i løpet av 100-500 e.Kr., samt identiteten til soldatane og krigarane i hærane. Jensen (2017: 80) legg vekt på at premissa er mange, men det å diskutere dei er vitalt for vidare forsking og ytterlegare forståing, samt at det blir viktigare og viktigare å kjenne igjen og legge fram dei grunnleggande føresetnadane vi gjer når vi tolkar det tilgjengelege materialet. I tillegg må ein anerkjenne at måten eller måtane vi artikulerer materialet på, korleis vi diskuterer det, orda vi vel å bruke og måten vi tenkjer på, er med på forme prosessen, utfallet og dei eventuelle tolkingane vi kjem fram til (sjå også Seland, 2018: 158-162; Ødegård, 2000: 170), noko også Fuglevik (2007) legg stor vekt på. Trass utfordringane og kva tolking(ar) ein vel å sette si lit til, veks eit meir omfattande bilet av eit militarisert Nord-Europa og Skandinavia fram i samband med Illerup Ådal og andre tilsvarande myrfunn. Militært utstyr og våpen må ha fått ei sentral rolle i samfunnet og vart vist offentleg som teikn på identitet, militær slagkraft og styrke. Denne visualiseringa av styrke og makt var truleg veva tett saman med dei fleste aspekt av samfunnet, truleg i varierande grad, noko som er synleg i forskjellege samfunn i Jylland (sjå Holst, 2014). Eit sentralt spørsmål for vidare og framtidig forsking er det å sjå dette i ein større samanheng, som inkluderer andre måtar å synleggjere makt, og Jensen (ibid., 80) understrekar verdien av det å utfordre andre grunnleggande meininger eller føresetnadar vi kanskje ikkje er klar over.

Arkeolog Lotte Hedeager og historikar Henrik Tvarnø (2001: 85) omtalar og diskuterer myrfunn i sitt verk, deriblant dei store krigsbytteofringane frå Illerup Ådal, og at dei store offerfunna deler fleire likskapstrekk; blant anna at det er funne titusenvis av våpen og anna utrustning, og at dette er ofra til gudar i heilage myrer etter kampar og slag. Forfattarane inkluderer Orosius (*Hist. 5.16.5-7*), som tidlegare nemnd (Kapittel 3.2.1) skildra kva som

skjedde i etterkant av eit romersk nederlag mot kimbrarane og teutonarane på 100-talet f.Kr., men det understrekast at Orosius levde og skreiv meir enn 500 år seinare og at det dermed er langt frå å vere ei augevitneskildring. På den andre sida forsvarar forfattarane til ei viss grad dei skildra herjingane, då “Orosius bygde sin dramatiske beretning på kjennskapet til en rekke romerske forfattare som hadde beskrevet germanernes krigføring.” (ibid.). Cæsar skildrar også ei liknande hending i Gallerkrigen (*Cae. Gall.* 6), og Tacitus er også nemnd som forløpar til Orosius. Det som er den store forskjellen her er sjølvsagt at krigsbytteofringar er nemnd kort hjå Cæsar og Tacitus, medan av Orosius får ein meir detaljar, og skildringane står nesten fram som sjølvsagte i ljós av dei store krigsbytteofringane funne i dagens Danmark. Her får ein eit bilet av store hærar som støytar saman på slagmarka og alt dette må ha innebore: skip, hestar, reiskap, personleg utstyr, våpen og mindre personlege gjenstandar.

Ein generell og overordna gjennomgang av kva som er funne i danske myrer, kombinert med ein kort og konsis diskusjon av dei få antikke kjeldene som nemner denne typen ofringar, legg Hedeager og Tvarnø (2001: 85) fram si tolking, då dei meiner at

“Her får vi plutselig med ett slag et enestående innblikk i germanernes militære utrustning i hærer på mange hundre mann med spesialisert våpenbruk og ledere til hest. Dens slagkraft var avhengig av taktikk og strategi, av samspillet mellom de forskjellige våpengrenene: fotfolk og ryttere, nærvåpen og fjernvåpen med forskjellig rekkevidde. Det var en hær som forutsatte både en rangorden og et kommandohierarki som tilsvarer Tacitus’ beskrivelser. De hærene som tørnet saman i uhyre blodige slag på Fyn og langs den jyske østkysten var germanske, men de var oppbygd, utrustet og organisert etter romersk forbilde. ...”

Eg har tidlegare nemnd at mange av våpena frå Illerup Ådal er romersk-produserte, og den personlege utrustninga deler også mange likskapstrekk, samt den hierarkiske *lagdelinga* (stratifisering) som er eit gjennomgåande tema i fleire forskingsverk og i denne oppgåva. Hedeager og Tvarnø (2001: 86) legg fram at våpenfunna stammar frå ei tid då germansk press mot den romerske riksgrensa vart intensivert og at bruken av germanske leigesoldatar var utbreidd. Fleire element, inkludert dei overlegne romerske våpena, vart nytta i kamper mot romarane, men også i lokale og regionale konflikter, “som våpenofferfunnene i kimbrernes gamle land, Jylland, så overbevisende har illustrert.” (ibid.). Teikna på samfunnsendringar er tydelege.

Medan Jensen er meir nøytral i sin omfattande diskusjon av Illerup A og dei forskjellelege tolkingane, gir Hedeager og Tvarnø inntrykk av å helle meir i retning den etablerte tolkinga

utarbeidd og lagt fram av Ilkjær. Professor Eivind Seland (2018: 158-162) legg fram si tolking, basert på tidlegare forsking (blant anna Ilkjær, 2000), litterære kjelder og funnmaterialet; då med særleg vekt på dei forskjelle kategoriane skjold (edelmetall og skjoldbuler) (som nemnd, Kapittel 3.1). Eit viktig aspekt som også er mykje diskutert er det mogleg opphavet til den invaderande hærstyrken frå Illerup Ådal. Seland (ibid., 160) trekk fram konstruksjonen av to spesielle kammar frå Illerupfunnet, som elles berre er kjend frå Tryti i Vik i Sogn, og at dette kan vere ein indikator på at ein del av krigarskaren potensielt kan ha kome frå Noreg. Ilkjær (2000) meiner at den invaderande hærstyrken har kome frå nord, men som Seland (ibid.) påpeiker er det også fullt mogleg at ein større eller mindre del av hæren har kome frå sør, etter å ha gjort teneste i den romerske hæren som hjelptroppar (*auxiliae*), noko også fleire meiner er ei moglegheit, som vist i dette og det førre delkapittelet.

Oppsummering

Fuglevik er den som heller i ei anna retning, då han meiner at grunnlaget for inndelinga av Illeruphæren i forskjelle hierarkiske lag er for svakt, då det er bygd på analogiar til romersk litterære kjelder som kan gje eit feil bilet av styrker frå Nord-Europa (*sirkelslutningar*, ifølgje forfattaren). I tillegg stiller han spørsmål til hæren provinans, og argumenterer for at det etablerte tolkingsgrunnlaget, særleg for nord-skandinavisk opphav, er for svakt då den etablerte tolkinga ikkje er reflektert i norske gravfunn og det arkeologiske materialet. Fuglevik (2007: 233-34), meiner auxiliateorien gjev meir mening i samband med funnmaterialet frå Illerup A, og stiller seg dermed på den andre sida av skalaen, “motsett” dei fleste av dei andre forfattarane. Eg er med på det Fuglevik legg fram, særleg vektlegginga av leigesoldatar, men samstundes heller eg meir mot den etablerte tolkinga av både lagdeling og mogleg opphav, då eg meiner materialet gjev eit klart bilet av den hierarkiske inndelinga diskutert av både Ilkjær, Carnap-Bornheim, Jensen, Seland og Hedeager og Tvarnø, samt at den invaderande styrka kan ha teke inspirasjon, anten direkte eller indirekte, frå inndelinga i den romerske hæren, noko som også er reflektert i verka til Tacitus og Ammianus Marcellinus.

Det er også rimeleg å gå ut frå at Illeruphæren har hatt innslag av krigarar frå den skandinaviske halvøy, basert på det personlege utstyret, men det er også grunn til å tru at der har vore innslag frå Sentral-Europa, som igjen stemmer overeins med auxiliateorien, og truleg delar av det arkeologiske materialet. Det er tydeleg at det skjedde djuptgåande forandringar i dei nord-europeiske samfunna i hundreåra e.Kr., og på mange måtar har romarane og Romarriket i sør truleg fungert som ein katalysator for mange av desse endringane. Endå ein gong er det svært viktig å påpeike at målet ikkje er å kaste andre sine tolkingar ut vindauget

eller å hevde at dei er feil, då dei ikkje er det: Ein skal vere klar over at dei individuelle tolkingane er i samsvar med dei grunnleggande føresetnadane, som Jensen (2017: 80) understrekar. Ifølgje Hedeager (2001: 41) så makta ikkje “Romerne … å forstå betydningen av forandringer blant germanerne”, og sjølv om meiningane, teoriane og tolkingane er mange og ulike, er det klart og tydeleg at det aukande omfanget og kraftige hyppigheita til krigsbytteofringar i Nord-Europa frå 100/200-talet e.Kr. er indikasjonar på samfunn i endring.

Konklusjon

Eg har i denne oppgåva teke føre meg tre overordna aspekt: I. Dei romerske etnografiske kjeldene, II. Teutoburgerskogen og III. Illerup Ådal. Desse to casane har ikkje vore sett opp side om side i ei samanlikningsundersøking tidlegare. Den eine består i hovudsak av tekstar utarbeidd av ei litterær elite i Roma, og mykje av poenget med desse tekstane er at forfattarane skal ha kunne vist sin eigen fortreffelegskap og sine kunnskapar, både retoriske og historiske. Slaget i Teutoburgerskogen vart eit av dei mest berømte og alvorlege romerske nederlaga, og på den andre sida har vi våpenofferfunna i Illerup Ådal; ei hending som mest sannsynleg var alvorleg for dei involverte men som vi aldri hadde visst om hadde det ikkje vore for dette myrfunnet. Det var truleg ei høgtideleg hending for dei involverte og dei på den vinnande sida, men det skjedde i periferien av det kjende romerske verdsbiletet, noko som truleg er mykje av årsaka til at ingen litterære kjelder (som har overlevd) skildrar verken hendinga eller denne typen ofringar i større grad (Orosius er sjølv sagt det einaste kjende unntaket, i tillegg til Cæsar og til dels Tacitus).

Det er ikkje lette å lese samfunnsforhold, og i alle fall endringar i dei, ut frå det materialet frå casestudiane eg har nytta, då dei er såpass forskjellege. Men eg vil påstå at eg har vist til endringar i det germanske samfunnet i tidsrommet 0-200 e.Kr. Eg kan ikkje, og skal heller ikkje, trekke ei rett linje mellom Teutoburgerskogen i 9 e.Kr. og funna frå Illerup Ådal frå byrjinga av 200-talet e.Kr., men ein implikasjon ein kan trekke ut frå desse to casestudiane er det faktum at Germania endra seg i det tidsrommet. Arkeologien har i mitt tilfelle fungert som eit vindauge inn i fortida, som er uavhengig av biletet måla av dei romerske etnografiske kjeldene. Mykje av den tidlegare forskinga har fokusert på utviklingane som gjekk føre seg på 300- og 400-talet.

Eg har forsøkt å vise at kimen til utviklingane faktisk kan sporast mykje lenger attende – særleg ved hjelp av arkeologien – og i kontekst av denne oppgåva då i form av dei to casestudiane. Eg vil særleg legge vekt på tre ting. Det første er krig. Utviklingstendensen mot større hærar, med meir standardisert utstyr og ei hierarkisk inndeling er tydeleg. Malcolm Todd (2004: 53) hevdar at Markomannerkrigane på slutten av 100-talet varsla dei komande hundreåra med barbarinvasjonar, og Markomannerkrigane kan sjåast på som eit ledd i denne utviklinga: Trådane kan trekkast til slaget i Teutoburgerskogen og våpenofferfunna frå Illerup Ådal – parallellear er tydelege, noko som er synleg på Severus si triumfboge og Marcus Aurelius

si søyle i Roma (jf. s. 78-9). Av arkeologien, litterære kjelder og reliefa på dei romerske monumenta ser ein at germanarane opptrer i større hærar med hierarki og standardisert utstyr.

Dette speglar også ei politisk utvikling, som bringer oss over til mitt andre poeng, som er teikn på større og meir permanente politiske konføderasjonar. I døma med slaget i Teutoburgerskogen, Markomannerkrigane og våpenofferfunna fra Illerup Ådal opptrer germanarane samla, men forbunda fell saman i ettertid då dei er skapt for det eine føremålet – dette gjeld særleg slaget i Teutoburgerskogen, då Cheruski-stammen etterkvart vart oppløyst og forsvann med det ut av det historiske sokeljoset. På 200-talet hadde ein kome eit godt stykke på veg mot dei større fôderasjonane og forbunda som kom til å prege 300- og 400-talet og folkevandringstida. Dei romerske litterære kjeldene som omtalar germanarane gjev inntrykk av eit noko stilleståande samfunn, utan evne til å tilpasse eller endre seg, medan det arkeologiske materialet gjev oss innblikk i eit dynamisk samfunn i endring, der mange germanske stammar konstruerte identitet og samfunn gjennom komplekse kombinasjonar av element frå deira eigne tradisjonar med element og praksisar frå Roma. Biletet som er måla av dei romerske kjeldene får seg dermed ein knekk i møtet med arkeologien, då det arkeologiske materialet viser eit mykje meir tilpassingsdyktig samfunn enn kjeldene gjev inntrykk av, som forandra seg stort i tida frå 0 til 200 e.Kr. og den etterfølgjande perioden.

Det er tydeleg at Roma fungerte som ein katalysator for endringar i Nord-Europa, dette kjem fram av casestudiane. Slaget i Teutoburgerskogen har vore ei mykje omdiskutert hending, og på den eine sida førte den faktisk til at grensa mot nord vart så å seie fastsett, samt at romersk ekspansjon i den retninga stoppa opp. På den andre sida kan det ikkje hevdast at Arminius og hans konføderasjon av germanske stammar var den eine store hendinga som førte til ei spontan, brå utvikling av det germanske samfunnet. Dei kringliggande stammene nytte godt av krigsbyttet i etterkant av bakhaldet, som er reflektert i det arkeologiske materialet, men det kan ikkje seiast å ha endra heile det omfattande, mangfoldige germanske samfunnet. Den ideologiske betydinga av sigeren derimot, må ha vore kraftig i etterkant og hendinga har vore nytta og utnytta som eit praktdøme på motstandsdyktigheit mange gongar sidan antikken, og særleg på 1800-talet i samband med nasjonalismens framvekst. Ei tydelege endring i etterkant av slaget var det at element av den romerske hæren, med visse modifikasjonar, kunne overførast til aktørar frå dei germanske stammesamfunna, som godt kan ha akselerert endringane som allereie då sakte men sikkert hadde fått grobotn, då mange germanske stammar var oppmerksame på romarane i sør, mykje grunna erobringane til Julius Cæsar og romersk frammarsj i Europa.

Dei mangfaldige funna frå Illerup Ådal er eit eksepsjonelt vindauge inn i fortida, og gjev inntrykk av eit veksande, brutalt krigarsamfunn, der sosiale, militære og politiske sfærar truleg må ha vore knytt tett opp mot kvarandre. Større mengder sverd, våpen og materiale i myrar og våtmarker i dagens Danmark og kringliggende område frå 200-talet av kan vitne om store politiske, sosiale og militære endringar. Fleire av våpena er romersk-produiserte og det kan sjå ut som om inndelinga av hæren er gjort etter romersk mønster, ein inspirasjonskjelde som truleg også var mønster for Arminius og den germanske konføderasjonen i slaget i Teutoburgerskogen. Alt dette er med på å forsterke inntrykket av effekten Roma hadde på dei nord-europeiske stammesamfunna, anten direkte eller indirekte. I tillegg er det også, som nemnd, føreslått av mange at sjølve offerhandlingane er kopiert etter romerske sigersmarsjar og triumftog. Av diskusjonen er det også tydeleg at teoriane og meiningsane er mange og forskjellege når det kjem til fleire aspekt av jarnalderhæren (eller hærane), då krigarane sin proveniens er eit sentralt og mykje diskutert aspekt. Fleire tolkingar er fremma, og det er viktig å sjå alle individuelle tolkingar i samsvar med dei grunnleggande føresetnadane – men det understrekast at meir forsking og diskusjon kring emnet er nødvendig.

Avslutningsvis er det tredje poenget mitt at Romarriket var eit orienteringspunkt, som i kontekst av denne oppgåva i stor grad handlar om krig og politikk. Både delar er uttrykk for at Roma etterkvart vart eit orienteringspunkt for germanarane: Dei vart inspirerte av fleire aspekt av det romerske samfunnet og den romerske hæren, men dei gjorde også motstand, dermed vart det både kopiert men også teke avstand frå. Etterkvart vert fleire aspekt, som blant anna leigesoldatar, handel og plyndring enda viktigare faktorar (særleg frå slutten av 200-talet e.Kr. og i seinantikken, sjå blant anna Hedeager og Tvarnø, 2001: 78-9; Larsen, 2007: 95) – men det er utanfor omfanget til denne oppgåva. Dermed meiner eg – sett i eit langt historisk perspektiv – at det var Romarriket som fungerte som eit orienteringspunkt for dei germanske stammene i tidsrommet 0-200 e.Kr. Eit sentralt spørsmål for vidare og framtidig forsking er det å sjå dette – og heile den romerske jarnalderen – i ein større samanheng, samt å utfordre grunnleggande meininger eller føresetnadar vi kanskje ikkje er klar over.

Utviklinga diskutert i denne teksten peiker fram mot offerfunnet frå Jelling i Danmark (jf. s. 1). Såleis er det liten tvil om at dei som levde i det sørlege Danmark må ha visst utmerka godt kva Romarriket var for noko, og at det gjekk føre seg nærbondskap i meir enn 500 år. Dette er fascinerande då Jylland ikkje låg særleg strategisk til med tanke på kontakt gjennom elvane i Europa, men likevel nær nok til å ta del i dei utviklingane som skjedde som følgje av kontakt med Romarriket. Nokre trekk tyder også på ein samfunnsmessig kontinuitet, då blant anna

myrfunna – som vist gjennom oppgåva – var eit element som gjekk føre seg i tida før den romerske jarnalderen, men då i mykje mindre grad enn tida etter 200 e.Kr. Diskusjonen i oppgåva mi har vist at samfunna også i betydeleg grad endra seg, og eit konkluderande poeng er – som nemnd – at det er kraftige indikasjonar på at Romarriket fungerte som ein til tider ufrivillig og intetanande pådrivar for endring i dei nord-europeiske og sør-skandinaviske samfunna.

Bibliografi

Primærkjelder

Ammianus, Marcellinus, *History: Vol. I (Rerum gestarum)*. Omsett av J. C. Rolfe. London: William Heinemann Ltd, 1985.

Augustus, *Den guddommelige Augustus' bragder. I Keiser Augustus: Den guddommelige Augustus' bragder*. Omsett av Hilde Brendeford Andreassen. Oslo: Gyldendal, 2020.

Caesar, Julius. *The Gallic Wars*. Omsett av McDevitte W. A. og Bohn. W. S. Milton Keynes. UK: Merchant Books, 2012.

Cicero, Marcus Tullius. *De Oratore I-III (Om talekunst)*. Omsetjing og etterord ved Hermund Slaattelid. Oslo: Aschehoug, 2012.

Dio, Cassius, *Dio's Roman History: in nine volumes: I*. Translated by Earnest Cary, on the basis of the version of Herbert Baldwin Foster. Cambridge: Harvard University Press, 1914.

Dio, Cassius, *Dio's Roman History: in nine volumes: VI*. Translated by Earnest Cary, on the basis of the version of Herbert Baldwin Foster. Cambridge: Harvard University Press, 1917.

Dio, Cassius, *Dio's Roman History: in nine volumes: VII*: Translated by Earnest Cary, on the basis of the version of Herbert Baldwin Foster. Cambridge: Harvard University Press, 1917.

Dio, Cassius, *The Roman History: The Reign of Augustus*. Omsett av Ian Scott-Kilvert, med ein introduksjon av John Carter. England: Penguin Books, 1987.

Florus, Lucius Annaeus. *Epitome of Roman History*. Omsett av Edward Seymour Forster. I *Epitome of Roman history; Cornelius Nepos. With an English translation by Edward Seymour Forster*, M. A. United Kingdom: The Loeb Classical Library, Harvard University Press, 1929.

Jordanes. *Getica. The Origin and Deeds of the Goths*. Translated by Charles C. Mierow. Calgary:
Fyrnlore Bookmearsing, 2019.

Manilius, Marcus. *Astronomica*. Omsett av G. P. Goold. Cambridge: Harvard University press, 1977.

Maro, Publius Vergilius. *Georgica*. Omsett av Egil Kraggerud. Oslo: Solum Forlag, 1994.

Maro, Publius Vergilius. *The Aeneid*. Lerner Publishing Group. Minneapolis: First Avenue Editions,
2015.

Naso, Publius Ovidius. *Ovids bitterligheder: Tristia*. På dansk af Otto Steen Due. København:
Gyldendal. 2008.

Orosius, Paulus. *Historiae adversum Paganos*. I *Orosius, Seven Books on History against the Pagans*.
Translated by Andrew T. Fear. United Kingdom: Liverpool University Press, 2010.

Plinius Secundus, G. *Natural history: in ten volumes: 10: Libri XXXVI-XXXVII*. With an English
translation by D. E. Eichholz.. Cambridge: Harvard University Press, 1962.

Pollio, Marcus Vitruvius. *On Architecture*. Translated by Richard Schofield, with an Introduction by
Robert Tavernor. London: Penguin Books, 2009.

Paterculus, Velleius. *Compendium of Roman History*. With an English translation by Frederick W.
Shipley. Cambridge: Harvard University Press, 1992.

Paterculus, Velleius. *Historia Romana*. I *Velleius Paterculus: En kortfattet romersk verdenshistorie*.
Omsett av Sebastian Persson og Thomas Eske Rasmussen, Med indledning og efterord ved
oversætterne. København: Museum Tusculanums Forlag, 2010.

Strabon, *The Geography of Strabon*. An English Translation, with Introduction and Notes: Duane W.
Roller. Cambridge: Cambridge University Press, 2014.

Suetonius, Tranquillus, Gaius. *The Twelve Caesars*. Translated by Robert Graves: Revised with an
Introduction and Notes by J. B. Rives. England: Penguin Classics, 2007.

Tacitus, Gaius Cornelius. *Annals*. I *Annals and Histories*. Translated Alfred John Church og William
Jackson Brodribb, introduction by Robin Lane Fox. United States: Everyman's Library, 2009.

Sekundærlitteratur

- Addis, F. (2018) *Rome: Eternal City*. UK: Head of Zeus Ltd.
- Albrethsen, S. E. (1997) Logistical problems in Iron Age warfare, i Clausen, B. L. og Nørgård Jørgensen, A. (red.) *Military Aspects of Scandinavian Society in a European Perspective AD I-300*. Studies in Archaeology and History 2. København: PNM.
- Alföldy, G. (1968) *Die Hilfstruppen der römischen Provinz Germania Inferior*. Epigraphische Studien 6. Düsseldorf: Rheinland-Verlag.
- Andreassen, H. B. (2020) *Keiser Augustus: Den guddommelige Augustus' bragder*. Oslo: Gyldendal.
- Appadurai, A. (red.) (1988) *The Social Life of Things: Commodities in a Cultural Perspective*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Bursche, A. (2011) Illerup Ådal. Die Münzen. *Jysk Arkæologisk Selskabs Skrifter 25 (13)*. Højbjerg: Jysk Arkæologiske Selskab.
- Carnap-Bornheim, S. V. og Ilkjær, J. (1996) *Illerup Ådal 5. Die Prachtausrüstungen: Textband*. Aarhus: Aarhus University Press.
- Carter, J. (1987) *Cassius Dio The Roman History: The Reign of Augustus*. Translated by Ian Scott-Kilvert, With an introduction by John Carter. England: Penguin Books.
- Cary, E. og Forster, H. B. (1914) *Dio's Roman History: in nine volumes*: 1. Cambridge: Harvard University Press.
- Cary, E. og Forster, H. B. (1917) *Dio's Roman History: in nine volumes*: 6. Cambridge: Harvard University Press.
- Cary, E. og Forster, H. B. (1924) *Dio's Roman History: in nine volumes*: 7. Cambridge, Harvard University Press.
- Cary, M. og Warmington, E. H. (1929) *The Ancient Explorers*. London: Methuen & Co.
- Church, A. J. og Brodribb, W. J. (2009) *Tacitus: Annals and Histories*. United States: Everyman's Library.
- Clunn, T. (2013) *The Quest for the Lost Roman Legions; Discovering the Varus Battlefield*. The United States of America: Savas Beatie.
- Cunliffe, B. (2003) *The Extraordinary Voyage of Pytheas the Greek*. USA: Penguin Books.
- Demandt, A. (1984) *Der Fall Roms: Die Auflösung des römischen Reiches im Urteil der Nachwelt*. Beck: München.
- Eggers, H. J. (1951) *Der römische Import im greien Germanien: Text 1*. Hamburg: Hamburgisches Museum für Völkerkunde und Vorgeschichte.

- Engelhardt, C. (1869) *Vimose fundet. Fynske Mosefund nr. II.* København: G.E.C Gad.
- Fear, A. T. (2010) *Orosius, Seven Book of History against the Pagans, Translated with an introduction and notes by A. T. Fear.* United Kingdom: Liverpool University Press.
- Forster, E. S. (1929) *Epitome of Roman history: Cornelius Nepos.* Cambridge: Harvard University Press.
- Fosse, F. (2008) *Frå Brikke til Spiller: Forholdet mellom gotere og romere i perioden 376 e.Kr. - 410 e.Kr. sett i lys av langvarige endringer av romersk barbarpolitikk og germansk stammestruktur.* Masteroppgåve. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Fricker, L. (2017) *The Culture of Memory an the Role of Archaeology: A Case Study of the Battle of the Teutoburg Forest and the Kalkriese Archaeological Site.* Avhandling. University of Michigan. Tilgjengeleg frå:
<https://deepblue.lib.umich.edu/bitstream/handle/2027.42/139626/laufrick.pdf?sequence=1>
[Lest 01/03/2021].
- Fuglevik, L. M. (2007). "Krigsbytteofringen Illerup A – en alternativ tolkningsramme", i *Förnvänner* 104, nr. 4, s. 225-237.
- Gibbon, E. (1999) *The Decline and Fall of The Roman Empire.* Herts: Wordsworth Editions Ltd.
- Giles, M. (2020) *Bog Bodies: face to face with the past.* Manchester: Manchester University Press.
- Goffart, W. (2006) *Barbarian Tides: The migration age and the Later Roman Empire.* Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Grane, T. (2003) Roman Sources for the geography and ethnography of Germania, i Jørgensen, L., Storgaard, B. og Thomsen, L. G. (red.) *The Spoils of Victory. The North in the Shadow of the Roman Empire.* København: Nationalmuseet, s. 126-147.
- Grane, T. (2007) Did the Romans really know (or care) about southern Scandinavia? An Archaeological Perspective. *Beyond the Roman Frontier: Roman Influences on the Northern Barbaricum. Analecta Romana Instituti Danici Supplementum XXXIX*, s. 7-30.
- Grane, T. (2016) Some remarks from the northern Barbaricum on Roman finds and their significance, i Voß, H.-U. et al. (red.) *Archäologie zwischen Römern und Barbaren: zur Datierung und Verbreitung römischer Metallarbeiten des 2. und 3. Jahrhunderts n. Chr. im Reich und im Barbaricum ausgewählte Beispiele (Gefäße, Fibeln, Bestandteile militärischer Ausrüstung, Kleingerät, Münzen): internationale Kolloquium, Frankfurt am Main, 19.-22. März 2009.* Bonn: Habelt, R., s. 977-988.
- Grane, T. (2017) Modern Perceptions of Roman-Scandinavian Relations: Research History and Interpretations, i Sánchez, S. G. og Guglielmi, A. (red.). *Romans and Barbarians beyond the*

frontiers: Archaeology, ideology and identities in the north. United Kingdom : Oxbow Books, s. 83-104.

Halsall, G. (2007) *Barbarian Migrations and the Roman West, 376-568*. Cambridge: Cambridge University Press.

Hansen, L. (2003) 150 years of weapon-offering finds – research and interpretations, i Jørgensen, L., Storgaard, B. og Thomsen, L.G. (red.) *The Spoils of Victory. The North in the Shadow of the Roman Empire*. København: Nationalmuseet, s. 84-90.

Heather, P. (2006) *The Fall of the Roman Empire: A New History of Rome and the Barbarians*. New York: Oxford University Press.

Heather, P. (2009) *Empires and Barbarians: The Fall of Rome and the Birth of Europe*. Oxford: Oxford University Press.

Hedeager, L. og Tvarnø, H. (2001) *Tusen års Europahistorie: romere, germanere og nordboere*. Oslo: Pax Forlag.

Hedeager, L. (2002) Danernes land. Frå c. 200 f.Kr. Til ca. 700 e.Kr, i Olsen, O. (red.) *Gyldendal og Politikens Danmarkshistorie, bind 2*. København: Gyldendal.

Hingley, R. (2005) *Globalizing Roman Culture: Unity, Diversity and Empire*. London: Routledge.

Holst, M. K. (2014) Warrior aristocracy and village community. Two fundamental forms of social organisation in the Late Iron Age and Viking Age, i Stridsing, E. Høilund Nielsen og Fiedel, R. (red.) *Wealth and Complexity. Economically Specialised Sites in Late Iron Age Denmark*. East Jutland Museum Publications 1. Aarhus: Aarhus University Press, s. 179-197.

Iddeng, J. W. (2000) *Ad Fontes: Antikkvitenskap, kildebehandling og metode* (red.). Oslo: Norsk Klassisk Forbund.

Ilkjær, J. (1990) Illerup Ådal. *Die Lanzen und Speere*. Jysk Arkæologiske Selskabs Skrifter 25 (1-2). Højbjerg: Jysk Arkæologiske Selskab.

Ilkjær, J. (2000) *Den Første Norgeshistorien – Illerupfunnet: Ny innsikt i skandinavisk romertid, med forord og etterskrift av Terje Gansum*. Tønsberg: Kulturhistorisk Forlag.

Ilkjær, J. (2003) Danish war booty sacrifices, i Jørgensen, L., Storgaard, B. og Thomsen, L. G. (red.) *The Spoils of Victory. The North in the Shadow of the Roman Empire*. København: Nationalmuseet, s. 44-66.

James, S. og Krmenicek, S. (2020) *The Oxford Handbook of the Archaeology of Roman Germany*. United Kingdom: Oxford University Press.

Janson, T. (2017) *Germanerne: Mytene, historien, språket*. Oslo: Pax Forlag A/S.

- Jenkins, F. W. (2017) *Ammianus Marcellinus: an annotated bibliography, 1474 to the present.* Leiden: Brill.
- Jensen, X.P. (2003) The Vimose find, i Jørgensen, L., Storgaard, B. og Thomsen, L. G. (red.) *The Spoils of Victory. The North in the Shadow of the Roman Empire.* København: Nationalmuseet, s. 224-240.
- Jensen, X. P., Jørgensen, L. og Hansen, U. L. (2003) The Germanic Army – Warriors, soldiers and officers, i Jørgensen, L., Storgaard, B. og Thomsen, L. G. (red.) *The Spoils of Victory. The North in the Shadow of the Roman Empire.* København: Nationalmuseet, s. 310-330.
- Jensen, X. P. (2009) From fertility rituals to weapon sacrifices. The case of the South Scandinavian bog finds, i Von Freeden, U., Friesinger, H. og Wamers, E. (red.). *Glaube, kult und Herrschaft. Phänomene des Religiösen im 1. Jahrtausend. n. Chr. In mittel- und Nordeuropa.* Kolloquien für Vor-und Frühgeschichte 12. Bonn: Habelt, s. 53-64.
- Jensen, X. P. (2017) A World of Warcraft: Warrior Identities in Roman Iron Age Scandinavia, i Sánchez, S. G. og Guglielmi, A. (red). *Romans and Barbarians beyond the frontiers: Archaeology, ideology and identities in the north.* United Kingdom: Oxbow Books, s. 70-82.
- Jensen, X. P. Og Kveiborg, J. (2021) Bridles and Bones: Early Cavalry in Southern Scandinavia, i Maguire, R. og Ropa, A. (red.) *Rewriting Equestrian History*, Volume 3. Budapest: Trivent Publishing, s. 201-235.
- Jørgensen, L. (2001) The ‘warriors, soldiers and conscripts’ of the anthropology in Late Roman and Migration Period Archaeology, i Storgaard, B. (red.) *Military Aspects of the Aristocracy in Barbaricum in the Roman and Early Migration Periods.* København: Nationalmuseet, s. 9-19.
- Jørgensen, L., Storgaard, B., og Thomsen, L. G. (2003) The Spoils of Victory. *The North in the Shadow of the Roman Empire.* København: Nationalmuseet.
- Jørgensen, L. (2003) The Spoils of Victory – the North in the Shadow of the Roman Empire, i Jørgensen, L., Storgaard, B. og Thomsen, L. G. (red.) *The Spoils of Victory. The North in the Shadow of the Roman Empire.* København: Nationalmuseet, s. 12-18.
- Kaul, F. (2003) The bog – the gateway to another world, i Jørgensen, L., Storgaard, B. Og Thomsen, L. G. (red.) *The Spoils of Victory. The North in the Shadow of the Roman Empire.* København: Nationalmuseet, s. 18-44.
- Kershaw. S. P. (2019) *Barbarians; Rebellion and Resistance to the Roman Empire.* Great Britain: Robinson.
- Kopytoff, I. (1988) The cultural biography of things: commoditization as process, i Appadurai, A. (red.) *The Social Life of Things: Commodities in a Cultural Perspective.* Cambridge: Cambridge University Press, s. 64-91.

- Kraus, C. S. (2009) *Bellum Gallicum*, i Griffin, M. (red.) *A Companion to Julius Caesar*. Chichester: Wiley Blackwell, s. 159-174.
- Krebs, C. B. (2011) *A most dangerous book: Tacitus's Germania from the Roman Empire to the Third Reich*. New York: W. W. Norton.
- Krogstad, P. (2005) *Germanerne og germanerbegrepet*. Masteroppgåve. Trondheim: NTNU, Institutt for historie og klassiske fag. Tilgjengeleg frå: https://www.academia.edu/2515508/Germanerne_og_Germanerbegrepet [Henta 13/01/2022].
- Larsen, E. (2007) *Møtet mellom germanere og romere; med våpenofrene som "case"*. Hovedfagsoppgave i arkeologi. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Lendering, J. (2003) *Cassius Dio on the Teutoburg Forest*. Tilgjengeleg frå: <https://www.livius.org/sources/content/cassius-dio/cassius-dio-on-the-teutoburg-forest/> [Lest 24/01/2022].
- Lund, A. A. (1978) *Caesar som etnograf*. København: Nordisk Forlag.
- Lund, A. A. (1993) *De etnografiske kilder til nordens tidlige historie*. Århus: Århus Universitetsforlag.
- Lönstrup, J. (1988) Mosefund af hærudstyr frå jernalderen, i Mortensen, P. og Rasmussen, B. M. (red.) *Jernalderens Stammesamfund* (Frå Stamme til Stat i Danmark 1. Jysk Arkæologiske Selskabs Skrifter 22.1). Århus: Jysk Arkæologiske Selskabs Skrifter, s. 93-99.
- Madsen, J. M. og Lange, C. H. (2016) *Cassius Dio: Greek Intellectual and Roman Politician*. Leiden, Boston: Brill.
- McNally, M. og Dennis, P. (2011) *Teutoburg Forest AD 9: The destruction of Varus and his legions*. Oxford: Osprey.
- Melvæ, L. (2010) *Historie: historieskriving frå antikken til i dag*. Oslo: Dreyers Forlag.
- Millar, F. (1964) *A Study of Cassius Dio*. Oxford: Clarendon Press.
- Mostowlansky, T. og Rota, A. (2020) *Emic and etic*. Tilgjengeleg frå: <http://doi.org/10.29164/20emicetic>
- Norden, E. (1922) *Die germanische Urgeschichte in Tacitus Germania*. Berlin: Teubner.
- Östenberg, I. (2017) Defeated by the Forests, the Pass, the Wind: Nature as an Enemy of Rome, i Clark, J. H. og Turner, B. (red.) *Brill's Companion to Military Defeat in Ancient Mediterranean Society*. Boston: BRILL, s. 240-261.
- Persson, S. og Rasmussen, T. E. (2010) *Velleius Paterculus: En kortfattet romersk verdenshistorie*. København: Museum Tusculanums Forlag.

- Pitcher, L. (2018) Cassius Dio, i Temmerman, K. D. og Boas, E. V. E. (red.) *Characterization in Ancient Greek Literature*. Leiden: Brill, s. 221-235.
- Rankov, B. (1999) The Roman ban on the export of weapons to the Barbaricum: a misunderstanding. *Journal of Roman Military Equipment Studies*, 10: s. 26-55.
- Rasmussen, B. B. (2003) The Soldiers of the Roman Army and the Roman Army, i Jørgensen, L., Storgaard, B. og Thomsen, L. G. (red.) *The Spoils of Victory. The North in the Shadow of the Roman Empire*. København: Nationalmuseet, s. 148-166.
- Rau, A. (2010) Nydam Mose. Die personengebundenen Gegegnstände. Grabungen 1989-1999. Bind 1-2. *Jysk Arkæologiske Selskabs Skrifter* 72. Højbjerg: Jysk Arkæologiske Selskab.
- Rich, J. (1990) *The Augustan Settlement: (Roman history 53-55.9)*. Warminster: Aris & Philips.
- Rives, J. B. (2007) *Suetonius: The Twelve Caesars*. Translated by Robert Graves: Revised with an Introduction and Notes by J. B. Rives. England: Penguin Classics.
- Roller, D. W. (2018) *A Historical and Topographical Guide to the Geography of Strabo*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Romm, J. S. (1992) *The Edges of the Earth in Ancient Thought*. Princeton, New Jersey: Princeton University Press.
- Rosen, K. (1970) *Studien zur Darstellungskunst und Glaubwürdigkeit des Ammianus Marcellinus*. Habelts Dissertationsdrucke. Reihe alte Geschichte Heft 8. Bonn: Rudolf Habelt Verlag.
- Rudich, V. (2006) Navigating the Uncertain: Literature and Censorship in the Early Roman Empire. *Arion: A Journal of Humanities and the Classics*, Third Series, Vol. 14(1), s. 7-28.
- Rundkvist, M. (2006) Ongoing research into war booty sacrifices and princely graves in the Barbaricum: international conference, Schleswig, 15-17 June 2006, *Fornvännen*, 2006 (101):4, s. 284-286.
- Ryymin, T. (2018) Å arbeide med tekstanalyse, i Melve, L. Og Ryymin, T. (red.) *Historikerens arbeidsmåter*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 44-69.
- Røeggen, T. (2021) *Den gode statsmann i romersk politisk tenkning*. Masteroppgåve. Bergen: Universitetet i Bergen. Tilgjengeleg frå: <https://bora.uib.no/bora-xmlui/handle/11250/2761437> [Lest 29/04/2022].
- Schreiner, J. H. (2000) Historieskriving, i Iddeng, J. W. (red.) *Ad Fontes: Antikkvitenskap, kildebehandling og metode*. Oslo: Norsk Klassisk Forbund.
- Schulte, L. (2006) Überlegungen zu den eisernen Fibeln mit hohem Nadelhalter. *Ethnographisch-Archäologische Zeitschrift* 47: s. 57-85.

- Seland, E. H. (2018) Å arbeide med materielle kilder, i Melve, L. og Ryymin, T. (red.) *Historikerens arbeidsmåter*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 148-169.
- Seland, E. H. (2021) *Antikkens globale verden: Asia, Europa og Afrika før islam* 5. utgave. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Sheldon, R. M. (2020) Insurgency in Germany: the slaughter of Varus in the Teutoburger Wald. *Small wars & insurgencies*, 31(5), s.1010–1043.
- Skre, D. (1996) *Herredømmet: bosetting og besittelse på Romerrike 200-1350 e.Kr.* Doktoravhandling. Oslo. Tilgjengeleg frå: <https://www.nb.no/nbsok/nb/6733bc8df43fb474ce4b2986f364c3ff?lang=no#0> [Lest 18/03/2022].
- Stefansson, V. (1942) *Ultima Thule: further mysteries of the Arctic*. London: Georg G. Harrap.
- Storgaard, B. (2003) Cosmopolitan aristocrats, i Jørgensen, L., Storgaard, B. og Thomsen, L. G. (red.) *The Spoils of Victory. The North in the Shadow of the Roman Empire*. København: Nationalmuseet, s. 106-125.
- Syme, R. (1934) “The Northern Frontiers”, *Cambridge Ancient History* 10(1934), s. 340-381.
- Syme, R. (1982) Tacitus: Some Sources of His Information, *The Journal of Roman Studies*, 72(1982), s. 68-81.
- Terrenato, N. (2005) The deceptive archetype. Roman colonialism and post-colonial thought”, i Hurst, H. og Owen, S. (red.) *Ancient Colonizations. Analogy, Similarity and Difference*. London: Duckworth, s. 59-72.
- Todd, M. (2004) *The Early Germans: Second Edition*. Cornwall: Blackwell Publishing.
- Thomas, N. (1991) *Entangled Objects. Exchange, Material Culture, and Colonialism in the Pacific*. London: Harvard University Press.
- Thomas, R. (2009) The Germania as a literary text, i Woodman, A. J. (red.) *The Cambridge companion to Tacitus*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Vejlemuseerne (2021) *Kæmpe guldskat fundet i Vindelev nær Jelling*. Tilgjengeleg frå: <https://www.vejlemuseerne.dk/viden-og-forskning/artikler/kaempe-guldskat-fundet-naer-jelling/> [Lest 16/09/21].
- Vilella, J. (2000) “Biografía crítica de Orosio”, *Jahrbüch für Antike und Christentum* 43, 94-121.
- Wells, P. S. (2001) *The Barbarians Speak: how the conquered peoples shaped Roman Europe*. Princeton and Oxford: Princeton University Press.

- Wells. P. S. (2003) *The Battle that Stopped Rome: Emperor Augustus, Arminius, and the slaughter of the legions in the Teutoburg Forest – 1st ed.* United States of America: W. W. Norton & Company, Inc.
- Wilbers-Rost, S., Großkopf, B. og Rost, A. (2012) The Ancient Battlefield at Kalkriese, *Sickness, Hunger, War, and Religion: Multidisciplinary Perspectives*, No. 3, s. 91-111.
- Woodman, A. J. (2009) *The Cambridge Companion to Tacitus*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Woolf, G. (2014) Romanization 2.0 and its alternatives. *Archaeological dialogues*, 21(1), s. 45-50.
- Young, A. T. (2015) From Caesar to Tacitus: changes in early Germanic governance circa 50BC-50AD. *Public Choice*, september 2015, Vol 164, No. 3/4, Symposium on the 50th Anniversary of Olson's Logic (September 2015), s. 357-378.
- Ødegård, K. (2000) Arkeologiske kilder, utgravninger og landskap, i Iddeng, J. W. (red.). *Ad Fontes: Antikkvitenskap, kildebehandling og metode*. Oslo: Norsk Klassisk Forbund.
- Ørsnes, M. og Ilkjær, J. (1993) Offerfund, i Hvass, S. og Storgaard, B. (red.) *Da Klinder i Muld ... 25 års Arkæologi i Danmark*. København: Det Kongelige Oldskriftselskab, s. 215-22.

Bileteliste

- Skaalr, Twitter (Figur 1) *Oversikt over slagmarka i Teutoburgerskogen*. Henta frå: <https://twitter.com/DigitalMapsAW/status/1506666938927398920?t=bjkr-u2M5fygkA0FwobzSA&s=19> [14/05/2022].
- Maske, Kalkriese (Figur 2) Henta frå: <https://www.archaeologie-online.de/artikel/2009/thema-varusschlacht/schlachtfelder-in-der-archaeologischen-ueberlieferung-die-fallstudie-kalkriese/> [22/11/2021].